



- eit fyrstårn i vest

Årsmelding 2024

Øygarden kommune



Øygarden kommune

Innhald

Innleiing frå kommunedirektøren	3
Viktige hendingar i 2024.....	5
Politisk og administrativ organisering	14
Folketalsutvikling og folkehelse	20
Økonomi	26
Samfunnsdelen til kommuneplanen	42
Klima og miljø.....	43
Oppfølging av politiske saker	49
Verksemdsstyring og internkontroll.....	61
Kommunen som arbeidsgjevar.....	78
Politisk	89
Kommunedirektør	91
Finans og økonomi	93
Organisasjon og samfunnssikkerheit	97
Helse og velferd.....	103
Oppvekst.....	114
Samfunnsutvikling	125

Innleiing frå kommunedirektøren

Samfunnet er i endring. Dei siste åra har vore urolege og uføreseielege med krigar i Ukraina og Midtausten, flyktningkrise og klimaendringar. Øygarden kommune busette 184 flyktningar i 2024.



Kommunedirektør Johnny Breivik

Den urolege tryggleikspolitiske situasjonen i Europa krev at det er nødvendig med auka merksemd på samfunnstryggleik. Med tilsetjing av beredskapssjef i 100 prosent stilling i 2024 er grunnlaget lagt for dette viktige arbeidet.

Etterspurnaden etter tenester frå barnevernet og behovet for økonomisk sosialstønad veks kraftig. Denne utviklinga utfordrar kommuneøkonomien, og gjer at vi kan stå ovanfor ein situasjon der vi må gjera tøffe omprioriteringar til fordel for sosialområdet. Den nye barne- og familietenesta, der tenester som jobbar mot barn og unge er samla, vart etablert for å få synergjar gjennom betre samhandling. Målet er å førebyggja kostnadskrevjande tiltak og ungdomskriminalitet.

Gjennom prosjektet God trafikkflyt er det sett i verk ei rekkje tiltak for å redusera køar i samband med anleggsarbeidet knytt til nytt sotrasamband. Eit av tiltaka var lansering av ein kommune-app med god informasjon av trafikkflyt i sanntid. Meir enn 10 000 brukarar har lasta ned appen som er blitt ein av våre viktigaste informasjonskanalar.

Vedtaket om bygging av 80 nye sjukeheims plassar sentralt på Straume, samt ny barnehage- og skulestruktur er viktige styringssignalar i utviklinga av Øygarden kommune. Publisering av konkurransegrunnlaget for bygging av ny ungdomsskule på Bildøy er ein annan viktig milepåle.

Økonomisk resultat

Rekneskapen for 2024 er gjort opp med eit negativt netto driftsresultat på kr 37,5 mill. I tillegg til auka press på barnevernet og auka behov for økonomisk sosialstønad, er resultatet også påverka av høgt vikarbruk.

Det negative netto driftsresultatet utgjør 1,0 prosent av driftsinntektene. Teknisk berekningsutval (TBU) legg til grunn at kommunerekneskapen bør ha eit netto driftsresultat på 1,75 prosent av driftsinntektene. Kommunen har etter 2024 eit disposisjonsfond på kr 68 mill. Dette er ein reduksjon på kr 40 mill frå 2023. Ein kommune av vår storleik bør ha om lag kr 300 mill i disposisjonsfond for å ha nok reserver til å takla svingingar i økonomien.

Nøkkeltal

- Totale driftsinntekter kr 3 717 mill
- Totale driftsutgifter kr 3 724 mill
- Renter kr 186 mill
- Avdrag kr 108 mill
- Investeringar kr 231 mill
- Lånegjeld, eigne investeringar kr 3 015 mill

Årsmeldinga gjer greie for drifta av kommunen i 2024. I tillegg til oversikt over den økonomiske utviklinga, inneheld årsmeldinga også mellom anna ei oversikt over dei viktigaste hendingane i året, sentrale aktivitetar i kommunalsjefsområda, likestilling og mangfald, internkontroll, HMS m.m. Årsmeldinga føreligg både som eit tradisjonelt tekstdokument og i ei elektronisk utgåve.


Tilsette, politikarar, næringslivet, det frivillige og innbyggjarar legg ned eit omfattande arbeid for øygardssamfunnet. I ei tid med knappe økonomiske rammer er dette avgjerande. Ein stor takk til dykk alle.

Straume, 27.03.2025

Johnny Breivik
kommunedirektør

Viktige hendingar i 2024

2024 baud på mange og ulike hendingar. Nedanfor har vi omtalt nokre av desse (lista er ikkje uttømmende).



Kommuneapp | Foto: Monica Hovland

Valde leiarar av tre råd

I slutten av januar valde råd for personar med funksjonsnedsetjing Ingvild Skaar som leiar. Egil Haaland vart vald som leiar av elderrådet, medan Konrad Ørn skal leia ungdomsrådet.



Ungdomsrådet med leiar Konrad Ørn (venstre framme) og nestleiar Eivind Økland (høgre framme)

Besøk av byrådsleiaren

Byrådsleiar i Bergen, Christine Meyer, besøkte Øygarden kommune fredag 2. februar. Det handla om felles utfordringar knytt til ungdomskriminalitet, ny godshamn for Bergensområdet, byvekstavtalen/Miljøløftet og ei nysatsing i Øygarden, Framtidssamfunnet.



Frå venstre; kommundirektør Johnny Breivik, ordførar Tom Georg Indrevik, byrådsleiar Christine Meyer, varaordførar Anita Garlid Johannessen og seksjonssjef Richard Taule.

Energimessa

Den 13. mars gjekk Energimessa av stabelen. Energimessa er ei mønstring der elevar frå barneskular, ungdomsskular og Sotra vidaregåande skule presenterer kunnskap, utforsking og refleksjon.



Ordførar Tom Georg Indrevik markerte opninga av Energimessa ved å tenna på ein ballong med litt sprengstoff i. Til venstre: Kristian Lammestad Fleten frå VilVite Bergen

Stor interesse for fagdag om vald og overgrep

Rundt 230 tilsette i Øygarden frå barnehage, skule, PPT (pedagogisk-psykologisk teneste) og helse var samla til fagdag på innbyggartorget og biblioteket 12. mars der temaet var vald og overgrep mot barn og unge. Arrangør var konsultasjonsteamet for vald og overgrepssaker.



Konsultasjonsteamet for vald og overgrepssaker.

Heidra kultur og idrett

Det var prisdrøss og stor stemning i kultursalen på Kultur- og idrettsgallaen 2024 på Øygarden rådhus 15. mars. Kulturprisen gjekk til Ivar Steinsland, medan Unni Øvretveit fekk Frivilligprisen. Anne-Elin Dale fekk Mot til å glede-prisen.



Biletet frå venstre; Unni Øvretveit (Frivilligprisen), Karen Boge (tok imot prisen på vegner av kulturprisvinnar Ivar Steinsland), Anne-Elin Dale (Mot til å glede-prisen) og ordførar Tom Georg Indrevik.

Sotrasambandet

Den 24. april var det gjennomslag for det nordlege løpet av Kolltveittunnelen. Dette skjedde 10 måneder etter at første salve vart avfyrt på vestsida av Kolltveit. Gjennomslaget i det nordlege løpet skjer eit lite halvår før fristen i OPS-kontrakten med Statens vegvesen.

I november lanserte Øygarden kommune ein ny og gratis app som mellom anna gir deg oppdatert informasjon om trafikkflyten på 10 strekningar, som eit viktig bidrag i arbeidet med å sikra god trafikkflyt.



Heildagsmøte med statsforvaltaren

Statsforvaltar Liv Signe Navarsete var på eit heildagsmøte med kommuneleiinga den 22. mai. Ho framheva at den heilskaplege tenkinga i Øygarden kommune er svært god. Vidare trakk ho fram at kommunen har laga ein god samfunnsdel til kommuneplanen som er viktig å følgja opp i arbeidet med arealdelen.



Politisk og administrativ leiing, i midten statsforvaltar Liv Signe Navarsete og ordførar Tom Georg Indrevik.

Øygarden oppnådde beste resultat nokosinne

Elevane i Øygarden kan skilte med det historisk beste resultatet i MatteMaraton i regi av Kikora. I løpet av mai hadde 4 138 elevar frå kommunen vår løyst 1 975 802 oppgåver og tilbakelagt over 316 000 kilometer. Spildepollen skule toppar lista både i Øygarden og på landsbasis. Øygarden fekk med seg det meste. På dei neste plassane følgjer Toftøy skule (2), Tjeldstø skule (3), Bjørøy skule (4) og Knappskog skule (5).



David Phong Benjamin og Lara Sofia Moritz viser stolt fram pokalen på feiringa 11. juni.

Passerte 40 000 innbyggjarar

Nye tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) viser at Øygarden kommune har passert 40 000 innbyggjarar. Ved utgangen av andre kvartal 2024 var 40 033 personar busette i Øygarden. Ordførar Tom Georg Indrevik gledde seg over god folkevekst dei siste månadene.



Biletet er frå markeringa den 17. september då fire familiar med nyfødde på den tida kommunen passerte 40 tusen innbyggjarar var inviterte.

Fjell kyrkje - 150 år

Laurdag 20. september gjekk startskotet for jubileumsveka for Fjell kyrkje som fyller 150 år. Det heile vart krona med jubileumsgudsteneste søndag 29. september. I tida før 150-års jubileet har det vore gjennomført eit omfattande rehabiliteringsarbeid. Kyrkjelyden kunne ta sete i ei meir innbydande og lysare kyrkje. Øygarden kommune har løyvd kr 44 mill inkl. meirverdiavgift til rehabilitering av kyrkja.



Fjell kyrkje

Barne- og familieminister gav ros til fosterheimprosjekt

Barne- og familieminister Kjersti Toppe likte det ho høyrde då ho 7. oktober besøkte barneverntenesta i Øygarden og fekk informasjon om fosterheimsprosjektet Zip-team. Eg er svært begeistra over måten de arbeider på, sa statsråden. Dette er eit utviklingsprosjekt i læringsnettverket til Statsforvaltaren i Vestland og er eit samarbeid mellom Øygarden kommune, Alver kommune og Bufetat ved fosterheimstenesta.



Barne og familieminister Kjersti Toppe til venstre i bilete.

Lanserte podkasten Rådhuset

Den 25. oktober lanserte kommunedirektør Johnny Breivik podkasten Rådhuset. Dette skal vera ein arena der vi gjennom samtalar med spennande gjester viser kva som byggjer og utviklar øygardssamfunnet, sa kommunedirektøren då podkasten vart lansert.



Biletet viser næringsminister Cecilie Myrseth og Johnny Breivik då podkasten den 8. november tok pulsen på Øygardskonferansen

Kongebesøk til Northern Lights

13. november besøkte kongen av Nederland Willem-Alexander Northern Lights i Energiparken i Øygarden. Det vart også tid til besøk på hydrogen-anlegget til Zeg Power. - Han fekk eit godt inntrykk av Øygarden, seier ordførar Tom Georg Indrevik.



Frå venstre kulturminister Lubna Jaffery, ordførar Tom Georg Indrevik og kong Willem-Alexander.

Julekonsert med demenskoret

Det var song frå hjarta til hjarta då demenskoret hadde julekonsert for rundt to hundre frammøtte i Foldnes kyrkje 6. desember. Vi har eit heilt fantastisk fellesskap i dette koret, sa Odd Gunnar Guttormsen etter konserten der han framførte Johannes Kleppeviks «Eg har ein engel» som solosong. Koret song julesongane og dei andre songane på vakkert vis.



Demenskoeret opptre i Foldnes kyrkje 6. desember.

Slovakia ser til Øygarden

I samband med bilateralt prosjekt fekk Øygarden besøk av Svidnik kommune i Slovakia frå 9. til 12. desember. Delegasjonen på 14 representantar fekk sjå og høyra korleis Øygarden kommune arbeider innanfor ei rekkje felt.



Delegasjon frå Svidnik kommune i Slovakia

Budsjettet for 2025 og arbeidsmiljøpris

Den 19. desember vedtok Øygarden kommune budsjettet for 2025 og økonomiplan for 2025-2028. Driftsinntektene er på om lag kr 3,6 mrd, medan netto driftsresultat er budsjettet til om lag kr 31 mill i pluss. I 2025 skal det investerast for kr 228,3 mill. På kommunestyremøtet vart også arbeidsmiljøprisen tildelt Sotra legevakt (biletet under). Også MMNF Åttringen og Tranevågen ungdomsskule fekk heider for 2. og 3. plass.



Tilsette frå Sotra legevakt, til høgre einingsleiar Christin Mork.

Politisk og administrativ organisering


Kommunestyret utgjør den politiske leiinga i kommunen, medan formannskapet er kommunen sitt økonomiutval. Ansvars- og oppgåvefordeling mellom utvala går fram av det politiske delegeringsreglementet.



Kommunestyremøte | Foto: Vigleik Brekke

Kontrollutvalet skal på kommunestyret sine vegne føra tilsyn med heile den kommunale verksemda. Sekretariatstenester vert kjøpt frå Vestland fylkeskommune.


Følgjande politiske styringsstruktur er vedteke for Øygarden kommune for perioden 2023 - 2027:



Tal representantar i kommunestyret fordelt på parti, etter kommunestyrevalet i 2023:

Politiske parti	Kommunestyreperioden 2023-2027		
	Tal	Kvinner	Menn
Arbeidarpartiet	7	4	3
Folkets parti	0	0	0
Fremskrittspartiet	7	4	3
Høgre	14	5	9
Industri og næringspartiet	4	0	4
Kristeleg Folkeparti	3	1	2
Pensjonistpartiet	1	1	0
Raudt	1	0	1
Senterpartiet	1	1	0
Sotralista			
Sotralista -TVØ	3	1	2
SV - Sosialistisk Venstreparti	2	1	1
Venstre	1	1	0
Miljøpartiet Dei Grøne	1	0	1
Sum	45	19	26

Administrativ organisering



Kommunedirektøren er kommunen sin øvste administrative leiar og er ansvarleg for saksutgreiingar til folkevalde organ, og at politiske vedtak vert iverksett. Kommunedirektøren sitt ansvar og mynde er nærare skildra i delegeringsreglementet som er vedtatt av kommunestyret.

Organisasjonskart for kommunalsjefområda

Her kan du lesa meir om organiseringa innan kommunalsjefområda:

[Oppvekst](#)

[Helse og velferd](#)

[Kultur og samfunn](#)

[Finans og økonomi](#)

[Organisasjon og beredskap](#)

Organisatoriske endringar - Organisasjon og beredskap

Frå 15.08.2024 vart dei tidlegare einingane i kommunalsjefsområdet - Tryggleik, HR og kompetanse og Service, slått saman til ei ny eining med namnet HR, forvaltning og kvalitet.

Kommunalsjefsområdet har no to einingar - HR, forvaltning og kvalitet og Brann og redning.

Frå 15. august vart også ein del nøkkelroller i kommunalsjefsområdet organisert direkte under

kommunalsjef, og namnet på kommunalsjefsområdet vart endra frå organisasjon og samfunnssikkerheit - til organisasjon og beredskap.



Organisatoriske endringar i Oppvekst

Frå 01.01.2024 fekk Oppvekst ny organisering som innebar at alle einingane i kommunalsjefsområdet vart fordelt på tre hovudområde/ sektorar: Skule, Barnehage og Barn- og familie. Dei tre områda har delegert økonomi, fag og personalansvar innan sine felt. Prinsippet om full delegasjon til einingsleiarane er framleis gjeldande, men sektorsjefane har eit heilskapleg ansvar for kvart område. Omorganiseringa var resultat av eit evalueringsarbeid, som vart gjennomført i 2023.

Kommunale aksjeselskap og kommunale føretak

Øygarden kommune har følgjande eigarposisjonar i aksjeselskap per 31.12.2024:

Aksjeselskap og interkommunale selskap

Selskap	Selskapsform	Bransje	Eigardel
ØYVAR AS	Aksjeselskap	Renovasjonsteneste, vatn og avløp	100 %
Sambygg AS	Aksjeselskap	Eigedom	80 %
Naturgassparken Vest	Aksjeselskap	Eigedom	50 %
Trigger Jobb AS	Aksjeselskap	Arbeidstrening	30,31 %
Ågotnes næringspark AS	Aksjeselskap	Eigedom / næringsutvikling	21,05 %
Bergen Havn Farvannsforvaltning IKS	Interkommunalt selskap	Hamne- og farvassforvaltning	20 %
Bergen Havn AS	Aksjeselskap	Hamneverksemd	20 %
CCB Kollsnes AS	Aksjeselskap	Eigedom	9,62 %
Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS	Interkommunalt selskap	Arkiv	7,10 %
Eviny AS	Aksjeselskap	Elektrisitetsproduksjon	3,43 %
BIR AS	Aksjeselskap	Renovasjonsteneste	1,82 %
Bergen Havn Ågotnes AS	Aksjeselskap	Eigedom / hamneutvikling	21,05 %
Bergen Havn Utvikling AS	Aksjeselskap	Eigedom / hamneutvikling	21,05 %

Kommunale føretak

Øygarden Bustadforvaltning KF

Kommunale oppgåvefelleskap

IUA Bergen region (Interkommunalt utval mot akutt forureining)

Bergen og Omland Friluftsråd (BOF)

Interkommunal brannvernsvakt

Vest brann- og redningsregion

Samvirkeføretak

Biblioteksentralen AS

Foreining

Basecamp

Stiftingar med kommunal representasjon

Bustadstiftinga

Stiftinga Nordsjøfartsmuseet

Stiftinga Fjell festning

Stiftinga Kystmuseet i Øygarden kommune

Stiftinga Johannes Kleppevik sitt minnefond

Stiftinga Museum Vest

Stiftinga Trellevik kystkultursenter

Stiftinga Marstein fyr

Kystkultur.no!

Fullstendig oversikt over alle eigarposisjonar ligg i [eigarskapsmeldinga](#), som er tilgjengeleg på heimesidene til Øygarden kommune.

Endringar i eigarskap i 2024

Øygarden næringsutvikling KF vart avvikla sommaren 2024. Arbeidet med næringsutvikling vart lagt til kommuneorganisasjonen, og det vart oppretta stilling som næringssjef som vidarefører arbeidet i det tidlegare næringsføretaket. Stillinga vart tilsett hausten 2024.

I 2024 har det også pågått eit arbeid som omhandlar framtidig organisering av bustadsosialt arbeid i Øygarden kommune. I juni 2024 vart det vedteke ein sluttrapport med ni tilrådingar for framtidig organisering. Det vart blant anna vedteke oppretting av bustadkontor som eit 2-årig prosjekt, og å reindyrka rolla som bustadforvaltar for både det kommunale føretaket og Bustadstiftinga. I etterkant av sluttrapporten er det også gjort politisk vedtak om å starta prosess for å oppheva Bustadstiftinga. Dette arbeidet vil pågå i 2025.

Eigarskapsoppfølging i Øygarden kommune

Revidert eigarskapsmelding vart vedteke i oktober 2024. Revisjonen har i hovudsak handla om å tydeleggjera motiv bak eigarskap i dei ulike selskapa, og utarbeiding av eigarstrategiar for å konkretisera kva forventingar kommunen har til selskapa.

I samband med revisjonen vart det også gjort vedtak om å avvikla fleire eigarskap. Eigarskapet i Scalpro AS vart avvikla ved sal av aksjar, medan eigarskapet i Norsk Bane AS vart avvikla gjennom

donasjon av aksjepost. Det er også gjort vedtak om å avvikla eigarskap i Ågotnes næringspark AS og Sambygg AS. Arbeidet med å følgja opp vedtaket pågår inn i 2025, og kommunestyret skal ha førelagt verdivurdering av aksjeposten før gjennomføring av sal.

Det er også gjennomført eigardag hausten 2024, i tråd med eigarskapsmeldinga. Formannskapet har elles behandla fleire saker knytt til eigarskap i 2024, særleg knytt til Naturgassparken Vest AS og Bergen Havn AS

Folketalsutvikling og folkehelse



Livets portal | Foto: Heidi Reisegg Endal


Folketalsutvikling 4. Kvartal 2024

	2021	2022	2023	2024
Folketal ved inngangen av kvartalet	38 664	39 032	39 368	39 768
Fødde	464	351	375	373
Døde	227	255	255	225
Fødselsoverskot	237	96	120	148
Innvandring	218	352	238	253
Utvandring	183	156	229	128
Innflytting, innanlands	1 687	1 553	1 752	1 538
Utflytting, innanlands	1 590	1 511	1 478	1 476
Netto innvandring og flytting	132	238	283	187
Folkevekst	368	336	400	337
Folketalet ved utgangen av kvartalet	39 032	39 368	39 768	40 105


Folketalsutviklinga påverkar dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) for kommunen, og er difor viktig å følgja med på.

Ved inngangen av 2024 hadde Øygarden ein befolkning på 39 768 personar. I løpet av året har folketalet auka med 337 personar. I 2024 bidrog fødselsoverskotet med 148 nye innbyggjarar, medan innanlandsk nettoinnflytting førte til 62 nye personar i Øygarden. Nettoinnvandring utgjorde 125 personar dette året. I løpet av 2024 nådde Øygarden kommune milepælen 40 000 innbyggjarar, og

ved utgangen av året var 40 105 personar busett i Øygarden kommune. Auken i folketallet utgjer ei vekst på 0,85 prosent. Dette er den lågaste vekstraten sidan vi vart ny kommune i 2020.




Årleg vekstrate 2020-2024. Kjelde: SSB tabell 06913.



Kjelde: SSB tabell 01223

I løpet av 2024 har aldersfordelinga blant innbyggjarane endra seg. Medan barn og unge under 20 år utgjorde 25,7 prosent av befolkninga 1.1.2024, er andelen eitt år seinare gått ned til 25,2 prosent.

I løpet av året vart det 102 færre barn i barnehagealder, og 49 færre barn i grunnskulealder. Talet på personar over 80 år auka med 112 personar.



Endring i funksjonelle aldersgrupper 2023-2024. Kjelde: SSB tabell 07459.

Folkehelse og levkår

Kva er folkehelse?

Folkehelse handlar om ei samfunnsutvikling som fremjar helse og livskvaliteten i befolkninga, og utjamnar sosiale forskjellar i helse. Helse vert i stor grad påverka av levkår og strukturelle forhold som inntekt, arbeid, oppvekst, utdanning og bu- og nærmiljø. Det viktigaste folkehelsearbeidet skjer difor utanfor helsesektoren – gjennom arbeidet med gode oppvekstvilkår for born og unge, trygg skuleveg for elevar, tilgang på trygge og tilgjengelege bustadar og lokalsamfunn som fremjar både sosiale og fysiske aktivitetar. Folkehelse er slik sett noko som omhandlar heile organisasjonen og Øygardssamfunnet, og som krev at vi tenker helse i alt vi gjer.




Kjelde: Figur frå Folkehelseinstituttet – nærmiljøkvalitetar som har betydning for helse og livskvalitet.

Korleis er folkehelsa i Øygarden kommune?

Folkehelselova som kom i 2012 pålegg alle kommunar å utarbeida ei skriftleg folkehelseoversikt kvart fjerde år. Føremålet med oversikta er å identifisera lokale folkehelseutfordringar, og vurdere kva som er viktige årsaker og konsekvensar av desse. Folkehelseoversikta skal også leggjast til grunn for arbeidet med planstrategien.

I Øygarden kommune er folkehelseoversikta ein integrert del av [kunnskapsgrunnlaget til planstrategien](#). Siste versjon vart utarbeidd november 2023.

Arbeidet med folkehelseoversikta og kunnskapsgrunnlaget viser at det for folk flest er godt å bu og leva i Øygarden kommune. Vi har høgare forventa levealder enn landet elles, færre som lever med låginntekt over tid og tilgang til flott natur og rekreasjonsområde. Samstundes viser oversiktsarbeidet at Øygarden også opplever fleire samfunnstrendar og utfordringar som påverkar folkehelsa i vår kommune. Figuren under er henta frå folkehelseinstituttet (FHI), som publiserer årlege folkehelse- og oppvekstprofilar på kommunenivå. Her kan kommunane få oversikt over viktige indikatorar innanfor folkehelse og levekår.



Forklaring (tall viser til linjenummer i tabellen ovenfor):

* = standardiserte verdier, a = aldersstandardisert, k = kjønnsstandardisert og ** = tall fra Ungdataundersøkelsen mangler. Les mer om mulige årsaker til at tall fra Ungdataundersøkelsen mangler [her](#).

Gjennom arbeidet med folkehelseoversikta har det tverrfaglege folkehelsenettverket identifisert fire folkehelseutfordringar som kommunen bør vera særleg merksam på framover:

- Demografiske endringar
- Gode lokalsamfunn
- Sosial ulikskap og utanforskap
- Oppvekstkår

Demografiske endringar

Demografiske endringar er eit utviklingstrekk som påverkar Øygarden kommune, saman med resten av kommune-Noreg. Framskrivingar av befolkningsveksten viser at det er ein auke i den eldre delen av befolkninga, samstundes som det vert født færre barn. Sjølv om Øygarden har høgare fruktbarheit enn andre kommunar i Noreg, vil også vi måtta omstilla tenester og velferdsapparat for å møte desse demografiske endringane. I 2023 gjennomførte PwC ein evaluering av helse og velferd. Rapporten tilrår fleire grep for å sikra ei berekraftig omstilling av tenesta, saman med ein systematisk innsats for å styrka det førebyggjande og helsefremjande arbeidet.

Gode lokalsamfunn

God folkehelse vert først og fremst skapt der vi lever og bur. Gode lokalsamfunn er slik sett ein viktig premis for god helse i befolkninga. I Øygarden kommune gir dei aller fleste tilbakemeldingar på at dei trivst i sitt lokalmiljø. Meir mangfald og tilbod innan uorganiserte aktivitetar, og tilgang på offentleg transport er likevel tema som innbyggjarane våre er opptekne av, og som har betydning for deltaking og tilhøyrse i fellesskapet. I 2023 vart det utarbeida strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet, som blant anna inneber fleire viktige strategiar som vil påverka folkehelsearbeidet.

Sosial ulikskap og utanforskap

Utdanningsnivået påverkar folkehelsa vesentleg. Statistisk sett er det slik at jo høgare utdanning, dess betre helse. Øygarden kommune har over tid hatt lågare utdanningsnivå og større fråfall i vidaregåande skule, samanlikna med andre kommunar. Folkehelseprofilen viser også at dette er gjeldande i dag, sjølv om gjennomføringsgraden i vidaregåande skule har betra seg noko dei siste åra.

Oppvekstkår

Folkehelsenettverket har identifisert ei utfordring som vert omtala som oppvekstparadokset. Det handlar kort fortalt om at kommunen skårar godt på ulike levekårsvariablar, men likevel har mange unge som står utanfor skule og arbeidsliv. Kartleggingar viser også at kommunen har mange elevar med spesialpedagogiske tiltak. I 2024 har dette hatt særleg fokus, og det blir gjort tilpassingar i tenestene til barn og unge for å sikra at vi ivaretek førebygging og tidleg innsats i tråd med måla i samfunnsdelen til kommuneplanen.

Viktige prioriteringar i folkehelsearbeidet for 2025

I 2024 har folkehelsenettverket brukt store delar av tida på å skaffa oversikt over førebyggjande tiltak i organisasjonen. Føremålet er å sikra at det er god samanheng mellom identifiserte folkehelseutfordringar, og kva tiltak som kommunen tilbyr. Det er blant anna inngått samarbeid med Folkehelseinstituttet for å evaluera deler av tilboda.

Arbeidet med evaluering av folkehelseiltak vil pågå i 2025.

Økonomi



Økonomiske handlingsreglar

Ifølgje KommuneLova § 14-2 c) skal alle kommunar vedta finansielle måltal for utviklinga av kommunen sin økonomi. Øygarden kommune har vedtatt følgjande økonomiske handlingsreglar:

- Netto driftsresultat 1,75 % av brutto driftsinntekter
- Disposisjonsfond 5 % av brutto driftsinntekter
- Lånegjeld skal ikkje overstiga 100 % av brutto driftsinntekter

Resultata for 2019-2024 viser følgjande:

	Mål	Resultat 2019	Resultat 2020	Resultat 2021	Resultat 2022	Resultat 2023	Resultat 2024
Netto driftsresultat	1,75 %	-4,7 %	-0,5 %	-0,3 %	1,36 %	-0,6 %	-1,0 %
Disposisjonsfond	5 %	3,6 %	2,7 %	2,3 %	3,8 %	3,1 %	1,8 %
Lånegjeld	100 %	100,7 %	104,1 %	86,6 %	87,5 %	84,1 %	80,2 %

Netto driftsresultat er -1,0 % i 2024. Disposisjonsfondet er redusert i 2024 og er no på 1,8 % av brutto driftsinntekter. Dette skuldast at kommunen gjekk med underskot i 2024. Ein kommune av vår storleik bør ha om lag kr 300 mill i disposisjonsfond for å ha nok reservar til å takla svingingar i økonomien. Lånegjelda er redusert i høve 2023, og er i tråd med handlingsregelen. Den reelle

lånegjelda er høg når ein tar omsyn til at verksemda for vatn, avløp og renovasjon, med tilhøyrande lånegjeld, er lagt til eit eige aksjeselskap Øyvar.

Følgjande skal arbeidast vidare med i 2025

- Revidera økonomireglementet og vedta oppdaterte måltal for den økonomiske utviklinga
- Tilpassa drifta til dei økonomiske rammene og vedtatt mål for netto driftsresultat gjennom omstilling av organisasjonen
- Vidareføra fokuset på å ikkje auka lånegjelda og dermed rente- og avdragsbelastninga
- Avsetta tilstrekkelege midlar til disposisjonsfond, slik at kommunen er i stand til å handtera svingingar i utgifter og inntekter utan at dette går direkte utover moglegheitene til å yta forsvarlege tenester

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Frie disponible inntekter					
Rammetilskot	-1 261 155	-1 291 000	-1 291 000	-1 309 793	18 793
Inntekt- og formuesskatt	-1 340 921	-1 418 000	-1 418 000	-1 402 647	-15 353
Eigedomsskatt	-176 966	-175 000	-176 256	-183 227	6 971
Andre generelle driftsinntekter	-140 452	-177 535	-177 535	-220 431	42 896
Sum Frie disponible inntekter	-2 919 494	-3 061 535	-3 062 791	-3 116 098	53 307

Rammetilskot

Øygarden kommune sine driftsinntekter er samansett av inntekts- og formuesskatt, eigedomsskatt, rammetilskot frå staten og øvrige driftsinntekter.

Rammetilskotet for 2024 er bokført med kr 1 309,8 mill, noko som er kr 18,8 mill høgare enn revidert budsjett, og kr 48,6 mill høgare enn i 2023.

Stortinget vedtok ei tilleggsløyving i rammetilskotet til kommunane på kr 4,3 mrd i desember 2024.

Bakgrunnen for dette var den krevjande situasjonen i kommuneøkonomien i 2024. Øygarden kommune sin del av det auka rammetilskotet var kr 30,8 mill.

Inntekt- og formuesskatt

Skatteinntektene er bokført med kr 1 402,6 mill i 2024. Dette er kr 15,4 mill lågare enn revidert budsjett. I 2023 var skatteinntektene kr 1 340,9 mill.

Det var ein skattesvikt i Noreg og i Øygarden i 2024. Fordelinga mellom skattekreditorane i 2023 ga ein for høg andel til kommunane. Dette blei korrigert i slutten av 2024. I tillegg var det innbetalt låg forskotsskatt i 2024, mye grunna auka renteutgifter for hushaldningane.

Øygarden kommune hadde eit skattenivå på 91,8 % av landsgjennomsnittet i 2024. Frå 2023 til 2024 var det ein skattevekst på 4,6 %. I same periode hadde landet ein skattevekst på 1,4 %.

År	Skattenivå i % av landsgj.sn	Skattevekst Øygarden	Skattevekst landet
2019		4,5 %	4,7 %
2020	89,0 %	-1,4 %	-0,7 %
2021	87,8 %	15,0 %	16,1 %
2022	87,1 %	12,1 %	12,8 %
2023	88,8 %	-3,1 %	-4,7 %
2024	91,8 %	4,6 %	1,4 %

Eigedomsskatt

Øygarden kommune hadde inntekter frå eigedomsskatt på kr 183,2 mill i 2024. I 2023 var inntektene kr 177 mill.

Øygarden kommune skreiv i 2024 ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova (esktl) § 3 første ledd bokstav c, berre på kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum.

I tillegg skreiv kommunen ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" etter overgangsregelen til esktl §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget var i 2024 lik 1/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr- og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk som frå og med 2019 er rekna som næringseigedom.

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2024 var 7 promille for skatteobjekt i Øygarden kommune.

Takstvedtekter for eigedomsskatt i Øygarden kommune vart vedteke i kommunestyret 19.12.2019. Siste alminnelege taksering var i 2023.

Andre generelle driftsinntekter

Under posten "Andre generelle driftsinntekter" ligg utbetaling frå havbruksfondet, integreringstilskott og rentekompensasjonsordning frå Husbanken.

Havbruksfondet

	2020	2021	2022	2023	2024
Havbruksfond	32 416	10 335	42 169	18 617	57 627

Kommunen mottok i 2024 kr 57,6 mill frå havbruksfondet, noko som er kr 36,6 mill meir enn budsjettert. I 2023 mottok vi kr 18,6 mill frå havbruksfondet.

Integreringstilskot

	2020	2021	2022	2023	2024
Integreringstilskot	44 958	39 946	68 826	114 839	154 621

Det er inntektsført kr 154,6 mill i integreringstilskot. Dette er kr 4,1 mill meir enn budsjettert. Kommunen busette 184 personar totalt i 2024. I 2023 mottok kommunen kr 114,8 mill i integreringstilskott (235 personar busett).

Rentekompensasjon frå Husbanken

	2020	2021	2022	2023	2024
Rentekompensasjon	3 677	4 061	4 582	6 931	8 181

Rentekompensasjon frå Husbanken for kyrkjebygg, omsorgsbustader og skular er bokført med kr 8,2 mill i 2024. Rentekompensasjon for 2023 var kr 6,9 mill.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Finansinntekter/-utgifter					
Renteinntekter	-49 618	-60 886	-60 886	-49 188	-11 698
Utbytte	-62 161	-37 300	-37 300	-44 847	7 547
Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel	-13 677	-14 000	-14 000	-17 095	3 095
Renteutgifter	156 748	171 000	171 000	185 707	-14 707
Avdrag på lån	112 297	111 000	107 000	107 602	-602
Sum Finansinntekter/-utgifter	143 589	169 814	165 814	182 180	-16 366

Renteinntekter

Renteinntekter er i rekneskap 2024 bokført med kr 49,2 mill, noko som er kr 11,7 mill mindre enn revidert budsjett. I 2023 var renteinntektene kr 49,6 mil. Likviditeten har vore dårlegare i 2024 enn i 2023, noko som har påverka renteinntektene.

Utbytte

Totalt mottok Øygarden kommune utbytte på kr 44,8 mill i 2024 (kr 62,1 mill i 2023).

Øygarden kommune har ein eigarandel på 3,43 % i BKK.

Gevinstar og tap på finansielle omløpsmiddel

Øygarden kommune har plasseringar i anleggsobligasjonar, omløpsobligasjonar, obligasjonsfond og aksjefond. Det har vore ei avkastning på kr 17,1 mill på denne kapitalbeholdninga i 2024. Dette utgjør

5,85 %. Kapitalbeholdninga var ved årsskiftet på kr 309,3 mill. Aksjeeksponeringa var på 9,7 % av totalporteføljen. Øygarden kommune har som målsetjing at kommunen skal oppnå tilfredsstillande avkastning utan at kommunen tek vesentleg finansiell risiko. Forvaltninga har i 2024 vore i tråd med denne målsetjinga. Forvaltninga har vore utført av C WorldWide, DnB, Storebrand og Holberg.

Renteutgifter

Renteutgifter er i rekneskap 2024 bokført med kr 185,7 mill, noko som er kr 14,7 mill mindre enn revidert budsjett. I 2023 var renteutgiftene kr 156,7 mil, og renteutgiftene har altså auka med kr 29 mill på eit år.

Noregs Bank si styringsrente har gjennom heile 2024 vore 4,5 %. I januar 2022 var styringsrenta 0,5 %. Føremålet med rentehevinga gjennom desse åra var å dempa presset i norsk økonomi og halda inflasjonsmålet på 2 %. Det er stor usikkerheit i marknaden om når første rentenedgang kjem.

Avdrag på lån

Det er i 2024 betalt ordinære avdrag på lån med kr 107,6 mill som er kr 0,6 mill meir enn budsjettert. I 2023 blei det betalt kr 112,3 mill i avdrag. I tillegg er det betalt kr 40,3 mill i avdrag på startlån i investeringsrekneskapen.

Ein stor del av driftsinntektene vert brukt til å betala renter og avdrag. I 2024 utgjør dette til saman kr293,3 mill (kr 269,1 mill i 2023).

Lånegjeld

Ved utgangen av 2024 er total lånegjeld kr 3,72 mrd. Det vart i løpet av 2024 teke opp nytt lån på kr 80 mill til investeringar, kr 100 mill til startlån og kr 20 mill til forsøksordninga, startlån til førstegangssetablerarar i tråd med budsjettvedtak. Samla låneoptak i 2024 var kr 200 mill.

	2021	2022	2023	2024
Lån til egne investeringar	3 037 862 277	2 978 139 756	2 927 186 271	3 014 550 940
Lån til vidare utlån	693 523 404	747 740 390	745 631 792	707 724 410
Finansielle leigeavtalar	5 731 418	9 426 564	8 785 022	9 801 036
Sum	3 737 117 099	3 735 306 710	3 681 603 084	3 732 076 385

Lånegjelda er auka med kr 50,5 mill frå 2023 til 2024.

Pensjon

Storebrand er Øygarden kommune sin pensjonsleverandør. Sjukepleiarar skal vera forsikra i Klp og lærarane i Spk jf. hovudtariffavtalen.

Rekneskapsføringa av pensjon følgjer forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og

årsberetning for kommunar og fylkeskommunar § 3-5. Reglane inneber at det ikkje er den betalte pensjonspremien som skal rekneskapsførast, men berekna pensjonskostnader og premieavvik. Berekningane byggjer på fastsette føresetnader.

PENSJONSKOSTNADER OG PREMIEAVVIK	2024	2023
Årets opptjening	193 574 868	180 823 060
Rentekostnad	121 722 986	105 625 558
Brutto pensjonskostnad	315 297 854	286 448 618
Forventet avkastning	-132 354 450	-116 162 819
Netto pensjonskostnad	182 943 404	170 285 799
Sum amortisert premieavvik	10 844 399	1 025 048
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	11 622 669	10 678 617
Samlet kostnad (inkl. administrasjon)	205 410 472	181 989 464

PREMIEAVVIK	2024	2023
Innbetalt premie/tilskudd (inkl. adm.)	254 025 386	309 219 084
Administrasjonskostnad/Rentegaranti	-11 622 669	-10 678 617
Netto pensjonskostnad	-182 943 404	-170 285 799
Premieavvik	59 459 313	128 254 668

Pensjonskostnadane for 2024 er bokført med totalt kr 182,9 mill, mens premieavviket er kr 59,5 mill

Akkumulert premieavvik	2024	2023
Sum premieavvik pr. 01.01	45 028 868	-82 133 146
årets premieavvik	59 459 313	128 254 668
Sum amortisering av premieavvik i år	-10 844 394	-1 092 654
Akkumulert premieavvik pr. 31.12 **	93 643 787	45 028 868
Arbeidsgjeraravgift av akkumulert premieavvik	13 203 774	6 349 070
Sum akkumulert premieavvik inkl. arb.giv.avgift	106 847 561	51 377 939

Pensjonsmidlar og pensjonspliktingar (rekneskap)	2024	2023
Netto pensjonsmidlar 01.01	3 109 714 073	2 965 235 557
Endring pensjonsmidlar i år	303 156 017	144 478 515
Netto pensjonsmidlar 31.12	3 412 870 090	3 109 714 073
Netto pensjonspliktingar 01.01	-3 206 047 833	-2 970 120 706
Endring pensjonspliktingar i år	-388 744 522	-235 927 126
Netto pensjonspliktingar 31.12	-3 594 792 354	-3 206 047 833

Premiefond

Bruk av premiefond reduserer innbetaling av premie og innbetaling av arbeidsgjevaravgift, noko som betrar likviditeten. Bruk av premiefond påverkar ikkje årets resultat, men påverkar resultatet i dei neste 7 åra.

	2 024	2 023
Innestående på premiefond 01.01	222 693 672	276 354 034
Tilgong til premiefond i år	53 686 782	16 340 429
Bruk av premiefond i år	-70 000 000	-70 000 791
Innestående på premiefond 31.12	206 380 454	222 693 672

Det er brukt kr 70 mill av premiefondet i 2024, det same beløpet blei brukt i 2023.

Plasseringar

Øygarden kommune har plasseringar i anleggsobligasjonar, omløpsobligasjonar, obligasjonsfond og aksjefond.

Det blei gjort endringar av forvaltarar av langsiktig kapital rundt årsskiftet 23/24. Forvaltninga blir no utført av DnB, C WorldWide, Holberg og Storebrand. Renteforvaltninga til CWW er flytta til Holberg og Storebrand.

Oversikta under viser plasseringane (Tal i heile 1 000 kr):

	2020	2021	2022	2023	2024
DnB	140 271	142 586	139 691	148 479	156 992
C WorldwWide	136 301	139 414	138 822	74 028	13 632
Holberg				69 683	73 580
Storebrand					65 080
Sum	276 572	282 001	278 513	292 190	309 285

Per 31.12.2024 var plasseringane på totalt kr 309 mill. Aksjeeksponeringa er på totalt 9,7 % av porteføljen. I 2024 har plasseringane hatt ei positiv avkastning på kr 17,1 mill, noko som utgjer 5,85 %.

Om rentetoppen er nådd kan ein venta ein høgare avkastning i renteporteføljen framover.

Øygarden kommune har som målsetjing at ein skal oppnå tilfredsstillande avkastning utan at kommunen tek vesentleg finansiell risiko. Forvaltning av kapitalfondet har i 2024 vore gjennomført i tråd med dette.

Fond

	2020	2021	2022	2023	2024
Disposisjonsfond	80 685 359	73 459 009	126 972 712	108 449 923	68 218 696
Bundne driftsfond	59 162 013	56 362 814	43 122 940	42 838 638	48 402 674
Ubundne investeringsfond	343 349 069	99 785 345	156 537 310	126 287 206	124 993 457
Bundne investeringsfond	29 031 913	50 265 431	36 792 462	34 580 235	36 968 410
Sum	512 228 354	279 872 599	363 425 423	312 156 002	278 583 237

Disposisjonsfondet er kr 68,2 mill ved utgangen av 2024. Dette er alt for lågt for ein kommune på 40 000 innbyggjarar. I dei neste åra må disposisjonsfondet aukast betydeleg for at kommunen skal ha ein berekraftig økonomisk utvikling.

Likviditet

(tal i heile tusen kr)

	2020	2021	2022	2023	2024
Omløpsmidlar	1 156 302	1 083 394	1 212 269	1 018 975	999 249
Kortsiktig gjeld	397 464	538 276	618 380	624 347	660 442
Arbeidskapital	758 838	545 117	593 889	394 628	338 807
Likviditetsgrad 1	2,91	2,01	1,96	1,57	1,51
Likviditetsgrad 2	1,52	1,43	1,48	0,90	0,87
Arbeidskapital i % av brutto driftsinntekter	25,5 %	17,1 %	17,7 %	11,3 %	9,1 %

Forholdet mellom omløpsmidlar og kortsiktig gjeld vert kalla likviditetsgrad. Likviditetsgraden fortel noko om kommunen sin evne til å dekkja sine kortsiktige forpliktingar. Likviditetsgrad 1 (omløpsmidlar/ kortsiktig gjeld) bør vera over 2. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet redusert frå 1,57 per 31.12.2023 til 1,51 per 31.12.2024.

Likviditetsgrad 2 er forholdet mellom dei mest likvide omløpsmidlane og kortsiktig gjeld. Dei mest likvide omløpsmidlane er kasse, bank og marknadsbaserte plasseringar som er klassifisert som omløpsmidlar. Likviditetsgrad 2 bør vera over 1. For Øygarden kommune er dette nøkkeltalet redusert frå 0,90 per 31.12.2023 til 0,87 per 31.12.2024. Etter dette er likviditeten ikkje tilfredsstillande for Øygarden kommune.

Likviditeten varierer mykje gjennom året. DnB var Øygarden kommune sin hovudbank i 2024.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev.bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Avsetnader og bruk av avsetnader					
Overføring til investering	359	0	0	0	0
Avsetningar til bundne driftsfond	0	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	-359	0	0	-372	372
Avsetningar til disposisjonsfond	0	16 000	20 000	0	20 000
Bruk av disposisjonsfond	-18 523	-6 389	-6 389	-41 729	35 340
Dekning av tidlegare års meirforbruk i driftsrekneskapen	1 392	0	0	0	0
Netto avsetnader	-17 131	9 611	13 611	-42 101	55 712

Avsetningar til disposisjonsfond

I opprinneleg budsjett 2024 vart det budsjettert med kr 16 mill i avsetnad til disposisjonsfond. I tillegg vart det budsjettert med kr 4 mill i avsetnad i KS-sak 152/24 "Kvartalsrapport 3. kvartal 2024". I rekneskapsavslutningen vart avsetnadane stroke i tråd med rekneskapsreglane og økonomireglementet.

Bruk av disposisjonsfond

Det er brukt kr 41,7 mill av disposisjonsfondet.

I opprinneleg budsjett var det budsjettert med bruk av disposisjonsfond på kr 6 389 000. Resten av bruken av disposisjonsfondet knytt seg til dekning av meirforbruk i Øygarden kommune i 2024.

KOSTRA hovudtal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Økonomi							
Frie inntekter i kroner per innbygger (B)	65 431	67 633	73 493	67 991	70 081	66 886	70 501
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter (B)	-0,5 %	-1,0 %	-1,1 %	-5,1 %	-2,9 %	-0,7 %	-0,3 %
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	74 823	75 460	101 383	124 098	109 501	104 786	102 652
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B)	84,1 %	80,2 %	90,3 %	129,6 %	111,1 %	101,1 %	92,6 %

Status investeringsprosjekt

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Adgangskontroll, kommunale bygg	2 000	322	500	322 Iht. plan	Prosjektet pågår.
Arbeidsbåt brann (feiing)	925	923	925	923 Ferdig	Båt er kjøpt inn.
Arseta - Kryss del 2 m/kulvert	0	10 967	0	309 Ikkje vurdert	Vi ventar på svar på skiltplan frå Statens vegvesen for å kunne ferdigstilla prosjektet. Må sjåast i samanheng med prosjekt "Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan".
Arseta - VA Rongøy - sentrumsplan	63 600	29 128	22 507	2 324 Ikkje vurdert	
Asfaltering	40 000	15 460	11 996	11 456 Iht. plan	Prosjektet pågår.
Blomvåg infrastruktur	36 803	2 095	7 506	0 Ferdig	Prosjektet er ferdig og avslutta.
Blomvåg skule, mogleighetsstudie etterbruk	1 300	1 039	473	212 Ferdig	Det er vedtatt i økonomiplan 2025-2028/ budsjett 2025 at Gangstø ressursenter vert flytta til Blomvåg skule.
Blomvåg vest	0	28 331	0	435 Ferdig	
Blærescanner	150	0	150	0 Ikkje vurdert	
Brattholmen - overvatn	0	4 508	0	3 729 Ikkje vurdert	Prosjektet er i gjennomføringsfase.
Brattholmen gamle skule, planlegging flytting	5 300	186	113	0 Iht. plan	Ny evalueringsfase ift. kostnader og oppretting av avtaler. Uavklart om det skal byggast toalett i forhold til planlagt bruk.
Brattholmen skule - oppgradering uteområde (5410)	6 967	5 533	1 992	205 Forsinket	Prosjektet er under gjennomføring.
Brattholmen skule, leikeområde og overvatn	4 000	15 710	4 000	15 710 Forsinket	Det er påløpt ekstra kostnader med ureine massar.
Brattholmen skule, varmepumper	2 000	41	2 000	41 Iht. plan	Prosjekteringen er i avslutningsfase og skal til utlysning.
Chromebooks	39 000	17 966	8 500	5 046 Iht. plan	Utskifting av chromebooks i skulane i samsvar med plan.
Døsjø kai	700	0	700	0 Forsinket	Prosjektet er igang og vil snart bli ferdigstilt innan kort tid..
Dåvøy bru, oppgradering	650	0	650	0 Forsinket	Prosjektet er i utførelsesfase og vil snart bli ferdigstilt. Denne brua vert dyrare enn fyrst berekna.
ejournal lege	1 000	307	1 000	307 Iht. plan	Prosjektet er i arbeid. Systemsiftet skal etter planen skje i slutten av 1. kvartal 2025/ starten av 2. kvartal 2025.
ejournal omsorgstenesta	5 000	0	2 500	0 Forsinket	Forsinka, ingen utbetaling i 2024.
Ekerhovd, nærmiljøtiltak	1 100	0	1 100	0 Forsinket	Utfordringa med kontakt med grendalag har forsinka prosessen.
Energikartlegging av bygg	6 000	30	6 000	30 Iht. plan	Prosjektet pågår.
Etablering av ny veglys og intensivbelysning	1 500	881	500	881 Iht. plan	Prosjektet pågår.
Fallunderlag leikeplassar	8 000	669	2 000	669 Iht. plan	Prosjektet pågår.

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året	
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Fjell festning, parkering	0	3 993	0	46 Ferdig	
Fjell kyrkje, rehabilitering	44 850	47 085	30 605	32 842 lht. plan	Første trinn i prosjektet er avslutta, og kyrkja er opna. Nye midlar er motteke midlar frå Kyrkjebevaringsfondet slik at trinn 2 også kan gjennomførast under føresetnad av at kommunen løyver ytterlegare kr 850 000.
Fjell sjukeheim, heis	913	0	913	0 lht. plan	Prosjektet pågår.
Fjell sjukeheim, moglegheitsstudie	1 000	0	1 000	0 lht. plan	
Fjell ungdomsskule, styring av varmeanlegg	800	674	800	674 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Fjellsikring	2 600	1 582	1 100	1 094 lht. plan	Fortløpande utføring og sikringsarbeid.
Fliskutter	750	575	750	575 Ferdig	Fliskutter er kjøpt inn.
Foldnes kyrkje, tilbakestille lokale etter barnehagedrift	600	600	600	600 lht. plan	Midlane er utbetalt til kyrkja som gjennomfører prosjektet.
Foldnes skule, fasadeoppgradering blått bygg	800	528	800	528 lht. plan	Prosjektet er i arbeid.
Foldnes skule, tak	3 500	3 590	3 500	3 590 lht. plan	Prosjektet pågår.
Foldnes skule, uteområde	4 000	4 209	4 000	4 209 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Fotballmål, kommunale kunstgressbanar	1 000	233	250	233 lht. plan	Prosjektet pågår.
Gamle Fjell skule, moglegheitsstudie	500	24	476	0 lht. plan	Moglegheitsstudien pågår, og sjåast også opp mot eigedomsstrategien og eventuell avhending av eigedomar.
Gartnarutstyr	1 100	370	600	370 lht. plan	Utstyret er under innkjøp.
Glesnes skule, miljøsanering og riving	1 800	0	1 800	0 Forsinket	Entreprenør er kontrahert og arbeidet blir utført 1. halvdel av 2025.
Grønamyrsvegen - ombygging av sentrumsgate	70 400	28 933	37 909	24 644 lht. plan	Prosjektet er kommen godt i gang og følgjer gjennomføringsplanen, så langt utan store hindringar for innbyggjarane.
Grønapplassen	21 900	17 127	9 121	0 lht. plan	
Helsestasjonen, fagsystem	1 200	1 143	777	721 Ferdig	Fagsystemet er tatt i bruk.
Hjelteryggen skule, ventilasjonsanlegg	2 000	34	2 000	34 lht. plan	Prosjektet blir gjennomført i løpet av haust/ vinter 2024-2025.
Hydrogenbil	350	0	350	0 Forsinket	Anskaffing er utsett fordi det ikkje finns fyllestasjonar eller slike moglegheitar i kommunen.
Idrettshaller, utstyr for halltelling	150	139	150	139 Ferdig	Prosjektet er ferdig.
IKT investeringar	43 417	26 602	3 000	2 830 lht. plan	Prosjektet pågår og omhandlar utskifting av IKT-utstyr, mellom anna digitale tavler i skulane og etablering av nye møterom med moderne AV utstyr.
Infrastruktur kommunesenter: Nygata	30 000	13 864	2 000	13 864 lht. plan	Utbyggingsavtale.
Infrastruktur sentrumsområde	10 000	14	10 000	14 lht. plan	

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap Status	Kommentar
Innbyggjartorg/ bibliotek, mobil teleslynge	280	0	280	0 lht. plan	
Kameraovervåking, gangtunnel Straume sjøfront	150	0	150	0 Ferdig	Prosjektet er ferdig.
Kantine rådhus, kjøle- og fryserom	800	0	800	0 lht. plan	
Kausland kyrkje og kyrkjelydhus, alarmanlegg	320	320	320	320 lht. plan	Midlane er utbetalt til kyrkja som gjennomfører prosjektet.
Kjøp, Fjell sjukeheim	300	0	300	0 lht. plan	
Kjøp Storhilderen 12B, nr.35, bnr.22	0	2 029	0	2 029 Ferdig	Strategisk eigedomskjøp jf FS-sak 108/24.
Kjøpmannsvågen - Parkeringsplass FV561	3 500	3 616	481	598 Ferdig	
Klp eigenkapitaltilskot	46 500	70 223	1 000	1 074 lht. plan	Eigenkapitaltilskot 2024 er utbetalt.
Knappskog molo	250	371	250	371 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Kolltveit skule, ombygging	25 300	28 159	0	2 563 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Kommunale kaier - påkostning	600	2 500	0	21 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Kulturhuset, opprustning	6 900	6 800	6 160	6 061 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Kulvert/ busstopp - Idrettsvegen	12 500	10 262	0	29 Ferdig	Prosjektet er ferdig.
Kunstgressbanar, maskiner og utstyr	1 800	0	500	0 lht. plan	Prosjektet pågår.
Landro gravplass	2 909	1 920	988	0 Ferdig	
Landro skule, inngangsparti gammel SFO	125	125	125	125 lht. plan	Prosjektet er ferdigstilt.
Led-lys, kommunale bygg	37 000	6 453	6 066	5 520 lht. plan	Prosjektet pågår.
Liljevatnet barnehage	0	3 067	0	433 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Liljevatnet barnehage, kulturskule - fase 2	14 100	13 921	270	91 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Misje, nærmiljøtiltak	1 100	5	1 100	5 lht. plan	Prosjektet pågår.
Moglegheitstudieutviklingshemma/ psykisk helse	1 200	0	1 200	0 lht. plan	
Møvik kai	500	198	500	198 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Møvik, overvass-system og sikring flom	2 500	3 205	2 500	3 205 lht. plan	Prosjektet er i slutfasen. Det er samarbeid med Øyvar og privat aktør som har rekkefølgekrav.
Møvik, sanering av kommunal leikeplass med brakkerigg	300	305	300	305 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Norce feedback verktøy	150	0	150	0 lht. plan	
Ny skule vestsida (Ulveset)	375 100	13 979	6 335	214 lht. plan	Reguleringsarbeid for ny skule på Møvik pågår, og vert gjennomført i samsvar med plan.
Nye Fjell ungdomsskule	400 000	10 979	11 191	10 170 lht. plan	Prosjektet går inn i ei ny fase med pris- og designkonkurranse basert på skisseprosjekt og behova som er skildra i skulebruksplanen.
Nye omsorgsplassar	470 400	1 495	2 400	1 495 lht. plan	Ei prosjektgruppe er etablert for å utarbeida behovskriterie, funksjonsbeskriving og romprogram. Vi viser også til KS-sak 131/24 "Bygging av nye heildøgnsplassar på Straume".
Nye omsorgsplassar (ny sjukeheim Straume)	470 400	1 495	2 400	1 495 lht. plan	Ei prosjektgruppe er etablert for å utarbeida behovskriterie,

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. Rekneskap bud.	Status	Kommentar
Nygårdsvegen, ny støttemur	2 100	851	2 100	851 Ferdig	funksjonsbeskriving og romprogram. Vi viser også til KS-sak 131/24 "Bygging av nye heildøgns plassar på Straume". Prosjektet er ferdigstillt, sluttoppgjør kjem i 2025 og må sjåast i samband med prosjekt "Brattholmen skule - leikeområde og overvatn".
Nytt datasystem barnevernet	1 200	796	491	88 Ferdig	Fagsystemet er tatt i bruk.
Ombygging rådhuset (1. og 3. etg)	1 500	1 329	170	0 Ferdig	Prosjektet er ferdig.
Ombygging Øyg.rådhus U.etg og 2. etg til PPT	7 500	7 108	391	0 Ferdig	Prosjektet er ferdig.
Omsorgsbustader for unge vaksne	40 600	0	600	0 lht. plan	Moglegheitsstudie pågår, jf PMU-sak 046/24. Kommunedirektøren har i økonomiplan 2025-2028/ budsjett 2025 gjort framlegg om at Terna barnehage vert ombygd til bustader i staden for Blomvåg skule.
Oni bru, spesialinspeksjon	3 050	0	250	0 Forsinket	Bruinspeksjon har avdekket skadar med betydning for bereevne og trafikktryggleik. Trafikktryggleiken er nedsett grunna korrosjon i stolpene innstøpningssoner, mangelfulle overgangar og skarpe endeavslutningar. Det er i økonomiplan 2025-2028 gjort framlegg om å avsette midlar i 2026.
Oppgradering aggregat for basseng, Rong	600	0	600	0 Forsinket	Har avventa inngåing av nye rammeavtalar.
Oppgradering uteområde skular	22 500	718	12 314	533 lht. plan	Prosjektet er pågåande og det skal snart lysast ut ein felles konkurranse for oppgraderingane som er planlagt.
Oppmålingsutstyr	1 600	1 362	1 600	1 362 Ferdig	Oppmålingsutstyr er kjøpt.
Oppvekstadministrativt system (OAS)	2 000	1 120	2 000	1 120 Forsinket	Oppvekstadministrativt system er tatt i bruk ved skule- og barnehagestart 15. august.
Overvassystem ulike stader	2 000	0	2 000	0 lht. plan	Prosjektet pågår.
Porsvika fiskerihamn - lagerbygg	14 000	13 460	12 664	12 125 Ferdig	Lagerbygget er ferdig og bygget er opna.
Prosjektoppfølgning kommunale vegar	4 800	1 194	1 200	1 194 Ferdig	Prosjektet pågår.
Pusteluftsytstystem, røykdykkarar	400	397	400	397 Ferdig	Pusteluftsytstystemet er kjøpt inn.
Pyttane, parkeringsplass	2 700	2 490	2 700	2 490 Ferdig	Parkeringsplassen vart opna tysdag 22. oktober.
Reinholdsmaskiner	2 000	605	500	105 Ferdig	
Reinholdsrobot	800	1 138	800	1 138 Ferdig	Reinholdsrobot er kjøpt inn.
Reservepost samferdsel/trafikktryggleik	24 000	8 638	8 506	8 145 lht. plan	

Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. Rekneskap bud.	Status	Kommentar
Robustbustader	16 000	0	1 000	0 Ferdig	Det er på plass fire robustbustader i Blombakkane som eit mellombels tiltak. Arbeidet vert gjennomført av Øygarden Bustadforvaltning KF.
Rode aust	0	2 656	0	2 222 Ikkje vurdert	
Rong kunstgressbane, bytte til lysarmatur	1 000	913	1 000	913 Ferdig	Prosjektet er ferdig og avslutta.
Rongesundet kai (ferjekai) - spesialinspeksjon	6 250	100	150	0 Forsinket	Tilstandskartlegging viser at det er behov for spesialinspeksjon av Rongesundet kai. Det er observert skader av betydning for kaia bæreevne. Det er i økonomiplan 2025-2026 gjort framlegg om å avsetta midlar i 2026.
Rotevågsund bru, oppgradering	1 300	660	1 300	660 lht. plan	
Rundkøyring Sotra Arena	0	23 498	0	207 Ferdig	
Rådhuset, kontroptimalisering	2 000	348	2 000	348 lht. plan	
Sal av gnr.33, bnr.162 m.fl - Porsvika	0	263	0	263 Ferdig	Salet er gjennomført.
Sal av Tveitane 13	0	149	0	85 lht. plan	
Samlepost samferdsletiltak	17 200	20 990	0	1 070 Ferdig	
Sanering av Misje skule	1 800	1 674	155	0 Ferdig	
Sanering kommunale leikeplassar	600	0	600	0 lht. plan	Prosjektet pågår.
Sansehage Tednebakkane	500	0	500	0 lht. plan	
Selstø kai	230	185	230	185 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt og avslutta.
Skogsvåg skule, glasstak	700	114	700	114 lht. plan	Prosjektet er i arbeid. Det vert nytta ekstern konsulent og gjort testar for å avklara lekkasjepunkt.
Skålevik idrettsanlegg	10 000	2 642	953	2 178 lht. plan	Entreprenør kontrahert. Det er gjort avtale med idrettslag om tidspunkt for oppgraderingar del 1.
Skålevik kunstgressbane, fjellsikring	550	643	550	643 Ferdig	
Skålevik skule, strakstiltak for å oppretthalde minimumsnivå for elever og til	1 000	1 066	1 000	1 066 Ferdig	Prosjektet er ferdig.
Snusløyfe for buss - Torsvik	10 000	286	9 931	217 Forsinket	Totalentreprise er tildelt SartorDrange. Jobbar med prosjektering opp mot fylket og Statnett.
Spildepollen barnehage, forprosjekt og bygging	46 659	39 803	0	410 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Steinsland kai, rehabilitering	200	118	200	118 Ferdig	Prosjektet er gjennomført og ferdigstilt.
Steinsvikvegen bru, nytt rekkverk	150	47	150	47 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Storkjøkkenen, større kjøkkenmaskiner	2 800	751	700	751 lht. plan	Prosjektet pågår.


Investering	Totalbudsjett		Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. Rekneskap bud.	Status	Kommentar
Stranda barnehage, skifte ventilasjonsanlegg	1 000	25	991	16 Forsinket	Prosjektet blir gjennomført i løpet av haust/ vinter 2024-2025.
Stranda barnehage, varmepumpe	900	24	900	24 lht. plan	Planlagt ferdig haust 24.
Stranda skule, varmepumpe fellesbygg	1 200	6	1 200	6 lht. plan	Planlagt ferdig haust 24.
Straume bu og servicesenter, bil	1 100	345	1 100	345 lht. plan	Anskaffelse er gjennomført, men bil kjem først i 2025.
Straume bu- og servicesenter, heildøgns plassar	19 800	45	5 400	45 lht. plan	Prosjektet pågår.
Straumsfjellet avlastning, bil	1 150	37	1 150	37 lht. plan	Anskaffelse er gjennomført, men bil kjem først i 2025.
Sulo kai - spesialinspeksjon	2 250	167	82	0 Forsinket	Tilstandskartlegging viser at det er behov for spesialinspeksjon av Sulo kai. Det er observert skader av betydning for kaia bæreevne. Det er i økonomiplan 2025-2028 avsett midlar til arbeidet i 2026.
Sund kyrkje, alarmanlegg	320	320	320	320 lht. plan	Midlane er utbetalt til kyrkja som gjennomfører prosjektet.
Sund ungdomsskule, to nye stasjonar på skulekjøkken	600	426	600	426 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Sund ungdomsskule, utbetring av uteområde	5 000	0	5 000	0 Ikkje vurdert	Dette prosjektet er i siste fase av utvikling og det vert nytta ekstern konsulent i sluttfasen.
Sundheimen, heis	913	1 035	913	1 035 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Sundheimen, nødstrømsaggregat	550	4	550	4 lht. plan	Prosjektet pågår.
Tednebakane - ombygging	10 138	23 897	0	90 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Tednebakane omsorgssenter, takheis	500	216	309	25 lht. plan	Montering kvar gang eit rom vert ledig.
Tednebakane, solskjerming	850	747	129	26 Ferdig	
Telavåg skule, miljøsanering og riving	3 000	0	3 000	0 Forsinket	Prosjektet er no iverksett og vil bli gjennomført snarast råd etter kontraktinngåing.
Ternholmvegen 4, miljøsanering og riving	400	0	400	0 Forsinket	Miljøsaneringsrapport er utarbeida. Prosjektet er ute på anbod.
Tilstandskartlegging av bruksbygg Toftøy kai	6 000 140	3 102 159	6 000 140	2 070 lht. plan 159 Ferdig	Prosjektet pågår. Prosjektet er ferdigstilt og avslutta.
Tranevågen skule, varmepumpe	1 500	6	1 500	6 lht. plan	Planlagt ferdig haust 24.
Transaksjonskostnadar eigeidomsverføringar	2 000	0	500	0 lht. plan	Pågår.
Turnusplanleggingssystem	600	0	600	0 Forsinket	
Ulveseth skule, strakstiltak for å oppretthalde minimumsnivå for elevar og tilse	2 000	2 126	2 000	2 126 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Ulveseth, sikring av brønn	200	102	200	102 Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Ulvøyna bru, oppgradering	1 080	1 441	1 080	1 441 Ferdig	Prosjektet er ferdig, og det pågår slutfakturering.
Varmepumper Tranevågen skule og Brattholmen skule	2 000	65	1 640	65 lht. plan	Planlagt ferdig haust 24.

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Kommentar
Veglys, skifting til LED lys	22 600	2 398	5 940	1 240	Forsinket	Anbudskonkurranse pågår. Forventa gjennomføring først i 2025.
Velferdsteknologi sjukeheim	27 400	5 778	13 152	115	Iht. plan	Konkurransegrunnlag Kvednatunet klart. Ekstern konsulent vil videreføra dette i samarbeid med Helse og velferd.
Velferdsteknologisk knutepunkt	500	4	496	0	Forsinket	
Vestresundet bru, spesialinspeksjon	3 750	0	250	0	Forsinket	Bruinspeksjon har avdekka skader ned betydning for bereevne og trafikktryggleik. trafikktryggleiken er nedsett grunna mangelfulle overgangar og skarpe endeavslutningar. I økonomiplan 2025-2028 er det avsett midlar i 2026 til arbeidet.
Veten dagsturhytte	818	1 723	0	205	Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Vik kai - spesialinspeksjon	5 050	21	250	21	Forsinket	Tilstandskartlegging viser at det er behov for spesialinspeksjon av Vik kai. Det er observert skader av betydning for kaia bæreevne. I økonomiplan 2025-2028 er det avsett midlar i 2026 til arbeidet.
Vik kryss - Trafikksikring Toftøy FV 561	1 584	963	625	4	Iht. plan	
Ågotnes kunstgressbane, bytte til lysarmatur	1 000	817	1 000	817	Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Ågotnes skule - utbetring av uteområda	5 350	5 822	5 049	5 522	Ferdig	Prosjektet er ferdigstilt.
Sum andre prosjekt	463 934	617 082	3 000	17 272		
Sum	3 194 075	1 273 861	369 250	240 538		

Samfunnsdelen til kommuneplanen

24. mars 2022 vart samfunnsdelen til kommuneplanen for Øygarden kommune vedteken.

Samfunnsdelen er det viktigaste styringsverktøyet til kommunen, og handlar om korleis vi skal utvikla tenestene og leggja til rette for god samfunnsutvikling dei neste 12 åra. Planen er utarbeida i samarbeid med innbyggjarar, næringsliv, lag og organisasjonar, tilsette, folkevalde og andre aktørar.



Logoen til Samfunnsdelen til kommuneplanen

Kommuneplanen sin samfunnsdel er bygd opp rundt fem hovudmål, som skildrar viktige satsingar for den langsiktige utviklinga av Øygarden kommune:

- Øygarden er ein god stad å bu.
- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet.
- Øygarden er eit kompetent, innovativt og produktivt samfunn.
- Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn.
- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ.

Alle hovudmåla har tilhøyrande delmål og strategiar. Delmåla fortel korleis vi ønsker å ha det i framtida innanfor hovudmålet, medan strategiane handlar om kva vi må gjera for å nå måla våre. I 2024 vart prioriterte mål og strategiar brote ned i oppdrag av kommunalsjefane. Oppdraga vart så delegert ut til dei ulike einingane, som har følgd opp/ løyst oppdraga med ulike oppgåver og aktivitetar. På same vis er verbalvedtak og politiske tilleggsbestillingar blitt følgd opp. Under kapitela til dei ulike kommunalsjefsområda/ tenesteområda, vert dei viktigaste aktivitetane i 2024 som er relatert til dei ulike hovudmåla gjort greie for. Vidare vert dei ulike oppdraga kommentert i kapitlet "Oppfølging av vedtak og oppdrag".

Klima og miljø

Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) har eit hovudmål med tilhøyrande delmål, som omhandlar klima og miljø:

Øygarden er eit klima- og miljøvenleg samfunn.



Turøybrua | Foto: Kyrre Flotve

Delmål:

- Øygarden kommune er ein klimaansvarleg og miljøbevisst organisasjon
- Øygarden er eit berekraftig lågutsleppsamfunn
- Øygarden er staden for gode naturopplevingar, fordi vi tek vare på naturen vår, på land og i sjø

Bærekraftsmål 17 *Samarbeid* er ein viktig føresetnad for å nå måla.



Dette har vi gjennomført i 2024


Sikra aktiv og koordinert klima- og miljøleing i kommunen

Som ein oppfølging av KPS og oppdrag i verksemdsplanen vart det i 2024 frigjort ressursar til å jobba overordna med klima og miljø i kommunen, og fleire av strategiane knytt til det første delmålet i KPS har vore følgt opp aktivt.

Klimarekneskap

I juni 2024 offentliggjorde kommunen sitt første **klimarekneskap** for drifta si. Dette viser klimaavtrykket vårt knytt til forbruk av drivstoff og energi, samt kjøp av varar og tenester.

Nøkkelresultat 2023	Tonn CO ₂ -ekvivalentar	
	2023	2024 (foreløpige tal)
Direkte utslepp – drivstoff og naturgass	621	579
Energibruk – elektrisitet og fjernvarme	1 240	1298
Indirekte utslepp – kjøp av varar og tenester	19 088	



Direkte klimagassutslepp - Forbruk av drivstoff

Årstal	Diesel	Bensin
2023	81 323,1 liter	4 418,5 liter
2024	96 073,4 liter	3 878,3 liter

Auke i dieselforbruk heng saman med at Øygarden brann og redning vart avvikla som KF og lagt inn i den kommunale drifta, saman med bilparken sin. Ved rådhuset er det etablert ein kommunal bildelering, der bilar som tidlegare har vore knytt til einskilde einingar, no vert nytta på tvers av kommunalsjefsområde og einingar. Dette har gitt ein meir effektiv bruk av bilparken. Det er inga endring i tal elbilar i 2024. I 2025 er det planlagt ei større utskifting av bilar som vil auka andelen elbilar og redusera bruk av fossilt drivstoff.

Energibruk – elektrisitet og fjernvarme

Årstal	Elektrisitet kWh	Fjernvarme kWh	Naturgass/LPG kWh	Bioenergi kWh
2022	26 467 763	1 660 923	697 985	126 000
2023	27 279 041	1 871 544	1077184	222 200
2024	26 607 183	2 833 488	897 253	0

Oppdatering av energiovervakingsystem som vart gjennomført hausten 2024, gir oss betre overvaking og kontroll på energiforbruket vårt, og meir riktige tal. Kommunen har i 2024 teke bioenergi ut av sin energimiks. Det er gjennomført følgjande energiltak ved byggdift:

- Skifta LED-lys på Øygarden ungdomsskule – redusert energiforbruket med 11%
- Skifta LED-lys på Landro skule – redusert energiforbruket med 12%
- Skifta sentralt styringssystem på Straume terapiserter – redusert energiforbruket med 21%
- Reetablert energiovervakingsystem ved Ågotnes skule (har lagt brakk eit par år)
- Integrert Aktiv kommune mot 10 sentrale styringssystem (SD-anlegg) ved lokale som vert leigd ut, slik at det berre vert lys og varme i lokala dersom dei er booka i Aktiv kommune.
- Energiovervakingsystemet viser eit mindre forbruk av elektrisitet på 671 858 kWh for heile kommunen samanlikna med 2023, tilsvarande redusert el.forbruk med 2,5 %.

Indirekte klimagassutslepp – kjøp av varer og tenester

Klimarekneskapen viser at hovudtyngda av klimaavtrykket frå den kommunale drifta kjem frå kjøp av varar og tenester, og inkluderer m.a. transport og reiser, utbygging, vedlikehald og renovasjon av bygg samt kjøp av materiale. Ved å identifisera dei største bidraga til utslepp, kan kommunen gjera målretta tiltak for å få ned utsleppa. Dette vil bli jobba vidare med i strategiplan for klima og energi som skal utarbeidast i perioden 2025-2026.

Grøne lån og korleis klima og miljø vert vekta i offentlege anskaffingar

I januar 2024 vart det innført endringar i forskrift om offentlege anskaffingar. Endringane sett krav om 30 % vektig av klima- og miljø i offentlege anskaffingar. I juni 2024 vedtok kommunestyret Anskaffingsstrategi for Øygarden kommune 2024-2027, der fokus på klima og miljø vart løfta fram. Det nye kravet er lagt til grunn for konkurransar i 2024, m.a. knytt til rammeavtale for 12 ulike anleggs- og handverkartenester, samt ved utarbeiding av konkurransegrunnlag for ny ungdomsskule på Bildøy. Gjennom konkurransegrunnlaget for Fjell ungdomsskule er det også tatt høgde for å innfri kriteria for grønne lån frå kommunalbanken. Slike lån gir rabatterte rente til klima- og miljøvennlege investeringar.

Klima- og miljøvennleg arealbruk

I 2024 var kartlegging av naturverdiar i Øygarden kommune, ein sentral aktivitet i arbeidet med kunnskapsgrunnlaget til kommuneplanen sin arealdel (KPA). Det er gjennomført landskapsanalyse og strandsonekartlegging, i tillegg til utarbeiding av interne delrapportar. Det er også gjort ei oppsummering i [Kartforteljing – Verdiar i Øygarden](#).

Leggja til rette for grøn omstilling og næringsutvikling

Næringsutvikling og grøn omstilling har hatt stort fokus i 2024. Kommunen har etablert eit internt næringsnettverk, der tilrettelegging for grøn omstilling er sentralt tema. Det har vore arbeida aktivt

med områderegulering i Energiparken, som skal legga til rette for etableringar som bygger opp om Northern Lights. CO2-fangstanlegget Northern Lights hadde offisiell opning i september 2024, og er venta å få første leveranse av CO2 våren 2025.

Det er i tillegg stor aktivitet knytt til framføring av kraft til Kollsnes og Energiparken. Ein av Europas største kraftstasjonar - Øygardsstasjonen, fekk konsesjon i 2024. Vidare har det vore arbeidd med Øygardskabel 2 og planlegging av ny linje frå Samnanger. Dette er eit pågåande arbeid. Internt i kommunen er det oppretta eit Kraftlag for å handtera saker og utfordringar knytt til temaet.

Gjennom Grøn Region Vestland sitt arbeid med klyngar og hubar, vart Ågotnes Maritime Cluster sett i gong hausten 2024. Øygarden kommune har nå to regionale klyngar (Energiparken og Ågotnes Maritime Cluster) som samarbeider på tvers av verdikjeder om tilrettelegging for lønsam næringsdrift og betre samarbeid om ressursar. Kommunen er med som støttespelar i hubbane.

Miljøretur av IT-utstyr

Kommunen har i dag rammeavtale for IKT-utstyr som ikkje inkluderer miljøretur. Vi har derfor ei returordning med Foxway, der utstyr (PC-ar, nettverkskort, skjermar o.l.) vert samla inn, resirkulert og gjenbrukt ved vidaresal. Deler av salssummen tilfall kommunen. Gjennom denne returordninga har kommunen bidratt med følgjande gjenbruk, redusert CO2-utslepp og redusert bruk av straum og vatn:

Miljøretur – IKT-utstyr	2020	2021	2022	2023	2024
Gjenbrukte einingar	339	354	1 956	566	287
Resirkulerte einingar	915	985	504	417	209
Tonn CO2 spart	109	122	552	145	75
kWh spart	79 133	90 359	421 447	91 056	58 555
Liter vatn spart	105 050	119 000	550 850	120 350	63 300

Det høge talet gjenbrukte einingar i 2022 er knytt til nødvendig utskifting av Chromebooks i skulen.


Elektroniske journalsystem sparar papir og transport

I 2024 vart det innført elektronisk journalsystem i Barneverntenesta og i Barne, ungdoms- og familietenesta. Dette gjer det mogleg å kommunisera digitalt med spesialisthelsetenesta, fastlegar og brukarar. Det er effektivt, i tillegg til at det reduserer bruk av papir og forsendingar per brev.

Klima og miljø - nokre glimt frå Øygardssamfunnet

Samkøyringsprosjektet NaboGo held fram

Samkøyringsprosjektet med Nabogo-appen vart starta i september 2023 av Skyss, finansiert gjennom Miljøløftet, og inkluderte kommunane Bergen, Askøy og Øygarden. Turmåla for prosjektet vart passert allereie etter eit par månader. Tal for 2024 viser at vi har 1 349 brukarar av appen i Øygarden, og at det er samkøyrte 21 305 turar. Største delen av turane vert gjort internt i kommunen, og dei fleste startar eller sluttar på Straume. Turfordeling gjennom døgnet viser toppar i rushtida, men også betydeleg bruk utanfor rushtid. Dette kan tyda på at appen ikkje berre vert nytta av pendlarar, men også dekkjer eit generelt mobilitetsbehov, og at det er eit potensiale for samkøyring til fritidsaktivitetar.



Framleis stor ryddeinnsats i strandsona

Også i 2024 har ØyVAR og BOF teke hand om infrastrukturen kring rydding av marint avfall. I fjor vart det samla og levert om lag 43 tonn marint avfall til ØyVAR. Mange lag, organisasjonar og verksemder har vore i aksjon, både frå Øygarden kommune og omlandskommunane. Mange av desse registrerer sine aktivitetar i appen RYDDE, der det i 2024 vart registrert 146 ryddeaksjonar, med 1 919 deltakarar og 459 km rydda strandline. Både grunnskulen og vidaregåande skule deltar aktivt i strandryddinga i kommunen, og ungdommane ved TAM (tryggleik, ansvar, meistring) bør nemnast spesielt, då dei har gjort ein innsats i fleire år, og ryddar om lag 10 tonn marint avfall kvart år.

I september hadde Landro skule besøk av miljøforkjemparen Afroz Shah, Indias svar på Kenneth Bruvik. Saman med NORCE riggar dei to eldsjelenes eit prosjekt med strandrydding, folkeforskning og forskingsbu lokalisert i Sørvalen på Landro.



Elevlar ved Landro skule

Øygarmot – næringslivet sitt miljønettverk

Allereie i 2022 etablerte næringslivet i Øygarden sitt eige miljønettverk, Øygarmot. Saman med Studio Vestland har det også vore laga fleire podkastar. Miljøengasjerte verksemder har i 2024 hatt tre treff med innleiarar, erfaringsdeling og gruppediskusjonar. På treffet i oktober fekk kommunen sin klima- og miljørådgjevar delta og presentera kommunen sitt overordna arbeid på feltet. Frå januar 2025 gjekk Øygarmot inn som miljønettverk i Vest næringsråd.

Wastech – ein innovativ sirkulær forretningsmodell

Wastech har utvikla ei komplett storskala teknologiløysing for å omdanna matavfall til næringsrik, levande jord og gjødsel. Dei opna sitt første prosessanlegg i oktober 2024 i Idrettsvegen på Straume. Konseptet inneber å samla inn matavfall frå verksemder i kommunen, omdanna det til næringsrik jord og gjødsel, og finna lokale kunde grupper og distribusjonskanalar av desse produkta.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Arbeidet med Strategiplan for klima og energi startar opp i 2025, og skal vera ferdig i løpet av 2026. Her skal kommunen setta seg mål for reduksjon av klimagassutslepp, definera strategiar for å nå reduksjonsmåla, i tillegg til å leggja strategiar for at vi kan bli eit lågutsleppsamfunn med fokus på grøn mobilitet, sirkulær økonomi og effektiv og fleksibel energibruk.
- Arbeidet med Strategisk planprogram for KPA held fram i 2025. Gjennom året skal verdiane som er kartlagt samanstillast med utviklingsstrategiar for m.a. næring og bustad, og det skal drøftast strategiar og prinsipp for arealbruk som mellom anna møter klimautfordringane og naturkrisa.
- Oppfølging av Kommunedelplan for vatn, avløp og overvatn 2023-2035 vil ha fokus i 2025. Planen har viktige tiltak knytt til mellom anna oppfølging av dei 4 000 private septiktankane i kommunen og forvaltning av vassressursane våre. Dette arbeidet vert gjort i samarbeid med ØyVAR. Det vil starte opp i 2025, men vil strekka seg over fleire år. Planen vil også bli følgt opp med omsyn til tiltak knytt til tema overvatn.
- Oppfølging av Øygarden 2040 vil innebera store utbyggingsprosjekt, og det vil vera stort fokus på korleis vi best mogleg sikrar klima og miljø i eit livsløpsperspektiv for bygga. Dette omhandlar mellom anna val av lokalisering, materiale, maskinar ved utbygging, energiløysingar, og riving og ombruk av materiale ved livsløpets slutt.
- Klimarekneskapen som vart levert i 2024 skal utviklast og nyttast aktivt for å redusera kommunen sitt klimaavtrykk. Dette vil vera eit viktig moment i strategiplan for klima og energi. Vidare skal vi nytta kunnskapen om klimaeffekt i forvaltinga av areala våre, mellom anna gjennom arealplanlegginga vår.

Oppfølging av politiske saker



III. Mostpgotos

Tabellen under viser tal på møte og saker i råd og utval frå 2022 til 2024.

Den politiske organiseringa er endra frå ny kommunestyreperiode etter 26.10.23. Enkelte utval er difor lagt ned, medan nye utval er lagt til.

Utval	Saker 2024	Tal møte 2024	Saker 2023	Tal møte 2023	Saker 2022	Tal møte 2022
Kommunestyret(KS) *	185	8	223	9	122	8
Formannskapet (FS) *	129	13	116	10	160	14
Utval for plan (UFP) * - lagt ned 25.10.23	-	-	110	9	187	10
Utval for samfunnsutvikling (UFS) * - lagt ned 25.10.23	-	-	34	5	52	8
Utval for tenester og levekår (UTL) * - lagt ned 25.10.23	-	-	53	5	82	9
Plan- og miljøutvalet – nytt frå 26.10.23	105	10	48	2	0	0
Levekårsutvalet – nytt frå 26.10.23	81	8	21	2	0	0
Kommuneplanutvalet – nytt frå 26.10.23	24	8	5	1	0	0
Administrasjonsutvalet (ADMU)	23	4	25	4	27	5
Eldrerådet (ER)	51	7	43	6	42	7
Ungdomsrådet (UR)	55	8	50	7	46	8
Råd for personar med funksjonsnedsetjing (RFF)	46	8	50	7	46	7
Kontrollutvalet	47	6	51	6	49	5
Valstyret	7	1	23	5	0	0
Valutvalet (valnemnda)	32	5	29	5	9	1
Klageutvalet – nytt frå 26.10.23	21	3	1	-	-	-
Sum	806	89	764	76	764	76

Saker vert følgt opp av saksbehandlar i sakssystemet WebSak og ved rapportering til kommunestyret i kvartalsrapportar. På nettsida kan ein finna oversikt over alle møte med sakspapir, vedlegg, innkallingar og protokollar.

Øygarden kommune straumar møta i fleire utval ved å nytta Aventura [kommune-TV](#). Vi straumar møte i fleire utval enn dei fleste kommunar. På kommune-TV kan ein sjå møta «live» og i opptak, samstundes som ein kan sjå sakspapira. Dette er ein god service både til tilsette og innbyggjarane.

Innbyggjarforslag

Ordninga med innbyggjarforslag (innbyggjarinitiativ) gir innbyggjarane i Øygarden rett til å fremja forslag til kommunestyret om tema som gjeld verksemda i kommunen. Minst 300 innbyggjarar som er folkeregistrert i kommunen må stilla seg bak forslaget. I same valperiode kan det ikkje settast fram forslag med same innhald som eit tidlegare innbyggjarforslag. Det kan heller ikkje settast fram innbyggjarforslag med same innhald som ei sak som er behandla av kommunestyret i valperioden.

Følgjande innbyggjarforslag vart behandla i kommunestyret i 2024:

- Innbyggjarinitiativ - Ber om at drifta av Terna barnehage held fram

Folkevaldopplæring og studieturar

- Den 16.01.24-18.01.24 var det folkevaldopplæring for nye folkevalde. Her var kommunestyret, levekårsutvalet, plan- og miljøutvalet, kommuneplanutvalet og kontrollutvalet inviterte. Første del av folkevaldopplæringa vart halde i november 2023.
- Plan- og miljøutvalet og kommuneplanutvalet hadde ein felles opplæringsdag 28.08.24
- Levekårsutvalet gjennomførte studietur til utvalde tenestestadar på austlandet 28. og 29. mai 2024. Målsettjing med studieturen var å få større kunnskap om mellom anna storskuledrift, ressurs hus (barnevernstiltak), kulturskuledrift og demensomsorg i omsorgsinstitusjonar. I tillegg fekk utvalet eit møte med representantar i Helse- og omsorgskomiteen på Stortinget.

Status politiske vedtak (samla tabell per org.område)

Politisk

Verbalvedtak

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 220/23: Auka kostnadsmedvit i samband med politiske møte, opplæring, overnatting og reise.	Iht. plan	Låg risiko	• Vedtaket vert følgt opp.

Kommunedirektør

Verbalvedtak

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 220/23: Jobbe for at fleire fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar vert lokalisert i kommunen.	Iht. plan	Middels risiko	• Kontinuerleg arbeid, også sett i samanheng med utvikling av Stovevatnet og ny vidaregåande skule. Ei viktig sak også for Framtidssamfunnet.

Politiske tilleggbestillinger

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 043/24 Framtidssamfunnet	Iht. plan	Middels risiko	- Sak om mandat og organisering vart behandla i kommunestyret i KS-sak 120/24, 03.10.2024. - Arbeidet med å etablere Framtidssamfunnet pågår.
KS-sak 054/19 Invitere næringslivet og utdanningsinstitusjonar til å etablere eit senter for utvikling av velferdsteknologi	Iht. plan	Låg risiko	Arbeidet med utgreiing av ulike modellar og finansieringsløyser pågår. Det vert vist til eigen sak om Framtidssamfunnet.
KS-sak 058/23 Fremja ei oppstartsak for å etablere 30 nye omsorgsbustadar i 2025. Vedtak i plan for framtidige helse og velferdstenester 2021	Iht. plan	Låg risiko	Vi viser til KS-sak 131/24. Her vart det vedtatt å bygga inntil 80 nye heildøgns plassar på tomte der parkeringshuset i tilknytning til Fjell sjukeheim er plassert. Det er lagt inn midlar til bygging i økonomiplanen for 2025-2028.

Finans og økonomi

Verbalvedtak

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 220/23: Meirinntekter utover vedtatt budsjett	Iht. plan	Låg risiko	Vedtaket vert følgt opp.
KS-sak 121/22 Sal av aksjane i BIR	Iht. plan	Låg risiko	- Kommunestyret har i KS-sak 121/22 gjort vedtak om sal av aksjane i BIR. - Med bakgrunn i at det kjem strengare klima- og miljøkrav gjennom EU, som også krev investeringar for renovasjonsselskapa, har kommunedirektøren i revidert eigarskapsmelding tilrådd å avventa sal av aksjane.
KS-sak 220/23: Eigenandel tryggleiksalarmar	Ferdig	Låg risiko	Tiltaket er gjennomført.
KS-sak 220/23: Kommunen skal stille tenlege miljøkrav ved anbod og innkjøp.	Forsinket	Låg risiko	Det vert stilt miljøkrav ved anskaffingar, men arbeidet med å laga rettleiar er forsinka.

Politiske tilleggbestillinger

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 043/24 Driftstilpassing administrasjon	Iht. plan	Låg risiko	- Agenda Kaupang har gjennomført ein administrasjonsanalyse, som viste at administrative kostnader i Øygarden kommune ikkje skil seg ut frå gjennomsnittet av samanliknbare kommunar. - Det vert arbeidd med å følgja opp tilrådde tiltak frå analysen.

Planoppfølging

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
Digitalisering	Iht. plan	Middels risiko	- Beredskapsplan for IKT vart utarbeidd i 2024. Innføring av SOC sikkerheitsløyser er i arbeid. - Nytt helsestasjonssystem, nytt barnevernssystem og Oppvekstadministrativt system er tatt i bruk. Nytt legekantorsystem er i anbudsfasen.

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
			- Skanning og digitalisering av byggesaksarkiv i tidlegare Sund kommune vert arbeidd med. - Kommunen er aktiv deltakar i DigiVestland.
Eigarskapsoppfølging	Iht. plan	Låg risiko	- Eigarskapsmeldinga er revidert og vedtatt av kommunestyret 31.10.24. - Eigarskapsdag for formannskapet vart gjennomført 26.08.24.
Etablere verksemdsstyring i organisasjonen	Iht. plan	Låg risiko	Kontinuerleg arbeid med aktivitetar/ oppgåver knytt til m.a. opplæring/ oppfølging av leiarar, samt finne føremålstenlege indikatorar og nøkkeltal.
Revidering av innkjøpsstrategi for Øygarden kommune	Ferdig	Låg risiko	Anskaffingsstrategi er utarbeidd og vart behandla i kommunestyret 20.06.24.
Vurdera å ta opp grønne lån	Iht. plan	Middels risiko	Vert vurdert for det enkelte investeringsprosjekt. Nye Fjell ungdomsskule er eit aktuelt prosjekt for opptak av grønt lån.

Organisasjon og beredskap

Planoppfølging

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
Digitalisering for å effektivisera arbeidsflytar og arbeidsprosessar	Iht. plan	Låg risiko	- Det er sett av midlar til digitale arbeidsavtalar i 2025. - Digitale prosessar knytt til "on-og off-boarding" er under arbeid og vert avslutta våren 2025.
Redusera sjukefråvær ved å utvikla helsefremjande arbeidsplassar	Iht. plan	Middels risiko	- Sjukefråværstala i Øygarden kommune var omlag det same i 2024 som i 2023 - ca. 10%. - Prosjektet "Jobben gjer frisk" har etablert 10 tiltak. For å kunna vurdera effekt må tiltaka pågå over tid. - Sjukefråvær er regelmessig tema på både politisk og administrativt nivå: Kommunalsjefs-Amu (KAMU), Hovud-Amu (HAMU), i administrasjonsutvalet, i formannskapet og kommunestyret. Det er tema på alle overordna leiarmøter i dei ulike områda.
Robust og myndiggjort leiarskap	Iht. plan	Låg risiko	- Det er arbeidd systematisk med leiarutviklingsprogrammet Relasjonell kapasitet, for heilskaplege løysingar og samarbeid på tvers. - Leiingskompasset vert brukt aktivt. Nytilsette leiarar får info om føremål og korleis det kan nyttast. - Revidert/ utvikla leiarsamlingane til kommunedirektøren og utvida leiargruppe.
Utarbeida overordna kompetanseplan	Forsinket	Låg risiko	Det er prioritert midlar til kompetansemodul i kommunedirektøren sitt framlegg til budsjett 2025.

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
			Når dette er på plass vil arbeidet med kompetanseoversikt og kompetanseplan kunna lagast.
Utvikla innbyggjartorg og bibliotek-tilboda	Ferdig	Låg risiko	1. juni vart bibliotek og innbyggjartorg organisert inn under kommunalsjefområdet Samfunnsutvikling. Dette skal gjera det enklare for innbyggjarane å få kontakt med kommunen til dømes i høve plansaker, byggesaker og andre enkeltsaker. - Øygarden kommune er plukka ut til å delta i eit treårig prosjekt, der målet er å betra kontakten mellom brukarane våre og statlege instansar.
Vidareutvikla arbeidet med beredskap og samfunnstryggleik	Iht. plan	Middels risiko	- Overordna ROS er under arbeid, og vert slutført i mars 2025. - Planverk i Compilo er oppdatert. - Ny beredskapssjef starta i stillinga 01.12.24.
Vidareutvikla arbeidet med heiltidskultur i kommunen	Iht. plan	Låg risiko	- Det er testa ut ulike arbeidsordningar i samarbeid med kommunalsjefområda. - HR fagleiarar og eininga HR, forvaltning og kompetanse, sikrar at tilsettingsrutinar for faste stillingar og ved vikariat, byggjer ut stillingar på tvers av einingar, fag og kommunalsjefområda, når det er mogleg.
Vidareutvikla vikarpool	Iht. plan	Middels risiko	- Kompetanse- og bemanningssenteret er i ordinær drift og har ved årsskiftet 22 fast tilsette og 18 ringevikarar - I 2024 tok senteret imot overtalloger frå Oppvekst (omstilling) - Det har vore utfordrande å finna ei felles løysing for å ha tilgjengelege vikarar med ulike arbeidsavtalar - særleg turnus/ ikkje turnus

Helse og velferd

Verbalvedtak

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 177/21 Nye rus- og psykiatribustader	Forsinket	Høg risiko	- Er kartlagt behov for nye psykiatribustader gjennom arbeidet med Øygarden 2040 og bustadsosial handlingsplan. - Til personar med vanskar knytt til rus- og psykiatri er det mellombels etablert robustustader, og fleire er under etablering.
KS-sak 220/23: Brukarundersøkingar innan omsorgstenestene	Iht. plan	Låg risiko	- Gjennomført brukarundersøking for heimetenestene. - Skal gjennomføra brukarundersøking for menneske med nedsett funksjonsevne våren/ sommaren 2025.
KS-sak 220/23: Bustadløyse	Forsinket	Middels risiko	Arbeidet pågår. Fire bustader er på plass (mellombels tiltak), fem robustustader er under etablering

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
			- Lokalisering av varige bustader er under arbeid. - Jf. KS-sak 006/25 skal administrasjonen koma attende med sak hausten 2025 om lokalisering robustbustader
KS-sak 220/23: Evaluering av aksjonssenteret	Ferdig	Låg risiko	- KS-sak 096/24 evaluering bruk og effekt av aksjonssenteret vart behandla i juni. - Kommunestyret bad då om at intensjonane for aksjonssenteret vart vidareført i det pågåande arbeidet med omstilling av tenestetilbodet innan Helse og velferd.
KS-sak 220/23: Kompetansesenter for å vidareutvikle velferdsteknologi	Ikke startet	Høg risiko	Må sjåast i samanheng med eit bredt arbeid som pågår innan digitalisering/ velferdsteknologi, m.a. KS-sak 054/19 Senter for velferdsteknologi og KS-sak 043/24 Framtidssamfunnet.
KS-sak 220/23: Prøveprosjekt, auka grunnbemanning	Ferdig	Låg risiko	- Politisk sak vart handsama i råda og i Levekårsutvalet 30. april LKU-sak 020/24. - Pr. juni 2024 - løyvd tilskot frå Statsforvaltaren til oppstart av prosjekt på LMS, som er beskrive i saka. Øvrige tiltak vert følgt opp i tråd med vedtak. - Må sjåast i samanheng med KS-sak 043/24 Omstilling Helse og velferd jf. PwC-rapport.

Politiske tilleggbestillinger

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-vedtak 043/24 Omstilling helse og velferd jf. PwC rapport	Iht. plan	Middels risiko	Identifiserte prosjekt som m.a. omhandlar optimalisering/ effektivisering av ressursbruk, samhandling og forventningsavklaring for innbyggjarane: - Bemanningsplanar ved institusjonane - Organisering av kommunalsjefsområde - Førebyggjande tiltak - Utarbeiding av tenestekatalog - Innføring av nye teknologiske løysingar Arbeidet med nokre av prosjekta er godt i gang, men fleire prosjekt er sett på vent grunna kapasitet. Det vert rapportert politisk til UTL.

Planoppfølging

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
"Bu trygt heime" - Oppfølging av St.m 24	Forsinket	Middels risiko	- Fleire tiltak som stortingsmeldinga skisserer vert arbeidd med, til dømes frivillig innsats, transportordningar og framtidssretta buformer. - Strategi for framtidssretta bustadutvikling vert tema i Øygarden 2040.
Arbeids- og karrieremoglegheiter for brukarar av helse og sosiale tenester	Iht. plan	Middels risiko	Ulike tiltak og prosjekt er sett i verk, døme: IPS (Individuell jobb støtte), Øygarden-modellen og tiltak retta mot flyktningar.

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
Etablere heildøgns teneste ved Straume bu og servicesenter	Forsinket	Middels risiko	- Det er tilsett personell i samband med opptrappinga, som er godt i gang. - Ombygging for å tilpassa drift til heildøgnssteneste er forsinka.
Nytte rett kompetanse til rett tid	Iht. plan	Middels risiko	- Øygarden kommune deltek i nasjonalt program i regi av KS - TØRN. Dette er eit krevjande program knytt til oppgåveforskyving - heiltidskultur m.v. Det vert m.a. tilsett servicemedarbeidarar på institusjonane. - Nokre einingar har delteke - andre kjem med i 2025.
Oppfølging av bustadsosial temaplan	Iht. plan	Middels risiko	- Sak om framtidig organisering av bustadsosialt arbeid vart vedteke politisk i juni, KS-sak 094/24. - Arbeidet med å etablere eit bustadkontor er i gong, og vert organisert under Helse- og velferd med oppstart i 2025.
Oppfølging av gjennomføringsplan for helse og velferdstenester	Forsinket	Høg risiko	- Fleire tiltak er gjennomført etter plan, andre er ikkje starta. - Vidare arbeid må også sjåast i samheng med KS-sak 043/24 Omstilling Helse og velferd, jf. PwC-rapport og gjeldande økonomiplan. - Link: Utfyllande statusskildring 3. kvartal oppdrag gjennomføringsplan helse velferdstenester.docx
Opptrappingsplan for psykisk helse - St.m 23 - følge opp innsatsar i tråd med plan	Forsinket	Høg risiko	- Barn og unge: Etablert samhandlingsarenaer og rutinar for samarbeid med Oppvekst knytt til tiltak i Førebyggjande plan - Vaksne: *TryggEst-modellen er sett i drift. Den skal avdekka og handtera vald og overgrep mot vaksne. *Rask psykisk helsehjelp, lågterskeltilbod der behandlinga mest føregår i grupper. *Housing First, søkt eksterne tilskotsmidlar til forprosjekt. *Utvida rusteneste, etablert to nye stillingsressursar.
Prøve ut velferdsteknologiske løysingar i kontrollerte miljø	Iht. plan	Middels risiko	- Tiltak som er ferdigstilt: Innføring Velferdsteknologisk knutepunkt (VKP) - overføring av alarmer på velferdsteknologi til pasient/brukar sin journal. Innføring DigiHelse - digital kommunikasjon mellom brukar og pasientjournal. - Under arbeid: Nyskaffing legejournal for legetenesta og legevakt. Digital sjukepleiar drop-in - sjukepleiarkonsultasjon utan fysisk oppmøte for sjukepleiar i heimen.
Redusere talet på langtidsmottakarar av sosialhjelp	Forsinket	Høg risiko	Kontinuerleg fokus på aktivitet og tiltak knytt til reduksjon av økonomisk sosialhjelp. Omhandlar m.a. styrka tilbod om individuell jobbstøtte og bruk av kvalifiseringsprogram.
Samordning og heilskap innan psykisk helseteneste for barn og unge	Ferdig	Låg risiko	Oppvekst har hovudansvar og leiar arbeidet med samhandling av tenester til barn og unge, samt

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
			arbeidet med førebyggjande plan. Helse og velferd deltek i dette arbeidet. • Nav, Psykisk helse, avlastningstenester, friskliv og meistring, eining for menneske med nedsett funksjonsevne med fleire har ei rekke ulike tiltak og tilbod innan området, som vil halda fram.

Oppvekst

Verbalvedtak

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 121/22 Heiltidstilsette vikarar ved ungdomsskulane	Iht. plan	Låg risiko	• Er tilsett faste vikarar på dei fire ungdomsskulane. • Ikkje signifikant skilnad på sjukefråværet samanlikna med tidlegare, men rektorane melder at dette gir meir fleksibilitet til å handtere fråvær
KS-sak 121/22 Pilotprosjekt med fast tilsette vikarar	Ikke startet	Høg risiko	• Med unntak av ein skule, er det ikkje tilsett faste vikarar på barneskulane. Løns- og vikarbudsjettet ikkje gir rom til det.
KS-sak 121/22 Samarbeid skule - næringsliv	Ferdig	Låg risiko	• Er etablert samarbeidsforum mellom skulane og næringsliv i regi av Vest næringsråd. • Energimesse for skulane i Øygarden vert arrangert årleg.
KS-sak 177/21 Psykososialt miljø i skulane	Iht. plan	Middels risiko	• Etablert miljøretteleiarstillingar på ungdomssteget og på fleire av barneskulane, som m.a. skal arbeida med læringsmiljø og skulefråvær.
KS-sak 177/21 Ressursar til spesialpedagogisk undervisning	Iht. plan	Middels risiko	• Planlagde aktivitetar er i rute. Omhandlar m.a. oppfølging av BDO rapport om spesialundervisning i skulane, og spesialpedagogisk hjelp i barnehagane.
KS-sak 177/21 Samarbeidet mellom lokale bedrifter og ungdomsskulen	Iht. plan	Låg risiko	• Er etablert samarbeidsforum mellom skulane og næringsliv i regi av Vest næringsråd. • Energimesse for skulane i Øygarden vert arrangert årleg.
KS-sak 177/21 Tidleg innsats	Iht. plan	Låg risiko	• Arbeid med grunnleggande ferdigheiter og tidleg innsats er høgt prioritert i skulane. • Er konkretisert gjennom satsinga Språkkommunen Øygarden Om oss - Språkkommunen Øygarden
KS-sak 220/23: Alternativ opplæring i skulen.	Ferdig	Låg risiko	• Behandla i KS-sak 154-24: Utgreiing av etablering av fleire plassar for alternativ opplæring i skulen.
KS-sak 220/23: Satsingsområde for kompetanseheving i barnehagar og skular.	Ferdig	Låg risiko	• Behandla i Levekårsutvalet i november, sak 24/7729: Satsingsområde for barnehage og skule i Øygarden kommune.

Politiske tilleggsbestillinger

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 043/24 Driftstilpassing oppvekst	Ferdig	Låg risiko	Barnehage- og skulebruksplan for Øygarden kommune vart sluttbehandla i kommunestyret i desember 2024.

Planoppfølging

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
Effektiv drift av kommunale barnehagar	Ferdig	Middels risiko	- Arbeidd kontinuerleg med å tilpassa tal tilsette til talet på barn i dei kommunale barnehagane. - Reduksjon i omlag 30 årsverk frå barnehageåret 2023/2024 til 2024/2025, grunna lågare barnetal. - Barnehagane Ågotnes og Hamramyra vart slått saman 15. august 2024.
Førebygging og utanforskap	Ferdig	Låg risiko	Høyringsutkast plan for førebygging av åtferdsvanskar og utvikling av omsorgssvikt hos barn og unge, vart fremja i kommunestyret desember 2024, og vedteke av kommunestyret i februar 2025.
Implementera samhandlingsmodellen for betre tverrfagleg innsats (BTI)	Ferdig	Låg risiko	BTI-modellen er tatt i bruk i skular og barnehagar, samt i BUFT, PPT og barnevern.
Meir variert og praktisk undervisning i skulane	Iht. plan	Låg risiko	- Skulane sitt budsjett er styrka for å vri undervisninga til å bli meir praktisk og variert. - Det er tildelt midlar til dette formålet frå Utdanningsdirektoratet.
Oppfølging av plan for framtidens skule i Øygarden	Iht. plan	Låg risiko	- Vert følgt opp gjennom løpande kvalitetsdialog i skulane. - Er jamleg tema på skuleleiarsamlingar. - Utarbeida ny mal for kvalitetsdialog og årsmelding for skulane, som vert tatt i bruk frå 2025.
PP- tenesta tett på skular og barnehagar	Ferdig	Låg risiko	- PPR har faste kontaktpersonar i alle barnehagar og skular. - Er med i ulike arbeidsgrupper/ nettverk/ prosjekt og satsingar.
Tenestekvalitet i barnehagesektoren	Iht. plan	Låg risiko	Førebuande arbeid for utarbeiding av ein kvalitetsplan for barnehagesektoren er sett i gang

Samfunnsutvikling

Verbalvedtak

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 220/23: Aktiv fritid for menneske med nedsett funksjonsevne	Forsinket	Låg risiko	- Arbeidet er starta, men oversikta som kommunestyret etterlyser vil ta meir tid å utarbeida. - Det vert arbeidd vidare med å få dialog til brukargrupper og interesseorganisasjonar, for å kartlegga ynskjer/ behov og kva som er mogleg å få til. Arbeidet vil halda fram i 2025.

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 220/23: Areal- og klimarekneskap	Ferdig	Låg risiko	Oppdraget er svara ut i notat til kommunestyret 03.10.2024
KS-sak 220/23: Bytte av lys til led-lys langs kommunale vegar og ved kommunale bygg og idrettsbaner	Ferdig	Låg risiko	- Veglys: LED-armatur dimmar ned til 40% midt på natta. Skifte av lys langs kommunale vegar vil halda fram - Turvegar/ utvendige bygg: solcelleteknologi vert vurdert
KS-sak 220/23: Eldrekollektiv	Iht. plan	Låg risiko	- Administrasjonen har jamleg møte med utbyggjarar i regionen, og løftar fram utfordringsbilete og behovet for fleire bustader med livsløpstandard - Vil vera eit kontinuerleg arbeid framover
KS-sak 220/23: Forprosjektering omsorgsplassar.	Ferdig	Låg risiko	Prosjektet er starta opp.
KS-sak 220/23: Heildøgns avlastningsplassar for eldre	Ferdig	Låg risiko	Prosjektet er starta opp.
KS-sak 220/23: Korleis auke satsinga på tiltak som fremjar sosiale aktivitetar i omsorgssektoren.	Forsinket	Låg risiko	- Store endringar innan kultursektoren har påverka framdrifta i arbeidet - I fyrste omgang vil det bli bedt om ein oversikt over allereie eksisterande aktivitetar, frå omsorgssektoren. Det vil danna grunnlag for vidare arbeid med oppdraget i 2025
KS-sak 220/23: Kulturskuletilbod til alle born og unge	Iht. plan	Låg risiko	- Nye fag/prosjekt/aktivitetar i kulturskulen som når fleire grupper, er starta i sør, nord og sentralt i kommunen. Døme: Desentralisert undervisning med musikkproduksjon, KunstLab, Kunstkarusell, kor m.m - Vidareutvikling av kulturskulen med mål om å nå flest mogleg vil halda fram
KS-sak 220/23: Livssynsnøytralt seremonirom	Ferdig	Låg risiko	Er etablert i Rong kulturhus
KS-sak 220/23: Ny skule på Vestsida.	Ferdig	Låg risiko	Prosjektet er starta opp.
KS-sak 220/23: Ny ungdomskule Bildøy.	Ferdig	Låg risiko	Prosjektet er starta opp.
KS-sak 220/23: Plan for grøntareala	Ferdig	Låg risiko	Det er i budsjett 2025 lagt inn auka bruk av rammeavtale innan park og grønt
KS-sak 220/23: Planstrategi	Ferdig	Låg risiko	Er handtert i framlegg til planstrategi for Øygarden kommune 2024-2027
KS-sak 220/23: Ryddeaksjonar	Ferdig	Låg risiko	Oppdraget er svara ut i notat til kommunestyret 03.10.2024
KS-sak 220/23: Synleggjere kultur og aktivitetstilbod i kommunen.	Ferdig	Låg risiko	Vert synleggjort med Aktivitetskalender på nettsida til Øygarden kommune og Facebooksida Kva skjer i Øygarden?

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
			Er potensiale til å gjera meir - for å nå fleire og for å nå dei som ikkje er digitale, noko som vil bli arbeidd vidare med
KS-sak 220/23: Toalettfasilitetar, turområde.	Ferdig	Låg risiko	- Bergen og Omland Friluftsråd (BOF), har etablert fleire toalett i tilknytning til turmål - Arbeidet med å etablere fleire toalett bør skje i regi BOF. Kommunen følgjer opp dette mot BOF
KS-sak 220/23: Trafikkløysing Rong sentrum	Ferdig	Låg risiko	- Det har vore dialog til Statnett om mogleg løysning for eksisterande kabel - Statnett har ikkje handlerom i sitt prosjekt for denne røytraseen. Difor kan det ikkje etablerast ny rundkøyring i Rong sentrum, før gamal kabel har gjort sin teneste
KS-sak 220/23: Utleigebustader	Ferdig	Låg risiko	Øygarden bustadforvaltning KF følgjer opp oppdraget
KS-sak 220/23: Variert butilbod	Ferdig	Låg risiko	Må sjåast i samanheng med ny organiseringa av det bustadsosiale arbeidet i kommunen, som tydeleggjer oppgåvene til dei ulike aktørane: - Eigedomsjefen: Dialog med utbyggjarar rundt utbygging av ulike typar bustadar. Gjennomføra møte med næringslivet/utbyggjarar der dette er tema - Bustadkontoret saman med andre tenester: Bidreg med kunnskap og oversikt over kva type bustadar dei ser behovet for, innanfor dei ulike brukargruppene som dei følgjer opp
KS-sak 220/23: Vedlikehald av fotballanlegga	Ferdig	Låg risiko	- Drift av kunstgrasbaner held fram i kommunal regi - Kostnader til drift og vedlikehald er innarbeida i budsjett

Politiske tilleggsbestillinger

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
KS-sak 043/24 Vidareutvikling kultur og samfunn	Ferdig	Låg risiko	- Prosjekta knytt til oppdraget er avslutta. - Det kontinuerlege arbeidet med omstilling og utvikling av kommunalsjefområdet Samfunnsutvikling held fram.

Planoppfølging

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
Arbeida aktivt med trafikksikring	Iht. plan	Låg risiko	Trafikksikringsplanen er under arbeid og vil bli ferdigstilt våren 2025.
Auka fokus på brukarorientert saksbehandling	Ferdig	Låg risiko	Det blir nytta kunnskap frå Næringsvennleg kommune, for å auka fokuset på å utvikle effektive og føreseielege planprosessar og rettleiing i byggesaker.

Oppdrag	Status	Risiko	Beskriving av status
Auka fokus på strategisk eigedomsutvikling- og forvaltning	Ferdig	Låg risiko	- Eigedomsstrategi vart vedteke i 2024. - Arbeidet held fram i 2025 med nytt oppdrag.
Evaluering av transporttenesta til kommunen	Iht. plan	Låg risiko	Det er starta opp evaluering av tenesta, arbeidet vil halda fram i 2025.
Forsterka rolla til kommunen som samfunnsutviklar i regionsenter og kommunedelsenter	Ferdig	Låg risiko	- Gjennom tverrfagleg samarbeid i planprosess- og gjennomføring tek kommunen samfunnsutviklingsansvaret i region- og kommunedelsentra. - Arbeidet med Øygarden 2040 er eit viktig grunnlag for å kunne vera ein føreseieleg og aktiv samfunnsutviklar. Arbeidet vert vidareført med ny ordlyd/ oppdrag i 2025.
Klima- og miljøvenleg arealbruk	Ferdig	Låg risiko	- Arbeidet med KPA er starta opp, og kunnskapsinnhenting pågår. - Arbeidet blir erstatta med eit nytt oppdrag i 2025.
Legga til rette for fleksible og berekraftige transportordningar.	Ferdig	Låg risiko	Blir varetatt med nytt oppdrag i 2025
Legga til rette for grøn omstilling og næringsutvikling	Ferdig	Låg risiko	- Fleire reguleringsplanar i prosess, er i rute jf. framdriftsplan - Arbeidet vert vidareført med nytt oppdrag/ ordlyd i 2025
Leggja til rette for system og struktur som fremjar medborgarskap og innbyggjarinvolvering	Iht. plan	Låg risiko	- Er i startfase av Prosjektet Pilot nærttenestesenter, prosjektperioden er 2024-2026 - Gjennom prosjektet vil innbyggjarane få informasjon om dei statlege tenestene ved innbyggjartorget, i tillegg til dei kommunale teneste som dei får i dag
Prosjekt for å testa ut ny reinhaldsteknologi	Ferdig	Låg risiko	- Robotane er kjøpt inn og er i dagleg bruk - Det vert jobba med vidare med implementering av vaskerobotar for ytterlegare effektivisering
Sikra aktiv og koordinert klima- og miljøleing i kommunen.	Ferdig	Låg risiko	- Stilling rådgivar klima og miljø vart oppretta og gjort tilsetting i 1. juni 2024 - Kommunen har levert sitt første klimarekneskap, og deltek aktivt i Klimapartnere Vestland - I Planstrategi 2024-2027 er det vedtatt oppstart av arbeid med strategisk plan for klima- og miljøplan i 2025, med sluttbehandling i løpet av 2026
Utarbeiding av analyse i høve ledig kapasitet for kommunale eigedomar	Ferdig	Låg risiko	Ledig kapasitet er under kartlegging og effektiviseringstiltak er starta opp og innført

Verksemdsstyring og internkontroll



III. Colourbox

Etikk og varsling

Etiske retningslinjer

Øygarden kommune sine etiske retningslinjer gjeld for tilsette og politikarar. Føremålet med etiske retningslinjer er å sikra ein god etisk praksis med ein standard som gjer at innbyggjarane har høg grad av tillit til kommunen som tenesteytar, som forvaltningsmynde og som arbeidsgjevar. Kommunen sitt samfunnsansvar er å forvalta fellesskapet sine midlar på ein måte som samsvarer med lover og reglar. Måten dette samfunnsansvaret vert teke vare på er viktig for kommunen sitt omdømme. Det vert difor stilt høge krav til etiske haldningar hos dei som handlar på vegne av kommunen, både som folkevalde og som tilsette.

Praktisk bruk av etiske retningslinjer

I 2024 vart det etablert følgjande system for å sikra at tilsette følgjer dei etiske retningslinjene:

- Alle nytilsette må gjennomgå retningslinjene som ein del av "onboardingsprosessen".
- Årleg utsending av retningslinjene på leseliste til alle tilsette i kvalitetssystemet Compilo.
- Retningslinjene skal vera tema på minimum eit personalmøte i løpet av året. Dette vert følgd opp ved at alle leiarar må svara på om dette er utført - i kommunen si sjekkliste for internkontroll, som det vert rapportert på kvart kvartal.
- For å fanga opp brot på dei etiske retningslinjene vart det etablert ein eigen avvikskategori knytt til dette temaet i Compilo.

Registrerte avvik knytt til brot på etiske retningslinjer

I 2024 vart det registrert 35 avvik i denne kategorien.

Verdiar

Jf. dei reviderte etiske retningslinjene er Øygarden kommune sine verdiar:

- Stolt
- På lag
- Modig
- Med glød

Varsling

Øygarden kommune arbeidar for å ha ein open ytringskultur med høg toleranse for ulike oppfatningar og låg terskel for å seia frå. Det er også arbeidd med å skapa ein kultur med relasjonelt mot og kapasitet. I praksis betyr det å snakka med den det gjeld, ta opp saker i linja, be leiar om bistand, nytta tillitsvalde og nytta verneombod. Desse alternativa skal nyttast først og vera dei vanlegaste måtane å ta tak i utfordringar på. I tillegg skal det vera god kunnskap om varsling av kritikkverdige tilhøve og korleis ein her kan gå fram. Både dei etiske retningslinjene og varslingsrutinen ligg lett tilgjengeleg for dei tilsette på kommunen si intranettside og i kvalitetssystemet. Øygarden kommune er medlem av Transparency International Norge (antikorrupsjon).

Tabellen under syner talet på varsel per år frå 2021 (Øygarden kommune hadde då fått revidert rutinen for varsling):

År	Tal varsel
2024	10
2023	6
2022	7
2021	8


I 2023 vart det som eit ledd i oppfølging av forvaltningsrevisjonen i 2022, gitt temaopplæring om varsling til leiarar og verneombod, samt utforma varslingsplakatar som vart distribuert til alle tenestestader for å bli gjort tilgjengeleg for alle tilsette. Auka i varslingssaker i 2024 sett i høve til dei førre åra, kan vera ein effekt av at organisasjonen gjennomførte ulike tiltak og sett fokus på temaet i 2023. I 2024 var ein av Norges fremste ekspertar når det gjeld varsling - Birte Eriksen, på kommunedirektøren si leiarsamling.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

Ny varslingsrutine var ferdig ved årsskiftet, og skal godkjennast og implementerast i 2025. Varsling blir tema på kurs for nytilsette leiarar, og det er ein del av opplæringa for nye verneombod.

Styring og rapportering

Figuren nedanfor illustrerer styringsdokument og rapporteringssystemet i Øygarden kommune:



Utført arbeid

Heilskapleg verksemdsstyring gjekk frå å vera eit prosjekt i 2023 til å koma i ordinær drift i 2024. Det har vore arbeida systematisk i økonomiplan- og budsjettarbeidet i høve kva mål og strategiar frå samfunnsdelen som skulle prioriterast og utførast i økonomiplanperioden. I økonomiplanen vart prioriterte mål og strategiar konkretisert i oppdrag. Oppdraga vart delegert ut i organisasjonen og var einingane sitt grunnlag for arbeid med verksemdsplanar for 2024. Status på arbeid med alle oppdrag inkludert verbalvedtaka og politiske tilleggssbestillingar vart rapportert på kvart kvartal til politiske nivå.

Viktige aktivitetar som vart utført:

- Informasjon- og opplæringsarbeid retta mot leiarar i kommunen
- Utvikla og forbetra arbeid med oppdragsbrev og oppdrag
- Utvikla og forbetra månadsrapportane og kvartalsrapportane.
- Slutført mal for leiaravtalar knytt verksemdsstyringsarbeidet
- Kontinuerleg hjelp å støtte til toppleiargruppa knytt til verksemdsstyringsarbeid

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

Det systematiske heilskaplege verksemdsstyringsarbeidet skal vidareførast og vidareutviklast ved:

- Forbetring av både månadsrapportane og kvartalsrapportane m.a. i høve politiske vedtak og bestillingar
- Systematisk oppfølging av verksemdsplanar gjennom styringsdialog og leiaravtalar
- Utvikla/ forbetra arbeidet med måltal/ indikatorar

Kvalitetssystemet

Kvalitetssystemet er eit av dei viktigaste verktya til kommunen for å oppfylle krava om internkontroll i kommunelovas § 25-1. Krava pålegg kommunedirektøren å sørgja for internkontroll som er tilpassa organisasjonen sine verksemder. Slik skal ein sikra at lov og forskrifter vert følgd og at dette er dokumentert i den form og omfang som er naudsynt.

Sjekkliste

Øygarden kommune bruker funksjonen sjekkliste i det digitale heilskaplege verksemdsstyringsverktøyet Framsikt. Føremålet med sjekklista er å få dokumentert korleis heile organisasjonen gjennomfører sitt internkontrollarbeid jf. kommunelova § 25-1. Dette er ein viktig del av den heilskaplege verksemdsstyringa. I sjekklista er det utarbeida enkle spørsmål (ja/nei/i arbeid) for å sikra gjennomføring av god internkontroll innan tema arbeidsmiljø, informasjonstryggleik/ GDPR, kvalitet og ROS-analyse. Leiarane i kommunen svarar og rapporterer på sjekklista:

- Månadleg i høve lønningslister
- Kvartalsvis i høve korleis organisasjonen følgjer opp tema knytt til HMS, gjennomføring av rutinar og retningslinjer, opplæring i kvalitetssystemet
- Årleg i høve HMS opplæring, medarbeidersamtalar, Informasjonstryggleik/ GDPR, ROS-analysar, opplæring avvik

I 2024 vart det i tillegg til ovannemnde rapportar, utarbeida eigne rapportar og statistikkar med utgangspunkt i sjekklistespørsmål som omhandla arbeidsmiljø. Desse statistikkane vart sendt til kommunalsjefsområda sine arbeidsmiljøutval (KAMU), i samband med deira kvartalsvise møte.

Oppfølging av forvaltningsrevisjon i høve internkontroll

Deloitte gjennomførte i 2022 forvaltningsrevisjon av internkontroll på vegne av kontrollutvalet, der det kom fram at dei tilgjengelege modulane i kvalitetssystemet kan bidra til å styrka internkontrollen dersom desse vert teke i bruk.

I 2024 er det gjennomført opplæring av leiarar og tilsette, samt gjennomført risikovurderingar. I november 2024 vedtok administrasjonsutvalet ei overordna handbok for internkontroll i kommunen.

Bruk av kvalitetssystemet

Føremålet med kvalitetssystemet er internkontrollarbeid. Det betyr at tilsette og leiarar skal ha god tilgang til informasjon som er viktig for kvaliteten i eiga jobbutøving, og at den skal vera oppdatert og tydeleg utforma.

I 2024 var det registrert ca. 4 400 brukarar av kvalitetssystemet i løpet av heile året (2023 var talet ca. 4 000 brukarar) og totalt 49 344 innloggingar. Diagramma under syner tal innloggingar i systemet fordelt på 2023 – 2024.





Avvik


Tabellen under syner tal registrerte avvik i kvalitetssystemet pr. år frå vi vart ny kommune og t.o.m. 2024:

År	Tal avvik
2020	2160
2021	3378
2022	4122
2023	7722
2024	8547

Frå kommunen var ny har vi hatt ei jamn auke i tal meldte avvik i kvalitetssystemet. Avvik i kategori låg kan lukkast med kommentar, mens for avvik i kategori middels eller høg er det krav om å setta inn tiltak før avviket kan lukkast.

Avvik knytt til HMS er gjort greie for i kapittelet «Kommunen som arbeidsgjevar».

Diagrammet under syner tal avvik i fordelt på ulike overordna kategoriar for åra 2023 og 2024:



Tal avvik fordelt på kommunalsjefsområda

Tabellen under viser tal avvik fordelt på dei ulike kommunalsjefområda per måned i 2024:

2024	jan	feb	mar	apr	mai	jun	jul	aug	sep	okt	nov	des
Finans og økonomi	4	1	3	2	2	1	3	2	3	3	6	1
Helse og velferd	673	609	589	506	603	540	545	519	523	631	523	539
Oppvekst	165	114	99	135	104	78	20	87	188	165	189	145
Organisasjon og beredskap	8	15	9	9	10	3	6	8	10	4	22	6
Samfunnsutvikling	9	9	6	12	10	11	3	8	17	17	14	1

Statistikk frå kvalitetssystemet viser at det er store variasjonar i praksis for å melda avvik både mellom kommunalsjefområda, og innan same kommunalsjefområde med samanliknbare einingar. Helse og velferd er det kommunalsjefområde som har flest registrerte avvik. I dette kommunalsjefsområdet vart det i slutten av 2023 innført direkte sending av avvik frå pasientjournalssystemet Cosdoc til Compilo. Dette innebar at tilsette slapp å melda pasientavvik to stader og i to ulike system.

Viktige erfaringar i 2024

Det har vore ei stabil innmelding av avvik dei siste to åra. Det vert meldt avvik på alle kommunalsjefområda, og det verkar som at systemet er meir integrert i organisasjonen og vert brukt meir aktivt. Det er framleis færre kvalitetsavvik enn HMS avvik som vert meldt, med unntak av kommunalsjefområdet Helse og velferd. Det å ha gode avvikskategoriar også på teneste/tenestemottakar på alle kommunalsjefområda, er venta å ha effekt. I 2024 vart det vedteke at alle kommunalsjefområda skal revidera sine avvikskategoriar på teneste/tenestemottakar innan utløp av 2025.

ROS (risiko- og sårbarheitsanalyse)

Risiko- og sårbarheitsanalysar ligg som krav i fleire lovverk. Bruk av ROS analysar er ein viktig del av internkontrollen og eit viktig styringsverktøy for organisasjonen.

I 2024 vart det gjennomført risikoanalysar på overordna nivå innan HMS, korrupsjon og misleghald. Systemet syner at det totalt er 486 risikoanalysar under utarbeiding, 82 risikoanalysar som er aktiv og 5 som er arkivert. Ein risikoanalyse som er fullført vert satt til aktiv. Ein risikoanalyse som er under utarbeiding, kan vera fullført men ikkje sett til aktiv, eller vera under arbeid. Tala over syner alle risikoanalysane som er gjort frå systemet vart etablert i 2020 fram til i dag.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Få etablert ny framside i Compilo
- Halda fram arbeidet med å etablere god kultur og praksis med omsyn til å melda avvik
- Strukturera dokumentbiblioteket for å skapa ein god raud tråd gjennom systemet
- Opplæring av leiarar og tilsette i bruk av systemet
- Implementera kvalitetshandbok for internkontroll i organisasjonen

Samfunnstryggleik og overordna beredskap

Samfunnet er i endring. Det er klimaendringar og fleire konflikhtar mellom ulike nasjonar, som også påverkar Noreg og Øygarden kommune. Trusselnivået vert endra heile tida, noko som gjer at det også i 2024 er arbeidd mykje med å rigga oss for hendingar som kan ramma vår kommune.

Vi har bygd ein beredskapsorganisasjon som er rusta til å møte framtida, men dette arbeidet må halda fram. Det gjer vi saman med andre viktige samfunnsaktørar i kommunen - gjennom jamlege møte og øvingar. Dette vil det bli meir av i framtida. Det interne kommunale beredskapsforumet har jamlege møte. Gjennom desse møta får vi felles forståing for dei utfordringar vi har og står ovanfor, slik at samvirke på tvers av fagområdet blir best mogeleg. I tillegg er det ei beredskapsvaktordning 24/7, slik at kommunen alltid er tilgjengeleg om det oppstår ei hending som krev rask handsaming frå kommunen.

På slutten av året vart det tilsett ny beredskapssjef i full stilling. Dette vil styrka beredskapsarbeidet i kommunen.

Krisehandteringsverktøyet Rayvn

Som følgje av at Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) gjennomførte ein anbudsrunde, fekk Øygarden kommune i september 2023 det nye krisehandteringssystemet RAYVN. Systemet er blitt brukt jamleg gjennom året når det har oppstått hendingar. Vi har erfart at verktøyet gir dei som vert involvert i samband med å handtera ei hending - god oversikt. Det gjeld både dei som må handtera den faktiske situasjonen og dei som treng å bli orientert om utviklinga. Det har blitt gjennomført jamlege øvingar i bruken av Rayvn med blant anna Statsforvaltaren, og vi opplever dette som eit godt krisehandteringsverktøy.

Uønskte hendingar der kommunal kriseleiing har vore etablert

Den kommunale kriseleiinga (KKL) er eit leiingsapparat som vert etablert i kritesituasjonar og ved andre uønskte hendingar, der den ordinære kommuneorganisasjonen ikkje er eigna til å ta hand om den/ dei aktuelle hendingane. KKL har også utvida fullmakter til å treffa avgjerd for å avverja og/ eller avgrensa/ utbetra skade når det vert vurdert som nødvendig. Hendinga si karakter og omfang er utgangspunktet for om heile KKL vert mobilisert fysisk, eller om det er tilstrekkeleg å halda kriseleiingsapparatet orientert. I 2024 var KKL involvert i ulik grad, knytt til desse hendingane:

- Straumstans på Rådhuset
- Brann i kommunale bustader på Straume
- Sakna barn
- Ekstremværet Jakob
- Brann ved Fjell sjukeheim
- Brann i ein brakkerigg
- Røykutvikling i fritidsbåt
- Død kval observert
- Brann i einebustad
- Brann på Rong skule
- Brann i terreng på Straume
- Bilbrann og mistenkeleg dødsfall
- Helikopterulykke med 6 personar
- Kraftig snøfall

Anna arbeid utført i 2024

- Gjennomført fleire møte i beredskapsforum i Øygarden kommune.
- Samarbeid med Øygarden brann og redning knytt til oppgåver innan samfunnstryggleik og beredskap.
- Kompetanseheving av kommunal kriseleiing (KKL) i bruk av digitalt krisehandteringsverktøy.
- Oppdatert operativt beredskapsplanverk.
- Deltatt på ulike øvingar i regi av Statsforvaltaren i Vestland.
- Påbegynt revidering av Kommune-ROS.
- Drift og vidareutvikling av beredskapslager.
- Revidert plan for felles samarbeid med Øygarden brann og redning for å løysa beredskapsoppgåver knytt til samfunnstryggleik.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Etablere rutine for behandling av sikkerheitsgradert informasjon i Øygarden kommune.
- Ferdigstilla ny revidert kommune-ROS.
- Vidareutvikle kommunal kriseleiing (KKL).
- Revidere kommunen sin beredskapsplan.
- Delta på øvingar med Statsforvaltaren.
- Delta på øvingar med naudetatar og næringsliv.
- Vidareutvikle beredskapsarbeidet i heile organisasjonen knytt til førebygging og krisehandtering

Statleg tilsyn

Jf. Statsforvaltaren sin tilsynskalender så vart det gjennomført følgjande tilsyn i dei ulike kommunalsjefsområda i 2024:

Kommunalsjef-område	Emne og heimel	Tilsynsetat	Resultat av tilsyn
Samfunns-utvikling	Tilsynsaksjon med kommunale leikeplassar, Internkontrollforskrift, produktkontrollforskrift, barnehagelov, kommunelov	Direktorat for samfunnssikkerheit og beredskap, Statsforvaltaren i Vestland	Avvik: Mangelfull oversikt over mynde, ansvar og oppgåvefordeling innan HMS-arbeidet på leikeplassutstyr. Tiltak: Øygarden kommune har oppretta ein rutine i kommunen sitt kvalitetssystem som tydeleg viser kven som har ansvar for å bestilla, utføra og kontrollera at avvik og tilsyn blir gjennomført. Avvik: Det er ikkje i tilstrekkeleg grad kartlagt farar som gjer verksemda i stand til å vurdere risiko, eller utarbeida tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda. Tiltak: Det er utarbeida rutinar og sjekklister i kommunen sitt kvalitetssystem, for å kartlegga farar. Dette legg så grunnlag for å gjennomføra risikovurderingar dvs. kombinerer sannsyn og konsekvens som gir ei samla risikovurdering for kvar fare. Dette vil visa prioriterte tiltak basert på alvorsgrad av risiko. Avvik: Manglar ei heilskapleg rutine for å avdekka, retta opp og førebyggja uønskte hendingar knytt til tryggleik ved leikeplassutstyr. Tiltak: Fortsetta arbeidet med å få på plass rutine for visuell kontroll av leikeplassar og utstyr. Rutinane for kontroll av leikeplassutstyr er oppdatert med informasjon om korleis og kvar avvik skal meldast og handterast. Alt skal registrerast i kommunen sitt fdv-system - MainManager. Avvik: Ikkje dokumentert ei systematisk gjennomgang av internkontrollen knytt til tryggleik ved leikeplassutstyr. Tiltak: Utarbeida rutinar i kommunen sitt kvalitetssystem med automatisk årlege revisjonskrav.

Helse og velferd	Muskel- og skjelettplager og psykiske plager. Arbeidsmiljø og arbeidsmiljølova Grønebakkane bustader		Avvik/ pålegg: Muskel-, skjelett- og psykiske plager, kartlegging og risikovurdering, plan og tiltak. <u>Tiltak:</u> Uført kartlegging og risikovurdering, plan og tiltak med bistand frå bedriftshelsetenesta (BHT) Gjennomført arbeidskartleggingsundersøking og oppfølging av denne med bistand frå BHT. Avvik/ pålegg: Verneombod må takast med på råd. <u>Tiltak:</u> Nytt verneombod, ny avtale mellom arbeidsgivar og verneombod, ny prosedyre der det går fram korleis verneombod og arbeidsgivar skal samarbeida. Faste 3-parstmøte. Avvik/ pålegg: HMS arbeid - opplæring i bruk av avvikssystem. <u>Tiltak:</u> Gjennomført kurs i Compilo for alle tilsette ved Grønebakkane bustader. Avvik/pålegg: Særskilt tilrettelegging - rutine for førebygging og oppfølging av sjukefråvær. <u>Tiltak:</u> Hatt gjennomgang saman med BHT av rutinar for førebygging og oppfølging av sjukefråvær med dei tilsette og avdelingsleiar. Avvik/ pålegg: Bedriftshelsetenesta - plan for bistand, og bistand til påleggsgjennomføring. <u>Tiltak:</u> BHT og arbeidsgjevar har laga ein plan for bistand frå BTH i 2025, og det er utarbeida plan for påleggsgjennomføring.
	Folkehelselova <u>Føremål med tilsynet:</u> Landsomfattande tilsyn, med føremål om å gje kommunane motivasjon til å jobba meir systematisk med folkehelsearbeidet, ved å setta fokus på dette. Lovlegkontroll var ikkje var ein del av oppdraget.	Statsforvaltaren i Vestland	Resultat: Øygarden kommunen har ikkje fått særskild tilbakemelding på tilsynet. Det er utarbeida ein generell rapport som kan lesast her: https://www.helsetilsynet.no/publikasjoner/rapport-fra-helsetilsynet/2025/kommuner-systematikk-barn-unge-psykiske-helse/# <u>Konklusjon frå rapporten:</u> Dei fleste kommunane jobbar godt med folkehelse, men mange kommunar manglar ein raud tråd i det systematiske folkehelsearbeidet m.a. ved at det manglar eitt eller

			fleire element i arbeidet med oversikt, planverk, tiltak og evaluering. Folkehelsenettverket i Øygarden kommune er allereie i gang med arbeid knytt til tema som vart peika på i rapporten. Det pågår m.a. ei full kartlegging av tiltak kommunen har på området. Det er difor ingen avvik å lukka.
Oppvekst	Gjennomføring av spesialpedagogisk hjelp Barnehagelova og kommunelova	Statsforvaltaren i Vestland	<u>Avvik/pålegg:</u> Følgjande forhold må rettast opp jf. barnehagelova § 54: Kommunen må gjennom sin internkontroll sikra at: - Barnet får spesialpedagogisk hjelp i samsvar med vedtaket. - Årsrapporten gir ei tydeleg oversikt over den spesialpedagogiske hjelpa barnet har motteke. <u>Tiltak:</u> -Utarbeidd ny mal for vedtak som tilfredsstillar krav sett i barnehagelova § 31 fjerde ledd jf. § 35, jf. kommunelova § 25-1. - Individuell opplæringsplan (IOP) sitt årshjul og årshjul for spesialpedagogisk hjelp er endra. Det kjem no fram at det blir teke stikkprøvar av årsrapport. - Innhald i årsrapport er tema på nettverk og alle får tilbod om rettleiing ved behov. - Det blir obligatorisk oppmøte for IOP Workshop for spesialpedagogar saman med avdelingsleiar for gjennomgang av årsrapportar i juni. - Oppdaterte rutinar og avvikskjema for private barnehagar er lagt inn i Teams gruppe, der alle styrarar og spesialpedagogar har tilgang.
	Spesialundervisning i alternativ opplæringsarena Opplæringslova	Statsforvaltaren i Vestland	Pågåande tilsyn med Øygarden ungdomsskule og Tranevågen ungdomsskule frå 21.oktober 2024. Frist for retting av pålegg: 10. mai 2025. <u>Avvik/ pålegg i førebels tilsynsrapport:</u> Øygarden kommune oppfyller ikkje regelverket på området fullt

	Kommunelova		ut, jf. kommunelova § 30-4. Kommunen må sikra at det går fram av vedtaket: Kva for eit opplæringstilbod eleven skal ha på den alternative opplæringsarenaen, og at kommunen har teke stilling til kva som er barnet sitt beste i saka. <u>Tiltak:</u> Tilsynet er ikkje avslutta, men PPT vil endre sine malar.
	Barneverntenesta – kvalitet i tenesta Barnevernlova.	Statsforvaltaren i Vestland	Avvik/ Pålegg: Ikkje forsvarleg vurdering av bekymringsmeldingar. For dårleg kvalitet i undersøkingar. <u>Tiltak:</u> • Politisk forankring - Plan for Førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar. • Organisering - Alle tenester og avdelingar som jobbar mot barn og unge er samla i ei teneste med felles leiar – også barnevernstenesta. • Verktøy - Nytt fagsystem for barneverntenesta som legg til rette for meir systematisk oppfølging av kvalitet og internkontroll i tenesta. • Oppgåveløysing - Spesialisering og kompetanseutvikling i barnevern gjennom etablering av ulike fagteam. Blant anna eit eige undersøkingsteam med nye prosedyrar og sjekklistar for bekymringsmeldingar.

[Statsforvalterne-tilsynskalender](#)

Planlagde tilsyn for 2025

Jf. Statsforvaltaren sin tilsynskalender skal det gjennomførast tilsyn knytt til følgjande tema i Øygarden kommune i 2025:

- Grunnopplæring.
- Miljø og klima.
- Helsetenester til heimebuande eldre.
- Arbeidsmiljø - muskel- og skjelettplager og psykiske plager ved fire barneskular.

Forvaltningsrevisjonar

Kontrollutvalet sine forvaltningsrevisjonar er eit verkemiddel kontrollutvalet har for å ivareta kommunestyret sitt tilsynsansvar ovanfor administrasjonen. Forvaltningsrevisjonar gir dei folkevalde moglegheit til å følgja opp at politikk og prioriteringar gir ønska resultat i kommunen sin forvaltning og tenesteproduksjon.

Kommunedirektøren legg vekt på at funn frå forvaltningsrevisjonar vert brukt til læringsføremål og forbetningsarbeid i organisasjonen. Kontrollutvalet si verksemd, revisjonen og kommunedirektøren si internkontroll utgjør heilheita i kommunen sin eigenkontroll.

Kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll for perioden 2024 - 2028 i kommunestyremøte 20.06.2024. Kontrollutvalet vart delegert mynde til m.a. å foreta endringar og omprioriteringar i planane. Planane skal evaluerast minst ein gong i valperioden, og kontrollutvalet er delegert mynde til å gjera evalueringane.

Det vart det gjennomført følgjande forvaltningsrevisjonar i Øygarden kommune i 2024:


Kommunalsjefsområde og eining/ teneste	Emne	Ansv. revisjon	Resultat frå forvaltningsrevisjon
Oppvekst	Tverrfagleg samarbeid i tenester til barn og unge	Deloitte	Gjennomført med følgjande tilrådingar frå forvaltningsrevisjonen: - Sikra at det er tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver mellom dei kommunale tenestene når det gjeld førebyggjande arbeid for barn og unge, samt at tilsette har tilstrekkeleg kjennskap til andre sektorar og tenester sine oppgåver og ansvar. - Sikra at verksemdar der tilsette møter barn og unge i sitt daglege arbeid har nødvendig kompetanse, rutinar mv. til å kunna identifisera utsette barn og unge og handla på bakgrunn av ei bekymring for barn og unge. - Sikra at relevante tilsette har nødvendig kompetanse, rutinar mv. til å ivareta barn og unge som pårørande. - Sikrar at alle tilsette som jobbar opp mot barn, unge og familiar har god kunnskap om meldeplikta til barnevernet, og kva som utløyser denne plikta. - Sørgja for at den enkelte tenestemottakar får eit samordna tenestetilbod når det er nødvendig gjennom at velferdstenestene samarbeider på individnivå (til dømes gjennom å sikra at relevante tenester blir kopla på ei sak tilstrekkeleg tidleg i forløpet). - Setta i verk tiltak som sikrar at tenestene får på plass gode rutinar for å melda frå om manglar eller avvik i samhandlinga mellom tenestene inn mot barn, unge og deira familiar. I 2024 er det gjort følgjande for å følgja opptilrådingane: Det vart utarbeida plan for førebyggjande arbeid for barn og unge, som vart lagt ut til høyring 12.12.2024, der samordna innsats er vektlagt. Elles har det vore fokus på å vidareutvikla og forbetra arbeidet etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) i rutine og internkontrollarbeidet, ved at det m.a. er etablert system for å melda avvik på manglande samhandling.
	Tenestekvalitet, Grunnskule – trygt og godt skulemiljø	Deloitte	Ikkje ferdigstilt – er under arbeid
Kommunedirektør	Eigarskapskontroll av overordna eigarskapsforvaltning	Deloitte	Gjennomført med følgjande tilråding frå forvaltningsrevisjonen - Definera eit tydeleg føremål for alle kommunen sine eigarskap, og inkludera føremålet i eigarskapsmeldinga. - Evaluera eigarstrategiane og arbeida for å tilpassa dei i større grad til det enkelte selskapet si verksemd og risikoprofil. - Sikra tilstrekkeleg opplæring til alle folkevalde i starten av valperioden. - Utarbeida retningslinjer for valnemnda sitt arbeid. - Utarbeida rutinar for å halda styrevervregisteret oppdatert. - Iverksetta tiltak som sikrar at selskapa som har meir enn 2/3 kommunalt eigarskap, overhald lovkrava om kjønnsbalanse i styret. 31.10.2024 vedtok kommunestyret framlegg til revidert eigarskapsmelding. Endringane i den reviderte eigarskapsmeldinga er i tråd med og har tatt opp i seg tilrådingane frå Deloitte i den overordna eigarskapskontrollen.

Personvern og GDPR


I 2018 vart nytt lovverk for behandling av personopplysningar gjeldande. Dette regelverket stiller langt strengare krav til verksemdar om å ha oversikt over sine behandlingar av personopplysningar. Auka digitalisering krev også auka fokus på personvernet og kompetanse på området, slik at kommunen kan vera trygg på at ein følgjer dei krava som er nødvendige innanfor regelverket.

Avvik/ personvern

Det er viktig å avdekka avvik for å få oversikt over sårbarheiter og dermed også kunne forbetra oss. Innbyggjarane skal også ha tillit til at kommunen behandlar deira personopplysningar på ein sikker måte. Avvika vert nytta til læring i organisasjonen, og for å få auka fokus på temaet i kvardagen til alle tilsette i kommunen. Diagrammet under viser totalt meldte personvernnavvik for perioden 2022 - 2024:



Diagrammet under viser meldte avvik når det gjeld informasjonstryggleik og GDPR i 2023 og 2024 pr. kvartal:



Statistikken syner ei jamn fordeling av meldte avvik dei to siste åra.

Meldingar til datatilsynet

Avvik som gjeld personvern og informasjonstryggleik, der det er sannsynleg at brotet kan føra til risiko for dei registrerte sine rettar og fridomar, skal meldast til Datatilsynet. Slike meldingar har ein meldefrist på 72 timar. Kommunen har i løpet av 2024 meldt inn 6 saker til datatilsynet. I 2023 vart det meldt inn 7 saker.

År	Meldingar datatilsynet
2024	6
2023	7
2022	19

Eininga HR, forvaltning og kvalitet har koordinert arbeidet med innsending av meldingane, innhenta informasjon frå tenestene og har hatt dialogen med Datatilsynet i desse sakene. Alle meldingar vart lukka utan pålegg frå Datatilsynet, men med påpeiking av viktigheita av gode rutinar for behandling av personopplysningar.

Utført arbeid

- Gjennomført tryggleiksmånaden i oktober med aktivitetar for heile organisasjonen.
- Kunstig intelligens (KI/ AI) som følgje av ny EU forordning - var tema i personvernutvalet og i nettverk for innovasjon og digitalisering.
- Arbeidd med opplæring og bevisstgjerings av tilsette i organisasjonen knytt til personvern og informasjonstryggleik.
- Gjennomført naudsynte analysar knytt til nytt skuleadministrativt system (Vigilo), E-helse (DigiHelsestasjon og Digi helse).
- Vedlikehald av styringssystemet for informasjonstryggleik og GDPR.
- Gjennomført personvernutvalsmøte.
- Vore deltakar i ulike prosessar knytt til digitalisering i vår kommune.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Tryggleiksmånaden i oktober er etablert som eit fast innslag i arbeidet med informasjonstryggleik og personvern i kommunen.
- Etablere minilæring med 10 aktuelle tema fordelt over like mange månader etter modell frå KS.
- Fortsetja med opplæring, bevisstgjerings og modenheitsarbeid i organisasjonen knytt til personvern og informasjonstryggleik.
- Deltaking i nye anskaffingar av digitale system for å sikra at kommunen er i tråd med personvernregelverket.
- Bevisstgjerings knytt til bruk av kunstig intelligens.
- Vurderingar knytt til personvern innan ulike forskingsprosjekt kommunen er deltakar i.
- Revidera og vidareutvikla dokument og malar i styringssystemet for GDPR og informasjonstryggleik.
- Behandlingsprotokoll, ROS og DPIA/ personvernkonsekvensvurdering for desse systema:
 - Vigilo
 - Kameraovervaking
 - Journalsystem legekantor
 - Velferdsteknologi
 - Meirope bibliotek
 - Modulus barn

Digitalisering

I samfunnsdelen til kommuneplanen 2022-2034 er ein av strategiane at vi skal ta i bruk nye teknologiske, brukarvenlege og digitale løysingar. Kommunalsjefområde Finans og økonomi vil vera leiande i digitaliseringa av organisasjonen.

Digitale verksemdsplanar og velferdsteknologi er døme på digitalisering og forbetring av prosessar som igjen skal føra til effektivisering av organisasjonen.

Framtidas utfordringar og strammare økonomiske rammer vil krevja nye arbeidsprosessar og ny teknologi. Øygarden kommune må møte utfordringane gjennom kunnskapsbasert utvikling, innovasjon og digitalisering innanfor alle tenesteområde. Kommunen sin tilgang på og bruk av kompetanse vil vera avgjerande for å kunne levera gode og effektive tenester.

Digitalisering betyr å nytta teknologi for å forenkla, fornya og forbetra tenestene. Det kan føre til endringar i organisering, ansvarsplassering, arbeidsprosessar og bemanning. Digitalisering handlar difor like mykje om endringsleiing, kompetanse- og organisasjonsutvikling og ressursforvaltning, som teknologi.

Utført arbeid 2024

- Kommunen har gått i drift med nytt fagsystem for helsestasjonen. Det nye fagsystemet gjer at kommunen har tatt i bruk DigiHelsestasjon for ungdom.
- Det er gjennomført konkurranse knytt til nytt fagsystem for legetenesta. Implementering startar i 2025, og som følgje av systemskifte har ein no moglegheit for å ta i bruk nye nasjonale komponentar som PLL.
- Kommunen har gått i drift med nytt fagsystem for skule og barnehage. Innføring og implementering fortset i 2025.
- Det er gjennomført utskifting av sentral infrastruktur i kommunen.
- Det er gjennomført utskifting og fornying av audiovisuelt utstyr i 57 klasserom.
- Det er gjennomført generell utskifting av IKT utstyr i form av møterom, PC, skjerm osv.
- Kommunen har vore ein aktiv deltakar i DigiVestland samarbeidet og har hatt deltakarar i alle faggrupper. Kommunen har blant anna deltatt på kurs i Digital Transformasjon.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Ta i bruk nytt fagsystem for legetenesta.
- Ta i bruk PLL (pasientens legemiddelliste) mellom fastlege og spesialisthelsetenesta.
- Gjennomføra anbod på nytt EPJ system (elektronisk pasientjournal) innan Helse og velferd.
- Fortsetja implementering av nytt fagsystem for oppvekst (OAS).
- Fortsetja arbeid med skanning og digitalisering av byggesaksarkiv.
- Vera ein aktiv deltakar i DigiVestland samarbeidet

Arbeid med språk i Øygarden kommune

Utført arbeid

Nynorsk er det offisielle skriftspråket i Øygarden kommune. Kommunen prioriterer opplæring i nynorsk og klarspråk. Øygarden kommune har m.a. eit eige digitalt språkkurs for dei tilsette. Kommunen samarbeider godt med språkorganisasjonar og har jamlege møte med Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) og dei lokale mållaga. Vi har arbeidd for å få arrangert landstinget i LNK i kommunen vår, og neste landsting i 2025 skal arrangerast i Øygarden.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Det er tinga kurs i regi av LNK tidleg i 2025.
- Landstinget til LNK skal arrangerast i Øygarden i juni - 2025

Kommunen som arbeidsgjevar

Kommuneplanen sin samfunnsdel beskriv langsiktige målsetjingar for heile Øygardssamfunnet, og gir føringar for alt anna planarbeid i kommunen.



Dronebilette Øygarden rådhus og helselandsbyen | Foto: Farshid Amini

Arbeidsgjevarstrategi

Arbeidsgjevarstrategien er eit overordna styringsdokument for utviklinga av kommunen som organisasjon og som arbeidsgjevar, og skal henga saman med samfunnsdelen. Strategien skal bidra til at kommunen når måla for tenesteleveranse og samfunnsutvikling, ved å påverka organisasjonen, organisasjonskulturen, handlingane, haldningane og verdiane som vert utøvd i organisasjonen.

Arbeidsgjevarstrategien for Øygarden kommune vart slutført i 2024.

Lønspolitikk

Lønspolitikken skal bidra til å behalda, utvikla og rekruttera tilsette med kompetanse som er i samsvar med kommunen sine mål, oppgåver og ansvar for å gjera kommunen i stand til effektiv drift og utvikling. Den skal gi ei konkret skildring av kva som er rett kompetanse og åtferd som arbeidstakar kan innretta seg etter, og målast opp mot ved lønsfastsetjing/ lokale forhandlingar.

I ein organisasjon i omstilling og i eit samfunn der byte av jobb vert meir og meir vanleg, erfarer arbeidsgjevar at det kjem stadig fleire individuelle krav om særskilte forhandlingar med forankring i Hovudtariffavtalen.

I 2024 var det lokale forhandlingar for alle tilsette i kommunen, inkludert alle tilsette i kap. 4. Arbeidsgjevar kom til semje med alle arbeidstakarorganisasjonane. Lokal lønspolitikk skal reviderast første halvår 2025.

Bemanning, rekruttering og kompetanse

Bemanning

Tabellen syner utvikling i årsverk frå vi vart ny kommune til 01.01.2025.

Kommunalsjefsområ de	Årsverk 01.01.202 0	Årsverk 01.01.202 1	Årsverk 01.01.202 2	Årsverk 01.01.202 3	Årsverk 01.01.202 4	Årsverk 01.01.202 5
Kommunaldirektør inkl. ressursgruppe	22	11	3	1	1	1
Finans og økonomi	128	119	108	55	47	48
Organisasjon og beredskap				53	76	63
Oppvekst	1 246	1 217	1 200	1 194	1 199	1 182
Helse og velferd	769	779	791	794	853	874
Samfunnsutvikling	256	253	255	246	246	256
Sum	2 421	2 379	2 357	2 343	2 422	2 424

Øygarden brann og redning er lagt inn i kommunalsjefområde Organisasjon og beredskap frå 1.4.2023 med 23 årsverk. Bibliotek er flytta frå Organisasjon og beredskap til Samfunnsutvikling i 2024. Det er ei stor auke i bemanninga i Helse og velferd frå 2024. Bemanningsauken er som følge av demografiske endringar og er i samsvar med politiske vedtak.

Rekruttering og kompetanse

Kompetanse- og bemanningssenteret er i ordinær drift og har ved årsskiftet 22 fast tilsette og 18 ringevikarar. Det er levert vikartimar til rimelegare kostnader enn det alternative eksterne vikarbyrå kan gi. I august 2024 vart 19 tilsette overført til senteret i samband med ei omorganisering i oppvekstsektoren. Kompetanse- og bemanningssenteret har effektivisert drifta i Oppvekst ved at det er rimelegare med vikarar frå senteret, enn at tilsette ved einingane får overtid eller at ein nyttar vikarar frå eksterne vikarbyrå. Vidare er det er gitt vikaroppdrag til fast tilsette som kommunen har lønsforpliktingar til (omstilling). Ei utfordring i arbeidet ved senteret har vore å finna ei felles løysing for å ha tilgjengelege vikarar med ulike arbeidsavtalar - særleg turnus/ ikkje turnus.

Anna utført arbeid i 2024:

- Gjennomført fleire kompetansehevande tiltak i organisasjonen innan områda HMS, lov- og avtaleverk, sjukefråværsarbeid og i høve ulike fagsystem.
- Særleg fokus på å utvikla/ betra arbeidet med "on/ offboarding". Dette arbeidet skal sluttførast våren 2025.

I 2025 skal det m.a. arbeidast med å vidareutvikla bemanningsstyringa i organisasjonen.


Sjukefråvær

Sjukefråværsstatistikk - kommunar i Noreg

Sjukefråværet i kommunen må sjåast i samanheng med samfunnet generelt og organisasjonen/eininga spesielt.

Tala i grafen under viser nasjonale tal for legemeldt sjukefråvær samla for kommunar i Noreg, fordelt på kvartal frå 2020-2024. Her ser vi ein trend av aukande fråvær (4. kvartal 2024 er ikkje rapportert).

[Utvikling-KOMM-sykefraver-2024k3.pdf](#)



Sjukefråværsstatistikk - Øygarden kommune


På einingsnivå er det variasjonar i sjukefråværet, og det vert rapportert om høgt press frå enkelte einingar grunna fråvær. I tillegg blir det rapportert om ei oppleving av auka krav frå brukarar og pårørande. Øygarden kommune sine siste målingar totalt, tyder på at sjukefråværet er stabilt.

Fråværet i 2024 har ein oppgang på 0,2 prosentpoeng og held seg relativt stabilt. I likskap med resten av landet er det langtidsfråværet som er høgast og utgjer den største utfordringa. Dei nasjonale trendane viser at 1/3 av fråværet skuldast lettare psykiske lidningar, og 1/3 muskel- og skjelettlidningar (som tidlegare år). Øygarden kommune har eit så stort tal tilsette og utgjer eit representativ del av befolkninga. Dette gjer at ei kan anta at dei same årsakene gjeld for Øygarden.

Øygarden kommune har i likskap med resten av landet høgast fråvær i barnehage og helse, men lågt fråvær innan administrative stillingar.

Kommunalsjefområde Oppvekst og Helse og velferd har det høgaste sjukefråværet. Utviklinga viser at Helse og velferd har ein auke i sjukefråværet. Innan Oppvekst har skulane ein auke i sjukefråværet, mens barnehagane har ein reduksjon. Nokre einingar i kommunalsjefsområdet Samfunnsutvikling har

høgt fråvær, men området har samstundes ein nedgang totalt. Organisasjon og beredskap har ein auke, men har vore igjennom store endringar som gjer at det ikkje kan samanliknast med året før. Finans og økonomi har ein auke, men ligg lågast av kommunalsjefområda.



Sjukefråvær % pr. månad	2023	2024
Jan	11,2	12,6
Feb	11,1	12,3
Mar	10,7	11,5
Apr	10,2	11,2
Mai	9,9	10,3
Jun	9,6	10,4
Jul	6,9	7,8
Aug	7,3	8,2
Sep	9,8	9,7
Okt	9,8	10,2
Nov	11,4	11,1
Des	12,1	10,7
Total	10,0	10,5

Ny modul i Framsikt for sjukefråvær

I 2024 har vi lagt om til nytt digitalt system for rapportering av sjukefråvær. Med det nye systemet har leiarane digital tilgang og betre oversikt over eigne tal. Dette gir betre styring ved at leiarar må

rapportera kvar månad på eigne sjukefråværstal.

Utført arbeid på organisasjonsnivå

“Jobben gjer frisk”

Det er stort fokus på sjukefråværsarbeid i Øygarden kommune. I sjukefråværsprosjektet «Jobben gjer frisk» som starta opp i 2022, vart det i medio 2024 oppretta ei eiga prosjektleiarstilling. I prosjektet har det vore høg aktivitet i 2024, m.a. gjennom tett samarbeid med professor Silje Mæland ved Universitetet i Bergen.

I «Jobben gjer frisk» er det i 2024 sett i gong 10 tiltak for å redusera sjukefråværet. Alle tiltaka er knytt til det forskning har identifisert som hovudutfordringane kring fråvær i bransjane i kommunesektoren.

«Jobben gjer frisk» sine 10 tiltak på overordna nivå:

1. **Kulturendring:** «Jobben gjer frisk» fokuserer på tidleg og tett dialog mellom leiar og tilsett ved sjukefråvær. Målet er å få tilsette raskare tilbake i arbeid ved å spørja "Kva kan eg gjera for deg?". Forsking viser at tidleg dialog hjelper tilsette tilbake i jobb. Målet er ei kulturendring som viser at arbeid er helsefremjande.
2. **Informasjonsarbeid:** Organisasjonen blir minna om å jobba systematisk med fråvær. Dette blir gjort gjennom arrangement, brosjyrar og påminningar.
3. **Digitale verktøy og betre styring:** I mai 2024 vart personalrapporteringsmodulen i Framsikt implementert. Leiarar rapporterer månadleg om fråvær og tiltak.
4. **Styrka leiarar:** Leiarar får kurs og førelesingar om sjukefråvær og arbeidshelse. I 2024 vart kursrekka «Intensiv balansetrening for leiarar» arrangert med innslag frå professor Silje Mæland, HR fagleiarar og kommunepsykologane. Leiarane har fått kompetanse og konkrete verktøy til sjukefråværsdialogen, plikter og rettar til leiarar og tilsette innan sjukefråvær. Kurset har hatt godt oppmøte og evalueringa viser at kursrekka har vore nyttig for leiarane.
5. **Styrka lokale partsgupper:** Årleg blir det arrangert IA-dag for alle partsgroppene i samarbeid med NAV Arbeidslivssenter. I år var tema «Emosjonelle belastningar» for Helse og velferd og Oppvekst. For kommunalsjefområda Samfunnsutvikling, Finans og økonomi og Organisasjon og beredskap var tema «Rolleklarheit». «Jobben gjer frisk-pakka» oppmodar til jamlege møte og samarbeid om fråværstiltak.
6. **Fokus på einingar med høgt fråvær:** Analyser av fråvær blir gjort jamleg. To gonger i året blir tiltak sett i gang for einingar med høgt fråvær, og einingane får tilbod om «Jobben gjer frisk-pakka». NAV Arbeidslivssenter og professor Silje Mæland støttar med metodar og kompetanse.
7. **Tiltak: Psykisk helse:** Psykiske lidningar står for 1/3 av fråværet. Tiltak rettar seg mot emosjonelle krav, som er ein viktig årsak til fråvær. Kommunepsykologane har halde kurs for leiarar.
8. **Tiltak: Muskel- og skjelettplager:** Muskel- og skjelettlidningar utgjer 1/3 av fråværet. Tiltak for å motivera til fysisk aktivitet inkluderer arrangement på treningssenteret MOVA, Cross fit Kystby og kampanjen "Tren med ein kollega".
9. **Tiltak: Kvinnehelse:** Kvinner har høgare fråvær enn menn. I tillegg utgjer kvinner 80 % av alle tilsette i Øygarden kommune. «Jobben gjer frisk» har eit fokus på kvinnehelse med førelesingar og kurs i samarbeid med professor Silje Mæland. Rutinar for arbeid med kvinnehelse er etablert i Bergen kommune, og det er starta eit samarbeid for å implementera tilsvarande i Øygarden kommune.

10. **Pilotprosjektet «Våre folk»:** Er eit digitalt verktøy som gir betre analyse for organisering og bemanning (i samarbeid med Agenda Kaupang og Storebrand), og dermed kan redusera jobbrelatert fråvær.

Andre tiltak

- Arbeidsmiljøutval på kommunalsjefnivå identifiserer felles utfordringar og tiltak.
- "Nærværnettverk" styrkjer samarbeidet mellom kommunane i regionen, for å finna tiltak som reduserer fråværet. Nettverket har kvartalsvise møte.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

Prosjektet "Jobben gjer frisk" vil halda fram arbeidet med og vidareføre dei 10 ovannemnde tiltaka i 2025. Det er viktig å oppretthalda, gjenta og arbeida systematisk med tiltaka over tid, slik at ein sørgjer for god implementering i heile organisasjonen.

Arbeidsmiljø og HMS arbeid

Arbeidsmiljø

I 2024 vart arbeidsmiljøprisen delt ut for andre gang i Øygarden kommune, og prisen gjekk til Sotra legevakt.

I desember vart det arrangert ein jubileumssamling for tilsette med 25 – og 40 års tenestetid i kommunen.

HMS

Eit godt og systematisk HMS-arbeid skal bidra til eit helsefremjande arbeidsmiljø.


HMS-avvik

Tabellen under syner tal HMS avvik per år frå vi vart ny kommune og ut 2024:

År	HMS-avvik
2020	1 175
2021	1 990
2022	2 210
2023	2 791
2024	2 337

Talet på meldte avvik i 2024 utgjer i snitt nesten eitt HMS-avvik per annakvar tilsett per år. Det har vore noko nedgang i meldte HMS avvik frå 2023 til 2024.

HMS-avvik fordelt på kategorier i 2023 og 2024



Frå 2021 t.o.m. 2024 har største del av HMS-avvika vore registrert i kategorien vald mot tilsette. Ved samanlikning av tal avvik i denne kategorien i 2024 mot 2023 ser ein ei nedgang på ca. 120 avvik. Nedgangen kan ha samband med det arbeidet organisasjonen har utført i høve dette området i 2024 og tidlegare.

Utført arbeid på organisasjonsnivå

HAMU (hovudarbeidsmiljøutvalet)

HAMU behandlar i hovudsak saker på systemnivå, som til dømes rutineendringar, statusrapportar, omorganiseringar og liknande. Tabellen under viser tal møter i utvalet og tal saker

HAMU har behandla frå 2022 t.o.m. 2024:

År	Tal møte i AMU	Tal saker i AMU
2022	7	26
2023	5	26
2024	6	36

AMU vedtok i 2024 å etablere underutval av AMU i kvart kommunalsjefområde. Hovud-arbeidsmiljøutvalet (tidlegare AMU) skulle handtera saker som var under områda Finans og økonomi, Organisasjon og beredskap, samt vera overordna arbeidsmiljøutval på tvers av alle kommunalsjefområda. Samfunnsutvikling, Oppvekst og Helse og velferd fekk som følgje av dette sine egne arbeidsutval - Kommunalsjef arbeidsmiljøutval (KAMU).

Hovud-arbeidsmiljøutvalet har vedtatt å leggja ned IA utvalet og erstatta dette med eit Utval for likestilt arbeidsliv (ULA), etter modell frå Agder fylkeskommune. Likestilt arbeidsliv er ein forskingsbasert sertifiseringsmodell som gir arbeidsgjevar verktøy for internt mangfald- og likestillingsarbeid, samt er eit nettverk for læring og erfaringsdeling med andre engasjerte aktørar.

Styringssystem for HMS arbeid

Det overordna HMS-ansvaret i Øygarden kommune ligg til Kommunedirektøren, mens eininga HR, forvaltning og kvalitet koordinerer og følgjer opp ein del av oppgåvene. Einingsleiarane har delegert HMS-ansvar for sitt område.

I 2023 vart styringssystemet for HMS revidert, saman med fleire av dei tilhøyrande rutinane. I 2024 er det utarbeida nye rutinar for:

- Rutine for støyeksposering
- Køyre med tenestemottakar i bil - overordna HMS rutine
- Rutine - "Åleinearbeid - i eit HMS-perspektiv"
- Rutine "Oppfølging av tilsette etter hendingar"

Opplæring i HMS

I 2024 har det vore gjennomført 40 timars HMS grunnkurs for verneombod og 2 dagars HMS opplæring for leiarar. Medlemmar i HAMU har delteke på eige kurs. Vidare har det vore gjennomført følgjande temakurs for leiarar og verneombod (halvdagskurs):

- HMS internkontroll
- HMS- risikovurdering, overordna
- Avvik, varsling og vernerunde
- ROS vald, truslar og psykisk belastning som følgje av kontakt med andre
- Forsvarlegheitsvurdering av arbeidstidsordningar
- Opplæring HMS ROS-analyse overordna

Samarbeid med bedriftshelsetenesta (BHT)

Øygarden kommune har avtale om bedriftshelseteneste (BHT) med Salutis. Eigen årsrapport frå BHT vert handsama i HAMU kvart år.

Aktivitetane på leveransen i 2024 er i hovudsak fordelt på desse områda:

- Lovpålagt HMS-opplæring av verneombod, HAMU-medlem og leiarar.
- Kurs og opplæring av tilsette basert på aktuell eksponering, eksempelvis kurs for nattevakter.
- Bistand under- og i oppfølgingsarbeidet etter tilsyn av Arbeidstilsynet, ulike avdelingar.
- Ergonomiske arbeidsplassvurderingar og rettleiing av einskild tilsette i ulike avdelingar.
- Arbeidsmiljøundersøking og bistand til arbeidsmiljøutvikling ved Øygarden kulturskule.
- Helseundersøking og yrkesvaksinering av personell ved Eigedomsforvaltning og helse.
- Røykdykkarattestar og helseundersøking for personell i Brann og redning.
- Krav- og funksjonsvurderingar etter gjennomførte risikovurderingar ved omsorgsbustad.

- Oppfølging av einskild tilsette gjennom støttesamtaler med helsepersonell eller konsultasjon hos psykolog, ulike avdelingar.
- Deltaking i HAMU og IA-utval - no Utval for likestilt arbeidsliv (ULA)

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Temaopplæringar i HMS og auka HMS kompetansen blant leiarar og verneombod.
- Fortsetja med å utarbeida rutinar som manglar.
- Revidera rutine om varsling av kritikkverdige tilhøve.
- Utvikla god samhandling mellom Hovud AMU (HAMU) og dei tre Kommunalsjef AMU (KAMU).

Likestilling og mangfald

Frå 1. januar 2020 har arbeidsgjevar og offentlege myndigheiter fått ei styrka plikt til å arbeida med likestilling og ikkje-diskriminering, den sokalla aktivitets- og redegjæringsplikten (ARP). Den inneber at alle arbeidsgjevarar i offentlege verksemdar skal gjera greie for:

- Den faktiske tilstanden for kjønnslikestillinga i verksemda
- Kva dei gjer for å oppfylle aktivitetsplikta

Denne tabellen syner samla årsverk pr. år i Øygarden kommune, prosentdel kvinner og prosentdel menn:

År	Årsverk	Prosent kvinner	Prosent menn
2020	2 421	86%	14%
2021	2 379	85%	15%
2022	2 357	85%	15%
2023	2 343	84%	16%
2024	2 422	83%	17%

Denne tabellen syner gjennomsnittleg stillingsstorleik for kvinner og menn som er tilsett i Øygarden kommune:

År	Gjennomsnittleg stillingsstorleik kvinner	Gjennomsnittleg stillingsstorleik menn
2020	72%	80%
2021	85%	90%
2022	86%	91%
2023	86%	80%
2024	85%	80%

Tabellen over viser at gjennomsnittleg stillingsstorleik har gått ned både for kvinner og menn i 2024 på tross av tiltak for å byggja fleire heiltidsstillingar. Eit tiltak i 2025 vert å sjå nærare på desse tala og finna årsaker til utviklinga.

Denne tabellen syner antal og samansetnad kvinner og menn i kommunedirektøren si leiargruppe:

År	Antal i leiargruppa	Kvinner	Menn
2020	7	5 (71,4%)	2 (28,6%)
2021	6	4 (67%)	2 (33%)
2022 (til 30.06)	5	4 (80%)	1 (20%)
2022 (frå 01.07)	6	4 (67%)	2 (33%)
2023	6	4 (67%)	2 (33%)
2024	6	4(67%)	2 (33%)

Tabellane over syner at det er kvinneleg overvekt blant dei tilsette i Øygarden kommune, inkludert i toppleiargruppa.

Utført arbeid

- Øygarden kommune sin lønspolitikk omhandlar arbeid for å fremja og ivareta likestilling, motivera og leggja til rette for heiltid og tiltak for ulike livsfasar.
- Ledige stillingar vert vurdert for utviding/ høgare stillingsprosent når det er mogeleg ut frå driftsomsyn (førerettar).
- Arbeidet for å unngå diskriminering har mellom anna vore ivaretatt gjennom arbeidet kommunen har utført i stillingsgruppene, og arbeidet i kraft av å vera ein IA-bedrift. Til dømes gjeld dette eventuelle omplasseringar og moglegheiter for utprøving grunna helse. Omstilling kan vera aktuelt for å sikra heiltidskultur i heile organisasjonen, og kan vera føremålstenleg knytt til å auka sysselsettinga for personar med nedsett arbeidsevne.
- I 2024 har vi framleis hatt eit tett samarbeid med NAV gjennom den strategiske samarbeidsavtalen mellom NAV og Øygarden kommune. Døme på tiltak er deltaking på jobbmesse, arbeid med haldningsendringar og informasjon om rekruttering frå NAV, som har resultert i nokre tilsetjingar i kommunen.
- Menn i helse (eit KS prosjekt) og Jobbjordmor (internt tiltak i Øygarden kommune) er eksempel på tiltak med fokus på likestilling og det å unngå diskriminering.
- Ved tilsetjing vert det i første rekke tatt omsyn til søkjarane sine kvalifikasjonar (teoretisk og praktisk utdanning samt om ein er eigna for stillinga). Når søkjarar av begge kjønn står likt eller tilnærma likt i høve kvalifikasjonar, kan søkjarar viss kjønn er underrepresentert, føretrekkast når dette er i samsvar med likestillings- og diskrimineringslova.
- Arbeidsgjevar har utarbeida lønsstatistikk inkl. kjønn til bruk under dei lokale forhandlingane.

- Kommunen har starta opp eit arbeid med ei sertifiseringsordning kalla Likestilt arbeidsliv (gjeld for både private og offentlege verksemder i Noreg). Ordninga har som formål å fremja likestilling, inkludering og mangfald på arbeidsplassen og krev at verksemdene oppfyller krava i Likestillings- og diskrimineringslova.

Følgjande skal vi arbeida med i 2025

- Under arbeidet med Likestilt arbeidsliv vil vi gjennomføra ei modningsanalyse av organisasjonen, som vil gi eit grunnlag for tiltak som skal prioriterast i 2025. Døme kan vera vidareutvikling av livsfasepolitikk, likeløn og tilrettelegging for ulike grupper inkludert tilsette med nedsett funksjonsevne.
- Arbeidsgjevar vil årleg utarbeida oversikt på tal omplasseringar og bruk av førerettar.
- Arbeidsgjevar vil fortsetta med ulike tiltak for å sikra heiltidskultur, og gjera analyse i høve nedgangen i stillingsstorleik frå 2023 nivået for både kvinner og menn.

Kommunen sine tenestekområde

Politisk



Ordfører Tom Georg Indrevik | Foto: Vigeik Brekke

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	17 235	20 934	21 059	-125	-0,6 %

Kommentar til status økonomi

Politisk kapittel har eit meirforbruk på kr 125 000 i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	10 073	11 453	12 930	14 509	-1 579
Refusjon løn	-1	0	0	0	0
Sum Løn	10 072	11 453	12 930	14 509	-1 579
Kjøp av varer og tenester	4 028	4 973	4 071	2 720	1 351
Overføringer	3 816	5 439	4 644	4 194	450
Sum Utgifter	7 844	10 412	8 715	6 914	1 801
Salsinntekter	0	0	0	0	0
Refusjonar	-682	-931	-711	-364	-347
Sum Inntekter	-682	-931	-711	-364	-347

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Netto resultat	17 235	20 934	20 934	21 059	-125

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Netto driftsutgifter per innbygger (100) politisk styring (B)	309	399	440	373	236	306	440
Netto driftsutgifter per innbygger (110) kontroll og revisjon (B)	42	33	70	54	48	68	112

Øygarden kommune bruker kr 399 per innbyggjar til politisk verksemd. Dette er meir enn Kostragruppe 10, men mindre enn landsgjennomsnittet.

Netto driftsutgifter til kontrollutval og revisjon er kr 33 per innbyggjar. Dette er lågare enn Kostragruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Kommunedirektør



Kommunedirektør Johnny Breivik | Foto: Vagleik Brekke

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %
Sum	46 147	48 157	47 194	962	2,0 % 

Kommentar til status økonomi

Kommunedirektøren har eit mindreforbruk på kr 962 000 i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	3 392	2 348	2 408	2 973	-565
Sum Løn	3 392	2 348	2 408	2 973	-565
Kjøp av varer og tenester	3 211	3 928	3 928	3 999	-71
Overføringer	42 189	43 559	43 068	41 382	1 686
Finansutgifter	1	0	0	0	0
Sum Utgifter	45 401	47 487	46 996	45 381	1 615
Salsinntekter	0	-401	0	-2	2
Refusjonar	-1 059	-1 322	-1 247	-1 158	-89
Finansinntekter	-1 587	0	0	0	0
Sum Inntekter	-2 646	-1 723	-1 247	-1 160	-87
Netto resultat	46 147	48 112	48 157	47 194	962

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	867	820	530	190	464	543	602
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	3 857	3 728	2 393	3 316	2 565	3 692	4 312
Netto driftsutgifter til funksjon 390,393 pr. innbygger i kroner (B)	847	924	1 146	724	634	621	729

Øygarden kommune bruker kr 3 728 per innbyggjar til administrasjon. Dette er litt høgre enn Kostragruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet.

Øygarden kommune bruker kr 820 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 924 per innbyggjar til kyrkje. Dette er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Finans og økonomi



III. Colourbox

Beskriving av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområdet Finans og økonomi har ansvar for finans, rekneskap, løn, budsjett og økonomiplan, verksemdsstyring, innkjøp og IKT og dokumentsenter, og består av desse einingane: Rekneskap og løn, Innkjøp, IKT og dokumentsenter.

Dette har vi gjennomført i 2024

Samfunnsdelen til kommuneplanen er førande for arbeidet med å vidareutvikla berekraftige tenester i åra som kjem. I 2024 har desse måla frå samfunnsdelen vore mest styrande for arbeidet i Finans og økonomi:

- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ
- Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn. Arbeid og aktivitetar knytt til dette målet vert gjort nærare greie for i kapittelet Klima og miljø.
- Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn.

I det følgjande vert det gjort greie for arbeid og aktivitetar som er gjennomført i einingane i kommunalsjefsområdet for å følgja opp måla.

IKT og dokumentsenter

- Delteke i prosessen med anskaffing av nytt legesystem - EPJ.
- Innført nytt fagsystem for oppvekst - Vigilo.
- Revidert rutinar i arkivplan og i kvalitetssystemet (Compilo).

- Fleire større omorganiseringar med struktur endring, flytting av saker m.m. i sak-arkivsystem WebSak.
- Gjennomført ca. 4 kurs kvar måned i WebSak basis og WebSak+, grunnkurs og oppfriskingskurs samt temabasert kurs.
- Digitaliseringsprosjektet av GBNR arkiv er komen over halvvegs med digitalisering av arkiv frå gamle Sund kommune.
- Listeført og rydda ein god del eldre avslutta fysiske arkiv. Barnehage, skule, personalarkiv og helsestasjon.
- Tilsett ein ny lærling i service og administrasjonsfaget.
- Hatt fire IKT lærlingar og ein praksiskandidat.
- Skifta og oppgradert sentral infrastruktur.
- Oppgradert 57 klasserom med nytt AV utstyr.
- Tatt i bruk tryggleikslisensar frå Microsoft på alle brukarkontoar.
- Arbeidd med ny samarbeidsavtale for DigiVestland.
- IKT og dokumentsenter har mottatt 11 674 saker til handsaming i Tilsettservice (Help Desk). 8 627 går til IKT mens 3 047 går til dokumentsenter.

Innkjøp

Innkjøp har arbeidd med revidering av anskaffingsstrategi. Denne vart godkjend av kommunestyret i juni 2024.

Andre viktige aktivitetar som er utført i eininga:

- Bistand til ei lang rekke anskaffingar som er gjort ute i einingane.
- Bistand til HRP i enkelte anskaffingar som dei har gjennomført.
- Revidering og oppfølging av rutinar og rettleiarar i kvalitetssystemet Compilo.
- Handsaming av saker i tilsettservice.
- Arbeid knytt til innkjøpssamarbeidet med Bergen kommune.

Eit utval anskaffingar innkjøp sjølv har gjennomført:

- Rammeavtale Elektrikar.
- Rammeavtale Røyrleggar.
- Rammeavtale Målar- og golvlegging.
- Rammeavtale Filter og ventilasjon.
- Rammeavtale Glasmeister.
- Rammeavtale Heis.
- Rammeavtale Tømrar.
- Rammeavtale Grunnarbeid og vegvedlikehald (24/25).
- Rammeavtale Fjellsikring (24/25).
- Rammeavtale Vedlikehald og rehabilitering av bruer og kaiar (24/25).
- Analyse av administrasjonen.
- Årskontroll og reperasjon av sløkkjeutstyr.
- Rammeavtale Skuleturar for 10. klasse.
- Røykdykkarilar til Øygarden brann- og redning (24/25).

Rekneskap og løn

- Gjennomført endringar i den langsiktige kapitalbehaldninga for å oppnå høgare avkastning.
- Samarbeid med kommunalbanken og avdeling for utbygging for kunna ta opp «grønt lån»
- Gjennomført cash management analyse i samarbeid med hovudbankforbindelsen DnB

- Førebudd nytt bankanbod.
- Førebudd arbeid med kjøp og sal av aksjar.
- Kopla til og integrert fleire nye forsystem til økonomisystemet Visma Plus.

Dette skal vi arbeida med i 2025

- Disiplinert økonomistyring og ein effektiv drift av Øygarden kommune. I det inngår m.a. eit auka fokus på arbeidet med økonomiske analysar.
- Ved opptak av lån skal det vurderast om det kan takast opp grønne lån - t.d. ved bygging av ny Fjell ungdomsskule.
- Satsa på digitale løysingar og datasystem som understøttar tenestene. Auka effektivitet skal brukast til ein ytterlegare forbetring av tenestene.
- Vidareutvikling og styrking av verksemdsstyringa - tydelege samanhengar mellom plan, budsjett og rapportering i styringssystemet til kommunen ved m.a. å visa korleis ressursar påverkar resultat og gir effekt.
- Følgja opp revidert eigarskapsmeldinga frå 2024 gjennom aktiv eigarstyring.
- Iverksetta anskaffingsstrategien som vart revidert i 2024 ved at det m.a. skal utarbeidast ein rettleiar, samt kontraktsoppfølging ute i einingane.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	
2100-Kommunalsjef finans og økonomi	5 764	5 920	4 510	1 410	23,8 %	✓
2115-Rekneskap og løn	12 784	13 135	12 966	170	1,3 %	✓
2130-Innkjøp	4 071	4 001	2 350	1 651	41,3 %	✓
2160-IKT og Dokumentsenter	66 595	72 075	68 781	3 294	4,6 %	✓
Sum	89 214	95 131	88 606	6 524	6,9 %	✓

Kommentar til status økonomi

Kommunalsjefområde Finans og økonomi hadde eit mindreforbruk på kr 6,5 mill i 2024.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak:

- Mange vakante stillingar
- Forskyvning av Microsoft lisenskostnad for Oppvekst til 2025 (nye lisensar)
- Innsparing knytt til telefoni og dataliner
- Innkjøpsstopp hausten 2024

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	42 092	41 633	42 805	41 388	1 417
Refusjon løn	-727	0	0	-1 305	1 305
Sum Løn	41 366	41 633	42 805	40 082	2 723
Kjøp av varer og tenester	49 031	52 751	52 851	49 271	3 579
Overføringer	11 992	8 264	8 264	11 738	-3 474
Finansutgifter	1	0	0	1	-1
Sum Utgifter	61 024	61 015	61 115	61 010	105
Salsinntekter	-814	-500	-500	-633	133
Refusjonar	-12 362	-8 289	-8 289	-11 853	3 564
Sum Inntekter	-13 176	-8 789	-8 789	-12 486	3 697
Netto resultat	89 214	93 859	95 131	88 606	6 524

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsutgifter til funksjon 130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)	867	820	530	190	464	543	602
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	3 857	3 728	2 393	3 316	2 565	3 692	4 312

Øygarden kommune bruker kr 3 728 per innbyggjar til administrasjon. Dette er litt høgre enn Kostragruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet.

Øygarden kommune bruker kr 820 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Organisasjon og beredskap



Tren med ein kollega | Tilsette ved Kolltveit skule | Foto: Vigleik Brekke

Beskriving av kommunalsjefområdet

I 2024 vart det gjennomført ulike organisatoriske endringar i Organisasjon og beredskap:

- I juni vart innbyggjartorg og bibliotek flytta frå eininga Service, til kommunalsjefområdet Samfunnsutvikling og kultureininga.
- I august vart det gjort følgjande endringar: Eininga Service, eininga HR og kompetanse og eininga Tryggleik vart slått saman til ei eining: HR, forvaltning og kvalitet. Kommunalsjefområdet bytta namn til "Organisasjon og beredskap". Føremålet var å rigga kommunalsjefområdet for omstilling, samt auka satsing på beredskap ved m.a. å tilsetta ein beredskapssjef. Ny beredskapssjef var på plass 1. desember 2024.

Kommunalsjefområdet består no av to einingar: Øygarden brann og redning og HR, forvaltning og kvalitet. I tillegg er det etablert ein stab knytt til kommunalsjef for Organisasjon og beredskap, som består av ulike nøkkelroller i organisasjonen: Beredskapssjef, forhandlingssjef, kommunikasjonssjef, utviklingsleiar, prosjektleiar «Jobben gjer frisk» (sjukefråvær) og kommuneadvokatane. Alle desse arbeider ut mot heile organisasjonen.

Dei hovudtillitsvalde og hovudverneombodet er organisert hos forhandlingssjefen.

Dette har vi gjennomført i 2024

Kommunalsjefområdet har arbeidd med fokus på desse måla i samfunnsplanen i 2024:

- Øygarden kommune er ein god stad å bu
- Innbyggjarane i Øygarden kommune har god livskvalitet
- Øygarden kommune er eit kompetent og produktivt samfunn

- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

I det følgjande vert det gjort greie for arbeid og aktivitetar som er gjennomført i stab og i einingane Øygarden brann og redning (ØBR) samt HR, forvaltning og kvalitet (HFK), for å følgja opp måla.

Kommunikasjon

- Lansering av podkasten *Rådhuset* i oktober og eigen kommune-app i november. Kommune-appen er etablert som ein del av arbeidet med prosjektet «God trafikkflyt». Dette prosjektet handla i stor grad om kommunikasjon. Appen gjev også informasjon om tenester og aktivitetar.
- Innhald til sosiale medium og heimesida: Det er publisert om lag 400 oppslag/ aktuelt saker på nettsida og sosiale medium i 2024. Tal visingar (knappt tre mill) og aktive brukarar (om lag 200 000) på Facebook ligg på same nivå som året før. Oppgåver knytt til kommunikasjonssjef er kommunikasjonsstrategi, krisekommunikasjon og språkarbeid.

Kommuneadvokatane

I 2024 vart det handsama 59 saker i domstolar, fylkesnemnd og andre konfliktløysande organ. Dette er ei auke frå 2023, som hadde 42 slike saker. Fordelinga for 2024 er slik:

- Norges Høyesterett: 1
- Gulating lagmannsrett: 5
- Hordaland tingrett: 9
- Barneverns- og helsenemnda, russak: 5
- Barneverns- og helsenemnda, barneverntenester: 35
- Forlikrådet: 3
- Tvisteløysingsnemnda for barnevernsaker: 0

Øygarden brann og redning (ØBR)

- Administrativt/ organisasjon
 - Første fulle driftsår for ØBR som eining i kommunalsjefsområde Organisasjon og beredskap.
 - Første fulle driftsår for samarbeidsavtalen mellom ØBR og Equinor. Avtalen har gitt betre kunnskap for ØBR når det gjeld anlegga, og styrka beredskap og kompetanse for industrivernet ved Kollsnes/ Sture. Partane er godt nøgde med dette samarbeidet. På hausten vart partane samde om å utvida ØBR sin styrke frå fire til fem personar. Dette vil venteleg skje i løpet av første halvår 2025.
- Beredskap
 - Det var 428 brann- og redningsutkall til Øygarden kommune i 2024. I 2023 var talet 392. Helse relaterte oppdrag var den største einskildkategorien med 95 (93 i 2023). Det var 18 brannar i bygningar, og tilløp til brannar utgjorde 61 i 2024 (70 i 2023). (Kjelde, DSB).
 - Ny leiar for beredskapsavdelinga tok til våren 2024.
 - Utarbeiding av kravspesifikasjon for nye røykdykkarbilar, for levering i 2025.
 - Kompetanseheving for nytilsette, og gjennomføring av øvingsplan for 2024. Herunder planlegging, og gjennomføring av PLIVO-

øving saman med ambulanse/legevakt. (PLIVO: Pågåande Livstruande VOLD).

- Førebyggjande
 - Hovudfokus har vore førebyggjande tiltak retta mot risikogrupper i samfunnet som til dømes flyktningar, eldre og personar med rusutfordringar. Dette er grupper som har høgare risiko for å verta skadd eller omkomma i brann. Det er gjennomført ulike tiltak t.d.: heimebesøk, tilsyn, synfaringar, opplæring, stands, foredrag, m.m.
 - To tilsette ved førebyggjande avdeling vart i perioden 22.06 – 31.12.2024 delvis overført for arbeid med kommunal beredskap i påvente av oppstart for ny kommunal beredskapssjef 01.12. 2024. ØBR gjekk difor inn med 0,6 årsverk i denne perioden for å sikra framhald av arbeid med kommunale beredskapsoppgåver.
 - Det vart kjøpt inn to nye hengarar med utstyr for vernebrenning av utmark, finansiert av midlar tildelt frå Statsforvaltaren i Vestland. Vernebrenning av utmark er eit godt førebyggjande tiltak for å redusera attgroing av utmarka, då det er ei utfordring ved brann i utmark. Hengarane blir plassert sør og nord i kommunen. Frå før er ein hengar plassert på Ågotnes.
 - Ny arbeidsbåt for seksjon for feiing og tilsyn med fyringsanlegg, vart teken i bruk. Dette gjer arbeidskvardagen betre for våre tilsette som skal på tilsyn/ feiing på stadar der det ikkje er tilkomst med bil.



Ny arbeidsbåt for seksjon for feiing og tilsyn

HR, kvalitet og forvaltning (HFK)

- Compilo: Utarbeidd og revidert rutinar og retningslinjer.
- On- og offboarding: Forbedra prosessar ved oppstart og avslutning av arbeidsforhold.
- Kompetansetilbod: Ulike tilbod via KS-læring(digitalt) og andre.
- Omstillingsstøtte: Tilgjengeleg for tilsette i andre område.
- Internkontroll: Lukka avvik frå forvaltningsrevisjonen og vidareutvikla kvalitetssystemet Compilo.
- Tryggleiksmånaden: Arrangert i oktober med fokus på informasjonstryggleik og GDPR.
- Kvalitetshandbok: Utvikla for internkontroll.
- Alkohollov og serveringslov: Rettleia bransjen, forvalta 66 serveringsløyve (65 i 2023), 22 salsløyve (25 i 2023), 19 skjenkeløyve (20 i 2023), behandla 64 skjenkeløyvesøknadar for enkeltstående arrangement (83 i 2023) og halde 124 kontrollar (126 i 2023).
- Startlån: Behandla 337 søknader og lånt ut kr 81 mill til 40 husstandar. I 2023 vart det lånt ut kr 124 mill til 58 husstandar.

- Barnehagemynde:
 - Alle med rett til plass fekk tilbod ved hovudopptaket.
 - Nettsider: Forbetra informasjon om barnehageopptak og redusert foreldrebetaling.
 - Barnehageplassering: Alle barn frå nedlagte barnehagar fekk ny plass.
 - Nettverk for barnehagemynde: Oppretta nettverket og gjennomført møte med andre kommunar.
- Vigslar:
 - Det er ein jamn straum av søknadar om å inngå ekteskap fordelt gjennom året.
 - Vigslane har i hovudsak blitt gjennomført på ordførarkontoret, men det har også blitt gjennomført vigslar på andre stadar i kommunen.
 - Ein fredag og laurdag i månaden er sett av for vigslar gjennom året. Vi har også hatt vigslar på andre tidspunkt viss det har kome førespurnad om det.
 - Tal på vigslar:

Månad	2024	2023	2022	2021
Januar	3	2	5	5
Februar	3	3	1	2
Mars	3	2	3	6
April	5	2	3	3
Mai	3	2	6	4
Juni	8	6	6	6
Juli	1	1	1	4
August	8	4	10	7
September	4	3	4	3
Oktober	2	2	0	1
November	5	6	2	3
Desember	2	3	2	4
Sum	47	36	43	48

Dette skal vi arbeida med i 2025

- Vi skal støtta, tilrettelegga og vera ein pådrivar for at Øygarden kommune er utviklingsorientert og ein spanande arbeidsplass med meining. Det inneber m.a. å ha ei aktiv rolle inn mot arbeidet i Framtidssamfunnet og vera medarrangør av leiaropplæringa Samfunnskraft saman med Vest næringsråd.
- Vi skal arbeida aktivt på alle nivå for å få ned sjukefråværet. Det betyr m.a. å nytta forskingsbaserte tiltak på organisasjonsnivå og partssamarbeidet ved einingane til å finna dei rette lokale tiltaka, samt sikra rask og trygg dialog mellom leiarar og sjukemeldte.
- Vi skal utvikla løysingar saman med tenesteområda, som gir tenestene auka tilgang til gode vikarar, effektiv vikarbruk og bemanningsstyring.
- Vi skal sikra god informasjon internt i organisasjonen og ut til samfunnet elles.
- Vi skal dyrka ein kultur med fokus på å løysa utfordringar saman ved å lytta og vera nysgjerrige på andre fag og perspektiv. Vi skal systematisk dela dei gode eksempla med kvarandre.
- Brukarperspektivet skal vera ein del av grunnlaget i arbeidet med å finne løysingar og i utvikling av tenestene.
- Vi skal arbeida systematisk med omstilling og inkludering for å sikra rett og nok arbeidskraft.
- Vi skal styrka kompetansen til leiarar og tilsette i risikovurdering og beredskap.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	
2205-Kommunalsjef organisasjon og beredskap	11 432	12 624	15 596	-2 972	-23,5 %	!
2215-HR, Forvaltning og kvalitet	0	0	22 344	-22 344	0,0 %	✓
2230-Service	288 062	274 536	270 196	4 340	1,6 %	✓
2240-Tryggleik	11 998	11 722	6 834	4 888	41,7 %	✓
2250-HR og kompetanse	13 491	17 022	9 693	7 329	43,1 %	✓
2260-Øygarden brann og redning	32 028	31 115	32 484	-1 370	-4,4 %	!
2290-Lærlingar	17 155	17 941	6 508	11 433	63,7 %	✓
Sum	374 166	364 960	363 655	1 304	0,4 %	✓

Kommentar til status økonomi

Kommunalsjefområde Organisasjon og beredskap hadde eit mindreforbruk på kr 1,3 mill i 2024.

Tilskot til private barnehagar var kr 6 mill høgre enn budsjettert. Utgifter til lærlingar var kr 11,4 mill mindre enn budsjettert. Det er trekt ned stillingar, omorganisert og effektivisert i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	115 220	119 172	115 176	110 485	4 691
Refusjon løn	-3 116	-554	-554	-4 128	3 574
Sum Løn	112 104	118 618	114 622	106 357	8 265
Kjøp av varer og tenester	279 046	269 796	268 498	277 705	-9 207
Overføringer	11 039	8 663	8 749	7 588	1 161
Finansutgifter	1 814	0	77	77	0
Sum Utgifter	291 899	278 459	277 324	285 370	-8 046
Salsinntekter	-11 323	-11 537	-11 454	-11 251	-203
Refusjonar	-17 174	-14 523	-14 372	-15 620	1 248
Overføringsinntekter	0	0	0	0	0
Finansinntekter	-1 340	-1 066	-1 160	-1 201	41
Sum Inntekter	-29 837	-27 126	-26 986	-28 072	1 086
Netto resultat	374 166	369 950	364 960	363 655	1 304

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsutgifter til funksjon	867	820	530	190	464	543	602
130 Administrasjonslokaler, i kr. pr. innb (B)							
Netto driftsutgifter per innbygger (120) administrasjon (B)	3 857	3 728	2 393	3 316	2 565	3 692	4 312

Øygarden kommune bruker kr 3 728 per innbyggjar til administrasjon. Dette er litt høgre enn Kostragruppe 10, men lågare enn landsgjennomsnittet.

Øygarden kommune bruker kr 820 per innbyggjar til administrasjonsbygg, noko som er høgre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Helse og velferd



Tilsette i helse og velferd

Beskriving av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Helse og velferd består av overordna leing og stab, forvaltning og støttetenester, heimetenester, sjukeheimar og omsorgsbustader med heildøgns omsorg, tenester til menneske med nedsett funksjonsevne, psykisk helse og rus, legetenester og legevakt, Lokal medisinsk senter, NAV og helse, meistring og rehabilitering.

Dette har vi gjennomført i 2024

Hausten 2023 vart heile kommunalsjefsområdet evaluert av PWC. I rapporten vart det m.a. tilrådd tiltak knytt til effektivisering, digitalisering og organisatoriske endringar. Det vart særleg peika på behovet for utbygging av heildøgns tenester for ulike grupper. Saman med kostratal, vedtekne politiske planar og Øygarden 2040, gir rapporten grunnlag for omstillingsarbeidet som må gjennomførast. I 2024 har kommunalsjefsområdet teke fleire grep for å møte framtidige behov for tenesteutvikling.

Mål frå samfunnsdelen som har vore mest styrande for kommunalsjefsområdet i 2024:

- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet
- Øygarden er ein god stad å bu
- Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn
- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

I det følgjande vert det gjort greie for arbeid og aktivitetar som er gjennomført i kommunalsjefsområdet for å følgja opp måla:

- Nasjonal Velferdsteknologisk KnutePunkt (VKP): Skapar moglegheit for samling av pasientdata ved m.a. automatisk overføring av utløyse tryggleiksalarmar til pasientjournal. Samling av pasient- og alarminfo skapar avgjerdsgrunnlag for kvalitativt betre tenester for innbyggjarane.
- Digital Drop-in Sjukepleiar: Med midlar frå nasjonal Helseteknologiordning har kommunen prøvd ut møteromsløysing i heimetenesta, for sikker assistanse frå sjukepleiar utan heimebesøk.
- Multidose medikamenthandtering: Kommunen har innført ordinasjon og mottak av multidose ved alle institusjonar med langtidspasientar. Gir effektivisering og kvalitet i pakking og utdeling.
- Legejournal: På legevakt og kommunale legekontor er det behov for å skifta til framtidsretta løysing for elektronisk pasientjournal. Kommunen har gjennomført tilbodskonkurranse for val av framtidig leverandør/løysing, som vert innført våren 2025.

Tenesteutvikling


For å gjennomføra vedtekne planar og utvikla nye tenester har Helse og velferd m.a. søkt ekstern finansiering til ulike prosjekt. Døme på utviklingsarbeid:

- Prosjekt Ukraina: Det vart busett 184 flyktningar i 2024, der storparten var frå Ukraina. Ukraina prosjektet som vart oppretta for å møte eit stort mottak av flyktningar i 2022, er avslutta. Frå 2025 vert flyktningarbeidet flytta til det nye lærings- og integreringssenter, organisert under Oppvekst.
- Prosjekt frå Ukraina til jobb innan Helse- og velferd: Seks frå Ukraina vart tilsett mellombels som assistentar ved to institusjonar med mål om å kvalifisera til jobb innan helse- og velferd. Prosjektet var ein del av eit oppgåveforskyvings-prosjekt og vart avslutta haust 2024. Innsatsen har vore forløpar til eit nytt prosjekt « Vår nye ressurs» som er kome på plass i budsjettet for 2025.
- Mentorordning for nytilsett helsepersonell: Etablert saman med KS og det nasjonale prosjektet Jobbvinner. Programmet er pilotert på fire ulike einingar. Nasjonal følgeforskning viser positive gevinstar i samband med å rekruttera og behalda helsepersonell. Det skal vurderast om innsatsen skal rullast ut i heile Helse og velferd i 2025.
- Tørn i regi av KS: Ny Tørn for effektive helse og omsorgstenester har vore pilotert på Straume bu- og service senter. Føremålet er å fremja god organisering av arbeidsoppgåver, arbeidstid og personalressursar i omsorgstenesta. Prosjektet gir positive resultat og det skal jobbast med plan for utrulling i heile omsorgstenesta.
- TVEPS – læringsnettverk tverrprofesjonelt samarbeid. Føremål: Åka kunnskap og kompetanse innan tverrprofesjonell læring og praksis. Målgruppe: Studentar, kommunehelseteneste og fagmiljø ved utdanningsinstitusjonar.
- Kvalitet i tenestene til utviklingshemma, konvensjon om rettane til personar med nedsett funksjonsevne, CPDR: Eit samarbeid i regi av Utviklingssenter for sjukeheim og heimetenester (USHT) og statsforvaltar med oppfølging av nasjonal rettleiar.
- DigiVestland Regionalt fag og prioriteringsutval eHelse – nettverk: Rådgjevande organ basert på regionale KS-helseleiarnettverk: Innspel og prioritering vedkomande regional e-helseportefølje.
- Nettverk for kreftomsorg og palliativ behandling: Samarbeid mellom sjukehus og kommunar, der føremålet er kompetanseheving og samhandling. Det er løyvd tilskotsmidlar frå statsforvaltaren. Målgruppe: Kreftpasientar og andre pasientar med behov for lindrande behandling og deira pårørande.

- “Aldri alene”: Interkommunalt prosjekt med føremål å førebyggja sjølv mord, som har gått i tre år og har etablert seg til å vera eit viktig utviklingsarbeid innan mental helse på Vestlandet. Prosjektet er anerkjent som eigen merkevare.
- Menn i helse: Nasjonalt rekrutteringsprosjekt som tilbyr menn mellom 25-55 år eit komprimert og føreseieleg utdanningsløp fram mot fagbrev som helsefagarbeidar. Tiltaket vert finansiert via lærlingordninga.
- Jobbsjansen: Prosjektet har som formål å gi innvandrar kvinner med liten eller ingen tilknytning til arbeidslivet og har behov for kvalifisering, bistand for å koma i arbeid. Finansiert med tilskot frå IMDi
- Tenestekatalog: Skal gi oversyn over kva tenester ein kan få frå Øygarden kommune innan Helse- og velferd.
- Samordna bustadsosialt tenestetilbod: Er eit pågåande prosjekt i 2024 som snart er avslutta. Det vert m.a. oppretta eige bustadkontor og arbeidd for å få på plass Housing First som metode for oppfølging av sårbare grupper.

Dei ulike prosjekta omhandlar kvalitet i tenestene, samhandling internt og eksternt, samt utvikling av tenestetilbod. Målsettinga er å leggja til rette for berekraftige helse- og velferdstenester.

- Brukarundersøkingar: Det er innbyggjarane som kjenner behova. Vi gjennomfører jamlege brukarundersøkingar innanfor ulike tenester for å forstå korleis tenestemottakar opplever tenestene og for å ta i mot forslag til forbetringar. Resultat frå undersøkingane vert nytta til betring av tenester i dialog med tilsette og brukarrepresentantar. På slutten av året vart det gjennomført brukarundersøking i heimetenestene:



Utført arbeid i einingane

Aksjonssenter

- Hovudoppgåve: Svare på telefonoppringingar frå målgruppa og andre, svare ut førespurnader via internmeldingar og svare ut e-postar.
- Gitt råd og rettleiing til målgruppa som har oppsøkt senteret på drop-in tilbod, som vart etablert på alle innbyggartorga i kommunen frå januar.
- Per 01.01.24 - inngått 9 samarbeidsavtalar med private leverandørar av [kvardagstenester](#).
- Tok over handtering av førespurnader om tryggleiksalarmar (TA) frå 17 juni.
- Oppdatert informasjon om velferdsteknologiske tilbod på nettsida til kommunen, utført saman med koordinator for velferdsteknologi i kommunen.

Institusjonar

- Tal institusjonsplassar i kommunen er for lågt i høve til behovet. I 2024 har det igjen resultert i betaling til sjukehus for utskrivingsklare pasientar og redusert tilbod om korttidsopphald og avlasting til heimebuande pasientar.
- For å møte behovet er det etablert nye plassar ved Straume- bu og servicesenter, Tednebakkane og ved Hildamyra omsorgsbustader, noko som også er i tråd med gjennomføringsplan for framtida sine helse- og velferdstenester.
- Øygarden 2040 og rapport frå PWC vil danna grunnlag for vidare opptopping av heildøgns tenester. Kommunestyret har vedteke å bygga ny sjukeheim med inntil 80 plassar ved sidan av Fjell sjukeheim.

Psykisk helse og rus

- Tala for 2024 viser utjamning i tal søkjarar til psykiske helsetenester. Det har likevel vore behov for auke i tenestetilbod til menneske med alvorlege ruslidingar, som har medført ei forskyving av tilgjengelege ressursar.
- Tilsette sin kompetanse innan rask psykisk helsehjelp er etterspurt, og tenesta bistår andre fagområde.
- Det er anskaffa fire mellombelse robustbustader plassert på Straume med oppfølging frå tenesta saman med Nav. Det er i tillegg anskaffa ytterlegare fire bustader som skal takast i bruk i 2025.
- Arbeidd med ulike prosjekt, særskilt fokus på svingdørspasientar i prosjektet MULI saman med DPS, Askøy kommune og politiet.
- Jobba aktivt med sjukefråvær og har hatt nedgang gjennom året.

Heimetenester

- Omorganisering av heimetenesta til ei eining har medverka til ei meir fleksibel tenesteyting og betre fordeling av ressursar på tvers av kommunen.
- Tabellen under viser ein liten nedgang i timetal til heimesjukepleie/ tal brukarar i høve til 2023 (då det var stor auke), men likevel betydeleg fleire brukarar i 2024 enn i 2022. Det er mest etterspurnad av tenester i Straumeområdet, i tillegg til periodevis auke av oppdrag i nord.



ÅR	Mottakarar av heimesjukepleie	Vedtakstid heimesjukepleie	Mottakarar av heimehjelp	Vedtakstid heimehjelp
2020	783 personar	79 682 tildelte timar	521 personar	12 589 tildelte timar
2021	755 personar	85 639 tildelte timar	503 personar	11 363 tildelte timar
2022	740 personar	84 653 tildelte timar	511 personar	11 033 tildelte timar
2023	823 personar	93 111 tildelte timar	527 personar	10 792 tildelte timar
2024	797 personar	91 731 tildelte timar	524 personar	10 335 tildelte timar

- Gjennomsnittleg tildelt heimesjukepleie per brukar i 2023 er 113 timar mot 115 timar i 2024. Tala stemmer med tilsette sine opplevingar ute i tenestene om at brukarane er dårlegare og at kompleksiteten aukar.
- Tal mottakarar av praktisk bistand har vore relativt stabilt siste åra. Tal tildelte timar innan praktisk bistand har årleg blitt redusert sidan 2020.
- Anna viktig arbeid i 2024: Mentorordning på Straume. Omorganisering frå tre til fire avdelingar innan heimetenesta. Implementering av Drop inn sjukepleiar og vurdering av turnusordningar med langvakter. Arbeide med rekruttering og behalda kompetanse. Arbeid med sjukefråvær. Fokus på bruk av digitale løysingar, t.d. e-lås

NAV

- Arbeidsløysa har vore stabilt låg gjennom heile året. Det var 488 ordinære arbeidssøkjalar i desember 2024, som var det same i januar 2024.
- Sosialhjelp: Stor auke i talet på sosialklientar i 2024, med gjennomsnitt på 488 klientar pr. månad, mot 396 i 2023. Spesielt stor auke i talet på familiar som mottok sosialhjelp. Auken skuldast delvis høg busetting av flyktningar og dyrtid, som gjer at fleire som før klarte seg sjølv har søkt hjelp.
- Bustadlause: I snitt 16 personar som fekk tilbod om mellombels bustad frå Nav. Dette er personar som har store vanskar med å skaffa seg varige butilbod ofte grunna samansette utfordringar knytt til rus og psykiatri.
- Anna viktig arbeid i 2024: Auka fokus på barneperspektivet i Nav. Oppstart av prosjekt FamiliePluss for å styrka heilskapleg og tverrfagleg oppfølging av låginntektsfamiliar. Kapasiteten til kvalifiseringsprogrammet blei styrka, som betyr at fleire får tilbod om tett og individuell oppfølging mot arbeid, med mål om å redusera tal på langtidsmottakarar av sosialhjelp. Høgt arbeidsretta fokus i introduksjonsprogrammet og god bruk av Nav sine arbeidsretta verkemiddel gav eit resultat på 64% overgang til arbeid eller utdanning etter avslutta introduksjonsprogram.

Menneske med nedsett funksjonsevne (MMNF)

- Fleire som venter på bustad, og behovet for fleire og meir samlokaliserte omsorgsbustader for denne gruppa er aukande.
- Auke i brukarar på dei tre aktivitetssentra i MMNF i 2024.
- Innrapportert i 2024: 144 personar over 16 år med diagnosen psykisk utviklingshemming og 16 personar som er særleg ressurskrevjande.

Helse, meistring og rehabilitering

- Auke i driftsavtalar for fysioterapeutar med 3,5 avtalar frå 2022. Auken har skjedd slik: ½ på Rong, 1 på Ågotnes og 2 på Straume.
- I budsjett for 2024 vart det oppretta ei kommunal fysioterapistilling, som vil ha fokus på funksjonstrening og tilrettelegging i heimen. I tett samarbeid med heimetenesta vil stillinga m.a. jobba med personar som kjem frå sjukehusopphald, med trening for å meistra å bu heime.
- Stort press på Ergoterapitenesta. Krevjande og viktig oppgåve å kartlegga og tilrettelegga heimen for personar med store endringar i funksjon. Utvalet av teknologiske løysingar som det er mogleg å søkja om via NAV hjelpemiddelsentralen har auka. Mange av hjelpemidla er spesialiserte og det er trong for gode fagfolk for å finna rette hjelpemiddel til den einskilde brukar.

Legetenesta og legevakt

- Oppretta to nye fastlegeheimlar i 2024, lokalisert til Grønamyra legekantor på Straume.
- Legetenesta har vore stabil med liten eller ingen utskifting av personell, både innafør fastlegeordninga, sjukeheim og helsestasjon.
- Øygarden kommune har få utfordringar med å rekruttera nye legar til legetenesta og legevakt. Det vert ikkje nytta vikarbyrå i desse tenestene.
- Forventar ytterlegare auke i tal fastlegar i 2025, fordi trenden dei siste åra med at fleire innbyggjarar frå andre kommunar vel å ha fastlege i Øygarden, held fram.

- Legevakt
 - Talet på samtalar til og frå legevakta i 2024 enda på 56 000. Av desse er 38 000 innkommande samtalar frå innbyggjarar og helseinnsanser. Resterande utgåande samtalar er i stor grad helserelatert. Dokumentasjon av valdsskadar på pasientar er teke i bruk i drifta.
 - Er bindeleddet til kommunen sitt psykososiale kriseteam. Teamet er velfungerande og det er jamlege hendingar og førespurnader som viser at behovet for psykososialt kriseteam er til stades.
 - Held fram sitt samarbeid med Øygarden brann og redning i samband med akutthjelpar funksjon i kommunen, og har fått gode erfaringar med bruk av akutthjelparar. Anbod på ny legevaktbil som godkjent utrykkingsfartøy er starta opp i 2024
 - Eininga fekk tildelt Arbeidsmiljøprisen 2024 som eit resultat av kontinuerleg målretta og systematisk fokus på arbeidsmiljø og fag.

Arbeidsmiljømessige konsekvensar i 2024

Arbeidsmiljøundersøkinga ti-faktor vert gjennomført annakvart år og kjem att i 2025. I 2024 er det arbeidd ute i tenestene med oppfølging av ti-faktor etter undersøkinga i 2023. Einingane deltek i satsinga «Jobben gjer frisk», noko som kan ha medverka til redusert sjukefråvær.

Einingane har stramme budsjett og drifta er prega av krevjande økonomiske rammer. Det er særleg institusjonstenester og heimebaserte tenester som har merka stor meirbelastning på personell, grunna vakante stillingar og høgt sjukefråvær. Men også tenester til menneske med nedsett funksjonsevne merkar aukande press på tenestene. Det har vore stor belastning på øvrig personell med overtid og behov for vikarar. Alle har bidratt med stor fleksibilitet, engasjement og samvitsfull arbeidsinnsats til det beste for innbyggjarar og kvarandre.

Gjennom året vart det arrangert to samlingar med leiarar, stab og HTV/HVO. Det har vore fleire tema med støtte til leiarane knytt til m.a. emosjonell kompetanse, samskaping og innovasjon i tenestene, samt omstillingsprogrammet innan helse og velferd.

Dette skal vi arbeida med i 2025

- Følgja opp verbalvedtak og andre oppdrag lagt til økonomiplanen.
- Gjennom porteføljestyring og systematisk innsats vil omstillinga innan kommunalsjefsområdet halda fram.
- Tidleg innsats og førebyggjande tiltak må vidareutviklast med mål om at innbyggjarane skal kunne bu lengst mogleg heime, oppleve tryggleik og trivsel med stor grad av eigenmeistring. Satsinga må i stor grad skje i samarbeid med private og frivillige aktørar.
- Halda fram med ei auka satsing på digitalisering og teknologiske løysingar innan helse, mellom anna medisinsk digital oppfølging, råd og rettleiing.
- Vidareføra arbeidet med heiltidskultur, oppgåvedeling og alternativ turnus og arbeidstidsordningar i samband med behov for å behalda og rekruttera helsepersonell.
- Organisering av kommunalsjefsområdet Helse og velferd skal gjennomgåast og endrast i tråd med erfaringar dei siste åra.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	
3000-Kommunalsjef helse og velferd	23 653	13 041	18 509	-5 469	-41,9 %	!
3010-Forvaltning og støttetjenester	73 840	77 775	83 274	-5 499	-7,1 %	!
3100-Heimetenesta	0	147 421	145 492	1 929	1,3 %	✓
3110-Heimetenesta sone sør	39 536	0	0	0	0,0 %	✓
3120-Heimetenesta sone nord	52 194	0	0	0	0,0 %	✓
3130-Heimetenesta sone Straume	53 170	0	0	0	0,0 %	✓
3200-Teneste til menneske med nedsett funksjonsevne	125 895	118 412	126 506	-8 094	-6,8 %	!
3300-Psykisk helse og Rus	66 321	82 716	76 811	5 905	7,1 %	✓
3410-Flyktningtenesta	1	0	0	0	0,0 %	✓
3411-Midlertidig flyktningteneste (ut 2023)	11 060	7 868	9 477	-1 609	-20,4 %	!
3510-NAV	118 855	127 979	145 708	-17 729	-13,9 %	!
3610-Fjell sjukeheim	66 273	64 052	72 207	-8 155	-12,7 %	!
3620-Tednebakkan omsorgssenter inkl dagsenter og omsorgsbustad	58 857	55 537	63 109	-7 572	-13,6 %	!
3630-Sundheimen inkl dagsenter og omsorgsbustad	54 602	47 397	53 382	-5 986	-12,6 %	!
3640-Kvednatunet inkl dagsenter	53 161	54 666	53 525	1 141	2,1 %	✓
3650-Straume bu- og servicesenter inkl dagsenter og omsorgsbustad	40 249	46 507	45 105	1 402	3,0 %	✓
3710-Lokalmedisinsk senter – aksjonssenter	69 958	69 153	66 937	2 216	3,2 %	✓
3720-Legetenesta inkl legevakt og kommunelege	64 797	77 178	65 329	11 849	15,4 %	✓
3730-Helse- meistring og rehabilitering	29 368	34 581	31 037	3 544	10,2 %	✓
3740-Sotra legevakt	44 401	45 308	44 185	1 123	2,5 %	✓
Sum	1 046 193	1 069 592	1 100 593	-31 002	-2,9 %	!

Kommentar til status økonomi

Kommunalsjefområde Helse og velferd hadde eit meirforbruk på kr 31 mill i 2024. Meirforbruket gjeld stort sett lønnsområdet og er i stor grad knytt til vikarutgifter og overtid, totalt kr 18,4 mill. Det har vore eit særleg press knytt til utskrivingsklare pasientar gjennom året med totalt kr 5,8 mill. Dette har bedra seg dei siste månadene etter etablering av heildøgns tenester ved Straume bu- og servicesenter og Hidlamyra. I tillegg er det tatt i bruk dobbeltrom ved Tednebakkan.

Kjøp frå bemanningsbyrå har eit meirforbruk på kr 4,2 mill. Dette er knytt til noko rekrutteringsvanskar og sjukefråvær. Etter sommaren 2024 er dette i stor grad avslutta. Kjøp av varer og tenester, som til dømes matvarer, medisinsk forbruksmateriell osv, har eit samla meirforbruk på om lag kr 5,8 mill. Budsjett for desse postane var ikkje justert for prisauke i 2024. Det største meirforbruket gjeld NAV og sosial omsorg med kr 17,7 mill. For 2024 er det mindreinntekt på kr 5,2 mill mot budsjett for refusjon av ressurskrevjande brukarar.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	989 458	985 515	997 048	1 049 670	-52 623
Refusjon løn	-45 421	-17 837	-17 837	-52 028	34 191
Sum Løn	944 037	967 678	979 211	997 642	-18 432
Kjøp av varer og tenester	191 074	157 073	162 254	186 772	-24 518
Overføringer	71 946	68 122	75 525	89 511	-13 986
Finansutgifter	4 406	0	6 361	6 462	-101
Sum Utgifter	267 427	225 195	244 140	282 746	-38 606
Salsinntekter	-48 796	-47 437	-47 437	-55 008	7 571
Refusjonar	-110 840	-92 851	-101 014	-119 180	18 166
Overføringsinntekter	-315	0	-1 968	-2 125	157
Finansinntekter	-5 319	0	-3 340	-3 481	141
Sum Inntekter	-165 271	-140 288	-153 759	-179 795	26 036
Netto resultat	1 046 193	1 052 585	1 069 592	1 100 593	-31 002

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Netto driftsutgifter til tilbud til pers. med rusprobl. pr. innbyggere 20-66 år (B)	1 177	264	369	1 298	38	475	660
Netto driftsutgifter, pleie og omsorg pr. innbygger 80 år og over (B)	583 634	567 903	650 491	553 586	589 101	527 139	525 457
Produktivitet							
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B)	52 262	63 594	61 054	60 994	48 953	71 312	70 354
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B)	2 068 487	2 155 909	1 807 213	1 953 133	1 732 459	1 794 224	1 653 818
Dekningsgrad							
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon (B)	8,7 %	8,0 %	8,8 %	8,6 %	6,0 %	9,0 %	9,3 %
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	36,8 %	31,3 %	36,0 %	33,4 %	29,2 %	36,1 %	35,0 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B)	4,7 %	5,0 %	4,1 %	3,5 %	3,6 %	5,4 %	5,0 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	5,9	6,9	7,1	6,2	6,5	6,7	6,5
Årsverk av fysioterapeuter pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	5,6	6,0	9,1	6,3	6,9	7,7	7,8
Årsverk av leger pr. 10 000 innbyggere. Funksjon 241 (B)	10,9	11,3	10,0	9,8	12,5	10,0	10,7
Økonomi							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Kommune helse	5 567	5 609	5 287	4 235	5 263	3 751	4 452

Tilbod til personar med rusproblem: Øygarden kommune har netto driftsutgifter på kr 264 når det gjeld tilbod til personar med rusproblem per innbyggjar 20-66 år. Dette er mindre enn gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Institusjonsplassar: Korrigerte brutto driftsutgifter per institusjonsplass er på kr 2,2 mill og er høgare enn både gjennomsnittet i Kostra-gruppe 10 og landsgjennomsnittet. På den andre sida er andel innbyggjarar over 80 år som er bebuarar på institusjon lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Sosialhjelp: Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp per mottakar er kr 63 594 i Øygarden kommune, noko som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Gjennomsnittleg stønadslengde er 6,9 månadar mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på 6,7 og eit landsgjennomsnitt på 6,5. Stønadslengden er auka frå 2023 då den var 5,9 månadar.

Kommunehelse: Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunehelse per innbyggjar er kr 5 609 i Øygarden kommune mot eit gjennomsnitt i gruppe 10 på kr 3 751 og eit landsgjennomsnitt på kr 4 452. Det er 11,3 legeårsverk per 10 000 innbyggjarar i Øygarden kommune. Dette er høgare enn gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Det er 6,0 fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, noko som er langt mindre enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Aktivitetsnøkkeltal

Nøkkeltal/indikator	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Resultat 2024
Antall langtidsmottakarar i alderen 18-24 år over 26 veker (5 mnd) med sosialhjelp	13	14	15	17	19	17	24	23	23	21	25	27	27
Antall som har vore innvilga mellombels bustad	23	18	17	15	16	17	14	16	13	16	13	14	14
Arbeidsløyse i %	1,8 %	1,9 %	2,0 %	1,8 %	1,8 %	1,7 %	1,9 %	1,9 %	1,8 %	1,7 %	1,9 %	1,9 %	1,9 %
Liggedøgn utskrivingsklare pasientar	19	3	0	101	89	66	149	123	170	233	9	7	7
Tal mottakarar av sosialhjelp	443	501	501	512	480	438	495	488	452	497	526	522	522
Ungdom mellom 18-24 pr som har motteke sosialhjelp	70	79	76	72	68	75	105	96	84	81	100	92	92

Oppvekst



Straume barnehage | Foto: Monica Hovland

Beskriving av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefområde Oppvekst var frå 01.01.2024 omorganisert og tenestene er no fordelt på dei tre sektorane barnehage, skule og barn og familie, samt kommunalsjef Oppvekst med stab.

Barnehage

- 11 kommunale barnehagar
- Pedagogisk-psykologisk ressurscenter (PPR)

Skule

- 16 barneskular,
- 4 ungdomsskular + Gangstø ressurscenter
- Vaksenopplæring
- Pedagogisk- psykologisk ressurscenter (PPR)

Barn- og familie

- Barnevern
- Barn- unge og familietenester (BUFT)
- Ungdomsteneste

Dette har vi gjennomført i 2024

Samfunnsdelen til kommuneplanen er førande for arbeidet med å vidareutvikla berekraftige tenester i åra som kjem.

I 2024 har desse måla frå samfunnsdelen vore mest styrande for arbeidet i Oppvekst:

- Øygarden er ein god stad å bu
- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet

- Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn
- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ

Det vart i 2024 lagt ned ein stor ressursinnsats i utarbeiding av ny barnehage- og skulebruksplan for Øygarden kommune. Planen vart vedteke i kommunestyret i desember- 24, og set retning for framtidig barnehage- og skulestruktur i kommunen. Planen har eit langsiktig perspektiv, men skal rullerast kvart 4. år. Oppvekst har elles hatt følgjande tre satsingsområde knytt til barnehage og skule i 2024 : Inkluderande spesial-pedagogikk, Språk-kommune, Nærvær og inkludering.

I det følgjande vert det gjort greie for arbeid og aktivitetar som er gjennomført i sektorane i kommunalsjefsområdet for å følgja opp måla i overordna planar og satsingar.

Barnehage

- Barnetalsutvikling: Det var totalt 2 095 barn i dei private og kommunale barnehagane per 15.12.24. Dette utgjorde 62 færre barn i barnehagane i Øygarden, samanlikna med året før. Frå 15.august 2024 vart Ågotnes barnehage og Hamramyra barnehage slått saman. Barnetalsprognosane viser ein framleis nedgang i barnetal i åra fram mot 2027.
- Utviklingsarbeid: Fire kommunale barnehagar har vore med i utviklingsarbeid og prosjekt i partnerskap med universitets- og høgskulesektoren - Regional kompetanseordning (Rekomp), som er ei satsing som varer til 2027. Utviklingsprosjekta omhandla følgjande tema: Barnehagen sitt verdigrunnlag, kommunikasjon og språk og barnehagen som pedagogisk verksemd. Kompetanseheving vart tilbydt både kommunale og private barnehagar og tek utgangspunkt i dei tre satsingsområda til Oppvekst. I 2024 vart det m.a. gjennomført felles planleggingsdag for tilsette med tema «Språkleg mangfald og det fleirspråklege perspektivet», arrangert av fagavdeling barnehage og Skrivesenteret ved NTNU i Trondheim.
- Betre tverrfagleg innsats: Det er eit stort fokus på tidleg innsats og førebygging i barnehagane, og modellen for Betre tverrfagleg innsats (BTI) er ein viktig del av dette arbeidet. Gjennom BTI skal tenestene arbeida systematisk med bekymringar kring barn, i tett og tidleg dialog med føresette.
- Spesialpedagogisk hjelp: Det har vore ein nedgang i tal barn med vedtak på § 37 individuell tilrettelegging og på § 31 vedtak om spesialpedagogisk hjelp. Størst nedgang i tal barn med vedtak på § 37 - nedgang frå 4,4 % i 2023 til 3,6 % i 2024. Barn med vedtak etter § 31 - nedgang frå 5,8 % i 2023 til 5,6 % i 2024. Trass nedgang i tal barn med vedtak, er det mange barn som får ekstra støtte og hjelp grunna store utfordringar knytt til helse og ulike krevjande diagnoser. Pilotprosjektet med spesialpedagogar fast ute i barnehagane vart avslutta i 2024, men gode erfaringar gjer at arbeidet held fram. Elles er dei tre satsingsområda i oppvekst særst viktige, dei skal støtta det ordinære tilbodet og gi tidleg hjelp og støtte til dei som treng ekstra oppfølging.
- Sjukefråvær: Det har vore høgt sjukefråvær i barnehagane også i 2024. I samarbeid med Nav er det sett i gang fleire tiltak m.a. det som kallast «pakken», der fem barnehagar deltok. Fleire barnehagar deltok også i KS bransjeprogram, med fokus partssamarbeid og arbeidsmiljøet sin betydning for kvalitet i arbeidet.
- Flyktningar og minoritetsspråklege: Barnehagane i Øygarden har tildelt plass til sju born frå Ukraina. I tillegg har fleire barnehagar teke imot flyktningar frå andre område av verda. Det er totalt 287 minoritetsspråklege barn i Øygarden kommune, 160 av desse går i kommunale barnehagar (56%). Det er igangsett eit systemarbeid knytt til barn og unge med fleirspråkleg

bakgrunn, med fokus på at deira språklege mangfald er ein verdifull ressurs. Det er mål om å ferdigstilla arbeidet i 2025.

- Vigilo: Nytt oppvekstadministrativt system for barnehagar, skule og SFO - VIGILO vart teke i bruk. Dette er både kommunikasjonsplattforma mot føresette og arbeidsverktøy for tilsette. I 2025 skal det takast i bruk fleire modular av systemet.
- Foreldreundersøking i barnehagane 2024: Den viser at foreldre i Øygarden kommune (både private og kommunale barnehagar) generelt er svært nøgde med barnehagetilbodet. Den gjennomsnittlege skåren er 4,5 av 5 moglege, noko som er på nivå med landsgjennomsnittet. Øygarden skårar spesielt høgt på "Barnets trivsel" med 4,7, "Barnets utvikling" med 4,6 og «Relasjon mellom barn og voksen» 4,7. Dette indikerer at barna trivst godt og får god støtte i sin utvikling i barnehagane i kommunen. Dei private barnehagane scora litt høgare enn dei kommunale barnehagane på dei fleste områda.

Skule og pedagogisk- psykologisk ressurscenter (PPR)

- Plan for framtidias skule: Vart vedteken i 2022 og er eit dokument for styring av utviklinga i skulen, og må sjåast i samanheng med dei nasjonale styringsdokumenta. I 2024 har skulesjefen gjennomført kvalitetsdialog med alle skulane. Fokus i møta har vore skulen sine prioriteringar, oppnådde resultat, implementering av Plan for framtidias skule, kompetanseutvikling og oppfølging av kommunale prioriteringar. Referata frå kvalitetsdialogane var lagt som vedlegg til den årlege kvalitetsmeldinga for grunnskulen i Øygarden. Tilbakemeldingane frå skulane på kvalitetsdialogane er gode.
- Spesialpedagogikk: Kommunen har framleis ein høg andel elevar med vedtak om spesialpedagogisk hjelp i skulen. Det har vore jobba med framtidige tiltak for å redusera dette. Ei tverrfagleg arbeidsgruppe har levert ein rapport som preikar på konkrete tiltak på systemnivå for å effektuera og sikra god samanheng på det spesialpedagogiske feltet. Arbeidsgruppa tilrår at dei tre satsingane «Språkkommunen Øygarden, «Nærvær og inkludering» og «Spesialpedagogikk for inkluderande praksis i barnehagen» vert vidareført.
- Ressursar: Tal for ressursbruk i skulen for skuleåret 2023-24 viser at kommunen framleis bruker mindre ressursar til ordinær undervisning og meir ressursar til spesialundervisning enn samanliknbare kommunar.
- Skuleresultat: Resultat for skulane i Øygarden på lesing ligg under både fylket og nasjonalt nivå i 2024 både på 5. og 8. trinn, medan det har vore ei positiv utvikling på 9. trinn. Skulane har fokus på lesing og grunnleggjande ferdigheiter gjennom etablering og opprusting av skulebiblioteket, lesekvart og brukar felles lese- og kartleggingsplan. Barneskulane har fokus på tidleg innsats gjennom ekstra ressursar til leselærarar og analyserer resultata frå kartleggingsprøvar og nasjonale prøver med heile kollegiet for å finna gode lokale tiltak og grunnlag for systematisk jobbing.
- Bekymringsfullt skulefråvær: Talet på elevar med bekymringsfullt høgt skulefråvær har vore aukande også i 2024. Det er mange instansar som blir involvert og som hjelper skulen og heimen i desse sakene. Det vert jobba med tiltak for å redusera skulefråværet og styrka læringsmiljøet i skulen både på systemnivå og individnivå. PPR har etablert satsinga «Nærvær og inkludering» som er sett saman av PPR, FOR, Ungdomstenesta og Trygg i fellesskap. Dei hjelper i saker der elevar har vanskar med å koma på skulen og vurderer kva tiltak som eignar seg best; familierådsmetodikk, klasseråd, innsatsteam, rettleiingsteam eller konsultasjon i Nærværsteamet.
- Skulefritidsordning (SFO): Det har vore ein auke i talet på barn med plass i SFO også i 2024. Dette har samanheng med innføring av ulike moderasjonsordningar; søskenmoderasjon,

reduisert foreldrebetaling frå familiar med låg inntekt frå 1-4 trinn, og utvidinga av 12 timar gratis kjernetid for elevar på 1. – 3. trinn frå 01.08.2024. Implementering av Kvalitetsplan for SFO i Øygarden kommune, for å sikra ein felles standard for kvalitet på einingane er godt i gang. Planen er eit verktøy som den einskilde SFO nyttar i sitt utviklingsarbeid, for å betre kompetansen og kvaliteten på tilbodet. SFO vert i større grad inkludert i utviklingsarbeid på skulane.

- Alternative opplæringsarena: Kommunen har avtalar med Ulveset gard, Leitet gard og TAM (Norges Jeger og fiskerforbund) for elevar som har behov for ein meir praktisk og variert kvardag på alternativ opplæringsarena. Skulane har meldt på færre elevar til desse arenaene dette året grunna krevjande økonomi.
- Flyktningar og innføringstilbod: Skogsvåg skule, Tranevågen ungdomsskule og Knappskog skule er vidareført som skular med innføringstilbod. Dei tek imot ei stor gruppe med elevar frå Ukraina og andre land i 2024. Tjeldstø skule har og i 2024 hatt mottak av elevar som kjem som landflyktige frå Ukraina. Nærare 120 barn frå Ukraina og andre land i alderen 6 – 15 år, har motteke opplæring i innføringstilboda i kommunen i 2024.
- Eksamen: Skriftleg og munnleg eksamen vart gjennomført som normalt i 2024.
- Pedagogisk psykologisk ressurscenter (PPR): Inneheld mellom anna dei lovpålagde tenestene knytt til PPT. Fagavdeling i barnehage og skule er også organisert under PPR, og jobbar med det pedagogiske utviklingsarbeidet i desse tenestene. I dette ligg viktige satsingar som læringsmiljø, planar for tidleg innsats, kontakt med alternative arenaer, arbeid med minoritetsspråklege og systemarbeid i barnehage og skule.

Vaksenopplæringa

- Hovudoppgåve: Grunnskule for vaksne og opplæring i norsk og samfunnskunnskap for minoritetsspråklege vaksne etter Introduksjons-/ Integreringslova. Det vert jobba på tvers av tenestene for integrering, kvalifisering og rådgjeving knytt til utdanning og arbeid. Dei siste åra er norskopplæringa blitt endra til å verta meir arbeids- og bransjeretta. Det vert arbeidd prosjektbasert for å utvikla metodar og digitale verktøy for å forbetra kommunikasjonen mellom lærar, programrådgivar, deltakar og arbeidsgjevar.
- Opplæringstilbodet for vaksne har vore under stort press i 2024 grunna stor auke i busetjing av ukrainske flyktningar dei siste åra. Eininga hadde 218 vaksne frå Ukraina på norskopplæring i 2024, i tillegg til den ordinære målgruppa - til saman 313 deltakarar, i tillegg til elevar i grunnskulen.
- Det har i 2024 vore jobba med å samla og samorganisera flyktning- og integreringsfeltet i kommunen. Frå 1. mars 2025 er flyktningetenesta og vaksenopplæringa slått saman og etablert i Øygarden lærings- og integreringssenter. Senteret skal gje opplæring og kvalifisering for vaksne minoritetsspråklege og integrering av flyktningar og andre innvandrarar, og ha eit særskilt ansvar for å koordinera kommunale tenester knytt til integrering.

Barn- og familie

Ungdomstenesta

- Var nyetablert som eigen eining i 2024, og er ei tverrfagleg teneste som arbeidar for å gje unge som har det vanskeleg tidleg og rett hjelp. Det er eit gratis lågterskel tilbod som alle kan ta kontakt med. Målgruppa for Ungdomstenesta er barn og unge i alderen 12 – 23 år. Ungdomstenesta har hjulpet unge som vegrar seg for eller ikkje klarar å gå på skule, unge som

slit med psykiske vanskar, har eit problem knytt til rusmidlar, eller som ønskjer hjelp til å koma i arbeid.

- Har gjennom året gått utekontakt fleire kveldar i veka og hatt stort fokus på ungdomsmiljøet på Straume.
- Auka ungdomsutfordringar i 2023 resulterte i ei kartlegging av utfordringar med normbrytande åtferd i ungdomsmiljøet i Øygarden kommune. Ungdomstenesta hadde hovudansvaret for dette arbeidet og leverte ein rapport i 2024. Rapporten har vore og vil vera viktig i arbeidet med å konkretisera tiltak i kommunen sin førebyggjande plan for å førebyggja omsorgssvikt og åtferdsvanskar.
- Frå 01.03.2025 vil ungdomstenesta inngå som ein del av den nye eininga Familiehjelpa

Barnevern

- Hovudaktivitetane er å handsama bekymringsmeldingar, gjennomføra undersøkingsarbeid av barnet sin omsorgssituasjon, setja inn tiltak ved behov samt å følgja opp barn og ungdom som ikkje kan bu med sine biologiske foreldre.
- I 2024 har det vore auke i saker der barn enten har vore utsett for vald eller vitne til vald mellom foreldra. Barnevernstenesta erfarer at det er mange alvorlege og komplekse saker og at dette gjenspeglar utfordringane elles i samfunnet.
- Både nasjonalt og lokalt har det vore løfta fram at institusjonstilbodet i Noreg for barn i barnevernet, ikkje i tilstrekkeleg grad klarar å tilby barn og ungdom tiltak/ tenester dei har behov for. Tidleg i 2024 vart det arbeida målretta med å forebygga og redusera institusjonsplasseringar for ungdom både ved å forebygga nye plasseringar, men òg setja inn innsats for at ungdom tidlegare skal kunna flytta heim igjen. Trass i dette har det samla talet på institusjonsplasseringar auka. Samstundes har det statlege barnevernet ikkje alltid klart å levera på sin bistandsplikt.
- Barnevernstenesta har ansvar for ungdom som er flyktningar og kjem til Noreg utan omsorgspersonar. I 2024 følgde barnevernstenesta opp om lag 30 ungdomar enten i bufellesskap med døgnbemanning, bufellesskap med jamleg oppfølging eller oppfølging ute i leilegheiter av miljøpersonale.
- Statsforvaltaren har opna tilsyn i fleire enkeltsaker i løpet av 2024. Med bakgrunn i desse sakene er det sett i gang eit forbetringsarbeid i tenesta. Det omhandlar m.a. betre dokumentasjon av dei barnevernsfaglege vurderingane, i større grad synleggjera barnet sin stemme i alle fasar i ei barnevernssak og tydeleggjera strukturar for drift og internkontroll.
- Landsbymodellen er ein etablert metodikk som vert nytta i arbeidet med oppfølging av barn i fosterheim i Øygarden. I 2024 har barnevernstenesta starta implementering og utvikling av landsbymodellen for barn som får hjelpetiltak heime. Landsbymodellen har fått nasjonal merksemd både politisk og i forskingsmiljøa.

Barn, unge og familietenester (BUFT)

- Barn, unge og familietenester (BUFT) har arbeidd for å oppretthalda vanleg drift, harmonisera, vidareutvikla og betra tilbodet til brukarane i 2024. Eininga arbeider tverrfagleg, og eit viktig fokus og arbeid er å aktivera brukarane sitt nettverk gjennom familierådsmetoden.
- Arbeidet med implementering av BTI er godt i gang og vi har gode resultat samanlikna med andre BTI kommunar. Det er starta opp om lag 240 stafettloggar i 2024. BTI er eit utviklingsprosjekt og vidare arbeid heng saman med førebyggjande plan.

- Fosterheimsretteleinga og Landsbymetoden er ein suksess frå samarbeidet mellom Familie og rettleiingssenteret (FOR) og barnevernstenesta. Utviklinga av samarbeidsmodellen som er utført er svært viktig. Både høgskular, statlege institusjonar, kompetansesenter og kommunar over heile landet ønsker informasjon om modellen. Det har vore godt med tilvisingar til FOR og det er eit stort behov for foreldrerettleiing.
- I helsestasjon- og skulehelsetenesta er det framleis vanskar med å rekruttera helsesjukepleiarar. Dette fører til at det i periodar er eit redusert tilbod på enkelte skular.
- Det er tatt i bruk nytt journalsystem i helsestasjon- og skulehelsetenesta i 2024. Det har vore krevjande, men det er eit godt samarbeid mellom eininga og IKT slik at ulike feil vert utbetra etter kvart. Det var naudsynt med ei oppgradering då Helsedirektoratet innfører Kommunalt rapporteringssystem (KPR). Årleg rapportering skal erstattast av automatiske rapportar frå det elektroniske journalsystemet til kommunen (EPJ). Tenesta har også tatt i bruk «DigiHelsestasjon» og «DigiUng» og har no ein betre digital dialog med brukarar via HelseNorge.
- 95 % av dei gravide i kommunen vert følgt opp av jordmortenesta. Tenesta tilbyr ammekurs og fødselsførebuande kurs. Vi har jordmor som hjelper einingar/avdelingar med tilrettelegging for gravide arbeidstakarar og det er gjennomført 59 samtalar rundt på ulike arbeidsplassar i 2024. Dette førebyggjer sjukefråvær. Barselkvinner og nyfødde i kommunen får tilbod om heimebesøk 6 dagar i veka. Fleire av desse familiane får oppfølging over fleire dagar om det er utfordringar ift. mor eller barn.
- Tilsette i flyktninghelsetenesta har undervisning i livsmeistring og driv foreldrerettleiing ICDP, til deltakarar i Introduksjonsprogrammet. Avdelinga får svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane som har gjennomført opplæringa. Tal på flyktningar som er busett dei siste åra har ført til eit høgt arbeidspress for dei tilsette og vi har vore nøydde til å prioritera foreldre til dei minste barna når det gjeld fullt tilbod om ICDP kurs. Det er utarbeidd og gjennomført eit enklare tilbod til andre foreldre. Flyktninghelsetenesta følgjer opp flyktningane i 5 år etter at dei vert busett.
- Kommunepsykologane for barn og unge i samarbeid med helsesjukepleiarane, gjennomfører gjennom heile året angstmeistringskurs Chilled, Cool Kids og foreldresamlingar. Vidare har dei Drop in kurs på Innbyggjartorget/Biblioteket om ulike tema. To av psykologane er fast ein dag i veka på tre av helsestasjonane slik at foreldre raskt kan få ein konsultasjon om barnet sitt eller foreldrerolla dersom dei treng det.
- Alle faggrupper i eininga samarbeider om foreldrestøttande tiltak og kurs. Vi har auka kapasiteten i høve COS, DUÅ kurs og angstmeistringskurs i 2024. Eininga driv også med kompetanseheving til tilsette i andre einingar. Ein stor del av det befolkningsretta arbeidet i BUFT vert drifta av tilskotsmidlar.

Ny barne og familiesjef

Som følgje av omorganiseringa som vart gjennomført i Oppvekst i byrjinga av 2024, byrja Monica Johannessen Mørk som ny barne- og familiesjef 1. oktober, og har etter det hatt ansvar for barnevern, ungdomsteneste og barn- unge og familietenesta (BUFT).

Viktige satsingar i 2024 har vore arbeidet med plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar blant barn og unge, og det har gjennom 2024 blitt jobba intensivt med å vri tenestene mot meir “skreddarsaum” for å møte dagens utfordringsbilete blant barn og familiar. Dette gjer at området er omorganisert og frå 01.03.2025 vil bestå av einingane: Familiehjelpa, familiehelsestenesta, barnevernstenesta, Øygarden lærings- og integreringssenter

Dette skal vi arbeida med i 2025

Oppvekst skal i 2025 ha særleg fokus på å snu ein trend der stadig fleire barn og unge har behov for spesialpedagogiske tiltak, bistand frå barnevernet eller opphald i fosterheimar. I 2025 skal det jobbast meir systematisk, førebyggjande og tverrfagleg. Innføring av formalisert styringsdialog mellom kommunalsjef og sektorområda barnehage, skule og barn- og familie er eit viktig tiltak for å sikra dette.

I tillegg skal følgjande oppdrag prioriterast:

- Etablering av lærings- og integreringssenter.
- Oppfølging av plan for førebygging av omsorgssvikt og utvikling av åtferdsvanskar blant barn og unge.
- Oppfølging av vedtak om framtidig barnehage- og skulestruktur i Øygarden kommune.
- Oppfølging av plan for framtidens skule.
- Redusera andel barn og elevar i barnehage og skule med spesialpedagogiske vedtak gjennom inkluderande spesialpedagogikk og tidleg innsats.

Status økonomi

Beløp i 1000

Ansvar

	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	
4000-Kommunalsjef oppvekst	42 077	22 747	24 411	-1 664	-7,3 %	!
4100-Barnehagesjef	0	9 659	15 937	-6 278	-65,0 %	!
4111-Bjørøy barnehage	11 979	13 320	12 219	1 101	8,3 %	✓
4114-Hamramyra barnehage	18 894	10 060	10 152	-92	-0,9 %	!
4115-Knappskog barnehage	14 031	15 709	15 297	412	2,6 %	✓
4116-Klokkarvik barnehage	11 629	12 502	11 819	684	5,5 %	✓
4117-Leirstaden barnehage	17 021	13 160	12 973	187	1,4 %	✓
4118-Marihøna barnehage	10 948	11 600	10 903	697	6,0 %	✓
4119-Skogsvåg barnehage	12 413	12 732	11 730	1 001	7,9 %	✓
4120-Stranda barnehage	17 852	17 291	18 307	-1 016	-5,9 %	!
4121-Straume barnehage	8 101	7 889	7 907	-17	-0,2 %	!
4124-Terna barnehage	13 833	9 325	9 519	-194	-2,1 %	!
4127-Ulveseth barnehage	6 415	5 620	5 793	-172	-3,1 %	!
4128-Ågotnes barnehage	11 559	20 421	19 458	963	4,7 %	✓
4129-Liljevatnet barnehage	15 419	15 274	15 953	-679	-4,4 %	!
4130-Spildepollen barnehage	16 780	16 223	15 920	303	1,9 %	✓
4200-Skulesjef	0	15 825	14 841	984	6,2 %	✓
4210-Bjørøy skule	15 113	14 702	15 203	-501	-3,4 %	!
4212-Brattholmen skule	35 469	36 350	37 838	-1 489	-4,1 %	!
4213-Foldnes skule	28 702	29 377	30 076	-698	-2,4 %	!
4214-Hjelteryggen skule	28 603	29 830	29 202	629	2,1 %	✓
4215-Knappskog skule	31 057	30 120	31 068	-948	-3,1 %	!
4216-Koltveit skule	28 926	28 343	28 783	-440	-1,6 %	!
4217-Landro skule	29 633	31 726	32 449	-722	-2,3 %	!
4218-Rong skule	25 918	24 755	24 812	-56	-0,2 %	!

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	
4219-Skogsvåg skule	29 730	29 510	29 585	-75	-0,3 %	—
4220-Skålevik skule	14 720	15 527	15 946	-420	-2,7 %	!
4221-Spildepollen skule	24 555	24 864	25 470	-606	-2,4 %	!
4222-Stranda skule	42 276	38 717	42 262	-3 545	-9,2 %	!
4223-Tjeldstø skule	14 353	14 645	15 259	-614	-4,2 %	!
4224-Toftøy skule	17 667	17 268	17 571	-303	-1,8 %	—
4225-Ulveset skule	24 030	24 558	25 093	-535	-2,2 %	—
4226-Ågotnes skule	32 724	32 115	33 005	-889	-2,8 %	!
4310-Fjell ungdomsskule	60 929	59 047	62 507	-3 459	-5,9 %	!
4311-Sund ungdomsskule	41 275	42 953	43 335	-382	-0,9 %	—
4312-Tranevågen ungdomsskule	56 834	55 072	56 911	-1 839	-3,3 %	!
4313-Øygarden ungdomsskule	29 820	28 575	30 811	-2 236	-7,8 %	!
4320-Gangstø ressurscenter	8 310	6 918	6 680	238	3,4 %	✓
4330-Øygarden lærings- og integreringssenter	6 387	9 202	7 913	1 288	14,0 %	✓
4400-Barn og familie	0	3 901	3 459	442	11,3 %	✓
4410-Familiehelsetenesta	55 496	56 243	53 195	3 048	5,4 %	✓
4411-PPT	39 005	44 224	41 951	2 273	5,1 %	✓
4412-Barnevern	147 200	129 774	172 228	-42 454	-32,7 %	!
4413-Familiehjelpe	0	3 466	2 476	991	28,6 %	✓
Sum	1 097 682	1 091 141	1 148 226	-57 085	-5,2 %	!

Kommentar til status økonomi

Det har vore eit særskild krevjande økonomisk år for kommunalsjefsområde Oppvekst. Oppvekst har eit samla meirforbruk i 2024 på kr 57,1 mill. Dette er ein negativ auke på kr 20 mill frå 2023 då avviket var på kr 37,1 mill. Skulane har framleis eit forholdsvis stort avvik i 2024, men lågare enn i 2023. Særskild har barnevern hatt eit stort meirforbruk i 2024. Auka i det samla negative avviket frå 2023 til 2024 er hovudsakleg knytt til ein stor auke i kostnader for barnevern i 2024.

Barnehage

Barnehagane har eit samla meirforbruk på kr 3,1 mill. Det har vore ei positiv utvikling i sjukefråværet i barnehagesektoren, men det har framleis vore høgt fråvær og stort vikarbehov i barnehagane i 2024. Avvik for barnehagane er primært knytt til styrka tilbod førskulebarn (spesialundervisning og støttetjenester til barn med ekstra behov). Meirforbruket på dette området var i 2024 på kr 2,4 mill.

Skule og pedagogisk-psykologisk ressurscenter (PPR)

Skulane inkl. vaksenopplæringa og PPR har eit samla meirforbruk på kr 14,3 mill. Sjølv om meirforbruket framleis er for stort har det vore ei positiv utvikling frå 2023 då avviket i skulesektoren var på kr 21 mill. Avviket knytt seg hovudsakleg til høgare utgifter knytt til barn og unge med særskilte behov enn budsjettert. I tillegg er vikarbehovet i skulane større enn det budsjettramma gjer rom for. I SFO har 3. trinn fått 12 timar gratis opphald frå hausten 2024.

Barn- og familie

Barnevern

Barnevern har eit samla meirforbruk på kr 42,5 mill i 2024. Meirforbruket knytt til utgifter til fosterheimar og støttekontaktar er kr 5,1 mill. Kjøp av private tenester til mellom anna miljøterapeut til ungdom for å hindre institusjonsplasseringar utgjer kr 6,2 mill. Meirforbruk kjøp frå staten (Bufetat) knytt til plasseringar er kr 30,8 mill. Dette har mellom anna samanheng med det auka økonomiske ansvaret kommunen har fått i samband med oppvekstreforma. 54 % av barnevernstenesta sine utgifter er knytt til fosterheimar, støttekontaktar og institusjonsplasseringar i 2024.

Barn, unge og familietenester (BUFT)

Barn, unge og familietenester har eit mindreforbruk på kr 3 mill. Det har vore store refusjonar knytt til fråvær i 2024. Prosjekt der det er motteke prosjektmidlar er gjennomført med stor grad av egne tilsette. Det er meirforbruk knytt til busetting av flyktningar frå Ukraina på samla omlag kr 2 mill i 2024.

Ungdomsteneste

Ungdomstenesta var ein nyoppretta teneste frå 2. kvartal 2024. Tenesta har motteke eksterne prosjektmidlar som er ein årsak til mindreforbruk i 2024. Vakansar knytt til andre stillingar utgjer resten av mindreforbruket i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	1 118 000	1 045 153	1 095 831	1 136 749	-40 918
Refusjon løn	-61 812	-29 524	-29 806	-59 802	29 996
Sum Løn	1 056 187	1 015 629	1 066 025	1 076 948	-10 923
Kjøp av varer og tenester	113 816	93 985	102 741	128 850	-26 109
Overføringar	52 500	36 445	35 202	63 063	-27 860
Finansutgifter	7 116	0	11 654	11 627	27
Sum Utgifter	173 433	130 430	149 597	203 539	-53 942
Salsinntekter	-51 161	-41 846	-42 252	-42 030	-222
Refusjonar	-72 347	-42 904	-75 708	-83 510	7 802
Overføringsinntekter	-178	0	-353	-553	200
Finansinntekter	-8 251	0	-6 168	-6 168	0
Sum Inntekter	-131 938	-84 750	-124 481	-132 261	7 780
Netto resultat	1 097 682	1 061 309	1 091 141	1 148 226	-57 085

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (213) Voksenopplæring (B)	565	488	582	455	537	663	787
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B)	14 885	15 582	16 776	17 294	13 711	16 149	16 728

Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B)	16 365	19 232	13 944	15 941	11 176	15 633	15 277
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B)	222 453	231 743	232 117	227 774	216 412	214 461	221 661
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år (B)	116 542	121 309	122 198	120 454	113 557	115 344	119 040
Netto driftsutgifter til skolefritidstilbud (215), per innbygger 6-9 år (B)	13 907	16 305	15 483	18 428	12 626	15 943	16 940
Produktivitet							
Antall barn korrigert for alder per årsverk til basisvirksomhet i kommunale barnehager (B)	5,7	5,9	5,6	6,0	5,8	5,8	5,6
Driftsutgifter til undervisningsmateriell (202), per elev i grunnskolen (B)	2 623	2 734	2 317	1 724	2 932	2 520	2 137
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn (B)	11,7	11,3	11,5	11,3	12,5	11,8	11,4
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn (B)	14,4	13,1	13,3	13,4	12,8	13,2	12,4
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn (B)	14,4	14,3	14,4	13,5	15,2	14,7	13,8
Dekningsgrad							
Andel barn 1-5 år med barnehageplass (B)	93,6 %						
Andel barn med tiltak som er plassert (funksjon 252) ift. ant innbyggere 0-17 år (B)	1,2 %	1,3 %	0,9 %	0,9 %	0,7 %	1,0 %	1,0 %
Andel barn med tiltak som ikke er plassert (funksjon 251) ift. ant. innbyggere 0-17 år per 31.12. (B)	1,4 %	1,5 %	1,3 %	1,2 %	1,4 %	1,4 %	1,4 %
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	12,4 %	13,4 %	9,2 %	8,4 %	7,1 %	8,4 %	8,1 %
Andel innbyggere 6-9 år i kommunal og privat SFO (B)	73,2 %	79,3 %	67,6 %	72,6 %	76,5 %	75,1 %	73,8 %
Kvalitet							
Elevunders. 10. trinn - Trivsel	3,9						
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10.årstrinn	13,3	12,7	12,9	12,6	13,4	13,1	12,5
Nasjonale prøver 5. trinn: Lesing	48,0						
Nasjonale prøver 5. trinn: Regning	49,0						
Grunnlagsdata (Nivå 3)							
Helsesøster avt. årsv. i helsest.- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsv.)	30,7	29,1	25,5	18,5	25,7	25,1	24,2

Vaksenopplæring: Korrigerte brutto driftsutgifter til vaksenopplæring per innbyggjar er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Helsestasjons- og skulehelseteneste: Øygarden kommune bruker kr 15 582 per innbyggjar 0-5 år til helsestasjons- og skulehelseteneste. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Barnevernsteneste: Netto driftsutgifter til barnevernsteneste per innbyggjar 0-17 år er kr 19 232 (2023: 16 365). Dette er høgre enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Barnehage: Netto driftsutgifter til barnehage per innbyggjar 1-5 år er kr 231 743 i Øygarden kommune. Øygarden kommune drifter barnehagane sine dyrare enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Grunnskule: Netto driftsutgifter til grunnskule per innbyggjar 6-15 år er kr 121 309. Dette er høgre enn både gjennomsnittet i gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Når det gjeld spesialundervisning er det 13,4 % av elevane i grunnskulen i Øygarden som har spesialundervisning. Til samanlikning er det 8,4 % av elevane i gruppe 10 som har spesialundervisning og 8,1 % på landsbasis som har spesialundervisning. Andel elevar med spesialundervisning har auka frå 8,9 % i 2019 til 13,4 % i 2024.

SFO: Netto driftsutgifter til skulefritidstilbod per innbyggjar 6-9 år er kr 16 305. Dette er over samanliknbare kommunar i gruppe 10, men under landsgjennomsnittet. Det er ei stor auke i utgiftene frå 2023 til 2024, noko som har samband med innføring av gratis kjernetid og redusert foreldrebetaling frå familiar med låg inntekt.

Aktivitetsnøkkeltal

Nøkkeltal/indikator	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Resultat 2024
Tal kjøp av statlege beredskapsheimar og fosterheimar	7	7	7	7	7	7	9	9	9	11	11	11	11
Tal kjøp av statlege institusjonsplassar i barnevernstenesta	17	17	17	17	14	17	18	14	15	16	18	16	16

Samfunnsutvikling



Veten | Foto: Bjarne Kahrs

Beskriving av kommunalsjefområdet

Kommunalsjefsområde Samfunnsutvikling har det overordna ansvaret for å sikra ei berekraftig samfunns- og tettstadsutvikling. Området legg og føringar for arbeid med areal- og transportplanlegging, stadutvikling, klima, miljø og folkehelse. Gjennom tilrettelegging for samarbeid med innbyggjarar, frivillig sektor, lags- og organisasjonsliv vert det opna for medansvar i samfunnsutviklinga. Tenestene skal medverka til aktivitet, samskaping og livslang læring. Området har og ansvar for kulturskule, frivilligheit, kulturarv og det å støtta opp under eit variert kunst og kulturliv og ein inkluderande idrett.

Mange tenester og oppgåver har overlappande ansvar med andre einingar både innan kommunalsjefområdet og mot andre område. For å lukkast med å utvikla best moglege tenester, vil vi arbeida for å identifisera, koordinera og samordna desse oppgåvene.

Dette har vi gjennomført i 2024

Hovudmål i samfunnsdelen som er mest styrande for kommunalsjefområdet

- Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet
- Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn
- Øygarden er ein god stad å bu
- Øygarden kommune er handlekraftig og innovativ
- Øygarden er eit klima- og miljøvennleg samfunn
- Øygarden er eit kompetent, produktivt og innovativt samfunn

I det følgjande vert det gjort greie for utført arbeid og aktivitetar i kommunalsjefsområdet, for å følgja opp måla.

Næring

ØKF Øygarden Næringsutvikling vart avvikla 1.7.2024. Arbeid med næring vart så overført til kommunalsjefsområdet Samfunnsutvikling. Det blir her gjort greie for aktivitetane innan næring både før og etter avviklinga:

- Prosjekt næringsvennleg kommune vart avslutta våren 2024, og tiltak og satsingar basert på prosjektet vart sett i gong.
- Næringsssjef vart tilsett 1. oktober og eit internt næringsnettverk vart etablert. Nettverket har hatt fleire samlingar og er godt i gong med sitt arbeid.
- Kraft: Det etablert eit eige internt kraft-lag som jamleg har møte med Statnett og følgjer opp div. innan tema kraft.
- Berekraftig reisemål merkeordning: Eit nytt prosjekt i regi av VisitBergen for å fremja reiselivsdestinasjonen Øygarden, og slik også fremja reiselivsnæringa i kommunen.
- Samarbeid med Vest Næringsråd:
 - Delteke på arrangement som One Ocean Week, HavExpo, Arendalsuken og OTD i samarbeid med Vest Næringsråd for å synleggjera kommunen og næringslivet.
 - Har partnerskapsavtale med Vest Næringsråd. Den er følgd opp gjennom samarbeid om dialog med næringslivet, aktuelle saker som vedkjem næringslivet, deltaking i VNR sine ressursgrupper og deltaking på Øygardskonferansen.
- Andre samarbeidsavtalar - døme: Vest-Norges Brusselkontor, GCE Ocean Technology, VilVite, VisitBergen, Havbyen Bergen, Invest in Bergen og Etablerersenteret. Oppfølging av desse avtalane er gjort gjennom deltaking på arrangement, deltaking i prosjekt/ rapportar og deltaking i ressursgrupper hos nokre av samarbeidspartnarane.
- Kommunen er støttespelar til Ågotnes Maritime Cluster, ein ny hub gjennom Grøn Region Vestland, for bedrifter på Ågotnes, med CCB som initiativtakar. Dette i tråd med Samfunnsplanen der ein skal arbeida for grøn næringsutvikling.
- Faste møtepunkt med t.d. Equinor og Energiparken. Slik er aktørane tett på kvarandre om status, utfordringar og moglegheiter.
- Framtidssamfunnet:
 - Vart i 2024 vedtatt som innovasjonsprosjekt. Næringsssjefen har arbeidd med oppstart av prosjektet.
 - Informasjon og kommunikasjon: Vert arbeidd med av sekretariat.
 - Samfunnskraft leiarutviklingsprogram er utvikla. Gjennom anbodsrunde vart det landa leverandør for programmet, som har oppstart i 2025.
- Anna arbeid: Involvering av næringslivet i KPA-arbeidet, støttespelar til bedrifter som ser nye forretningsmoglegheiter og tettare dialog med næringslivet generelt.

Plan

- Omorganisering juni 2024: Ressursar og kompetanse som jobbar med plan- og geodata er samla i ei eining. Slik får ein tettare kopling mellom plan og geodata.
- Nytt GIS-verktøy, Arcgis: Gitt oss moglegheit til å samla, analysa og formidla kunnskap i planprosessar på nye måtar, og slik leggja til rette for ei innovativ, produktiv og kompetent planeining. Saman med eit styrka analyse og formidlingsverktøy har ulike metodar for

medverknad med lokalsamfunnet vore jobba fram og gjennomført. Her har KPA-prosessen hatt eit særskilt fokus. Det har vore god oppslutning og gode tilbakemeldingar på prosessane.

- Overordna planar er følgt opp og framdrift er i samsvar med vedteken planstrategi.
 - KPA, Straume og arbeidet med å planleggja for vidareutvikling av regionsenteret stått sentralt. Saman med planarbeid for Energiparken blir desse tre planområda trekt fram som store og viktige satsingsområde for samfunnsutviklinga i kommunen, noko som vil halda fram i 2025.
 - Medverknad og oppbygging av kunnskapsgrunnlag har vore viktig arbeid i 2024.
 - Vedtak og endeleg godkjenning av områdeplan for Bildetangen og sluttbehandling av områdeplan for Eide (ligg hos departementet for endeleg godkjenning p.t.) er to store og framtidsretta planprosessar som er blitt ferdigstilt i 2024.
- Deltaking i tverrfaglege prosessar internt i organisasjonen, der eininga har bidrege med støttefunksjon opp i mot prosessar og kunnskapsgrunnlag. Døme; Øygarden 2040 (behovsanalysane) og barnehage- og skulebruksplanen.
- Privat initierte plansaker:
 - Planaktiviteten i kommunen er framleis høg, trass i nedgangstider i byggenæringa og inngangen på privat initierte plansaker er relativt lik i 2024 som i 2023.
 - Dei seinare åra har det vore ei auke i endringar av eldre reguleringsplanar. Eininga prøver aktivt å finna handlingsrommet i plan- og bygningslova for å effektivisera og styrka samhandling i private planprosessar.
- Etablering av næringsnettverk og tettare koplingar mot VNR og næringslivet har vore viktig for eininga, for å utveksla og drøfta utfordringsbilete. Vidareutvikling av prosessar vil vera viktig fokusområde i 2025.
- Vestprosess har vore eit sentralt innsatsområde i 2024. Det har kravd store ressursar (arbeidstid), men er viktig for å avklara premiss for samfunnsutvikling og næringsutvikling, og er avgjerande for å kunna koma til ei planavklaring av situasjonen nord i kommunen.

Arealforvaltning

- Omorganisering 01.06.2024: Oppmåling vart flytta frå eining for plan og analyse til eining for byggesak, tilsyn og miljøforvaltning, som då fekk då nytt namn Eining for Arealforvaltning. Fleire forvaltningsoppgåver er no samla i ei eining. Slik kan ressursane nyttast meir effektivt.
- Prosjekt «utvikling byggesak» vart avslutta 1. mai 2024 ved at prosjektleiar gjekk over i stilling som avdelingsleiar på byggesak, og har implementert metodane frå prosjektet i dagleg drift.
- Eininga arbeider kontinuerleg med forbetring, og har framleis eit særskilt fokus på tilgjengelegheit og kommunikasjon. Samarbeidet med service- og innbyggartorget er vidareført for å kunna gje innbyggjarane eit best mogleg tilbod.
- Byggesaker og gebyr:
 - Det er motteke 515 byggesaker/ delesaker, inkludert reine dispensasjonssaker i 2024, som er ein nedgang frå 670 saker i 2023. Det har også vore nedgang på oppmålingssaker.
 - Det er fatta omtrent like mange vedtak i byggesak i 2024 som året før. Sakene er likevel mindre i omfang slik at det er nedgang i gebyrinntekter samanlikna med 2023.
 - Nedgang i byggesaker som fører til nedgang i gebyrinntekter, har gitt eit stort underskot for 2024 på sjølvkostområda. For å tilpassa sjølvkostgraden er det redusert med fleire årsverk.

- Det har vore fokus på å redusera gebyrtap i saker over frist; 21 saker med gebyrtap frå jan-april og 6 saker frå mai til desember, totalt 21 saker med gebyrtap i 2024.
- Klager:
 - Mottok 129 klager og behandla 135 klager i 2024. På andre område som landbruk og oppmåling vart det motteke 40 klager, 38 av desse vart behandla.
 - Hatt fokus på saksbehandlingstid på klagesaker, og har lukkast med å halda lovfristen på 8 veker for saker som ikkje skal behandlast politisk.
- Tilsyn: Gjennomført 20 tilsyn, der fleire av desse omhandla tunge saker som har vore ressurskrevjande for kommunen.
- Ulovlege tiltak:
 - Registrert ca. 550 saker om ulovlege tiltak. Ved inngangen av året var dette talet ca. 700. Fleirtalet er eldre meldingar som er motteke før kommunesamanslåinga i 2020.
 - I 2024 er det gjennomført lovbrotsoppfølging av 145 saker og ved utgangen av 2024 hadde vi 111 pågåande saker.

Kultur

Strategisk plan for kultur, idrett og frivillighet 2023-2027 har vore det styrande dokumentet for drifta i 2024.

- Høg aktivitet i dei kommunale fritidsklubbane på Ågotnes, Rong og Straume. I tillegg til vanlege klubbkveldar vart det arrangert kinotur, bowling og andre kjekke aktivitetar.
- Spelklubben på biblioteket har i løpet av 2024 bygd seg opp med ei stabil ungdomsgruppe, og har slik nådd målet om å gjera biblioteket betre kjend blant ungdom.
- Innbyggartorg og bibliotek hadde 155 536 fysiske besøk i lokala til biblioteket på Straume, Rong og Skogsskiftet i 2024.
- BUA utstyrssentral på Frihuset hadde rekordstort utlån i 2024.
- Den kulturelle skulesekken i Øygarden sendte ut ei rekke turnear til skulane i 2024. Øygarden kommune er ein *Syngjande kommune*. Difor har også DKS hatt stort fokus på song i 2024, og satsinga held fram i 2025. I førjulstida fekk om lag 1 400 elevar på småtrinnet oppleve *Teskjekjerringas jul* på skulen sin.
- Kommunen har i samarbeid med lokale aktørar tilbydd ulike aktivitetar for barn og unge i skuleferiane. Dei fleste aktivitetane hadde låg deltakaravgift, og alle hadde gratis plassar for sårbare barn og unge.
- I 2024 vart det delt ut om lag 800 aktivitetskort til barn og unge som står i fare for å hamna i utanforskap. Gjennom ordninga med Fritidskassen fekk lag og organisasjonar i kommunen, dekkja utgifter for barn i låginntektsfamiljar.
- I februar-24 gjekk det årlege fellesarrangementet UKM til Øygarden og Askøy av stabelen. Mange flinke ungdommar viste fram sine talent innan musikk, teater, kunst m.m. Totalt 17 ungdommar frå Øygarden vart plukka ut til å representera kommunen i fylkesfestivalen i april. Av desse gjekk eit av innslaga vidare heilt til landsfestivalen.
- Det er starta opp nye fag/ prosjekt/ aktivitetar i kulturskulen som resultat av ekstra tildelte utviklingsmidlar; demenskorset, desentralisert undervisning med musikkproduksjon på Frihuset, KunstLab på Frihuset, Kunstkarusell på Foldnes, Spildepollen og Knappskog, kor i SFO på Tjeldstø.
- I samarbeid med fylkeskommunen er det førebudd formidlingsarbeid på jernaldergarden Høybøen og kringliggande kulturminne.
- Bookingportalen Aktiv kommune blir stadig oppdatert og fornya. Det har vore ca. 10 000 utlån gjennom denne portalen i 2024.

- Treff+ er eit samarbeid mellom privat-, frivillig- og kommune som skapar opne møteplassar og kulturtilbod for seniorar som Allsong+ som feira 10 års jubileum i 2024.
- Ny kultursjef vart tilsett 1.10.2024

Eigedomsutvikling

- Eigedomsstrategi: Første versjon av strategien er utarbeida og godkjent politisk. Eigedomsstrategien gir politiske føringar som administrasjonen kan nytta.
- Verdibevaring: Første fase av analysearbeid vedk. kunnskap om kostnader med verdibevaring er gjennomført (40 års analyser). Desse analysane har gitt kunnskap om kostnadsbehovet for å utarbeida Øygarden 2040. Parallelt er det starta arbeid med tilstandskartlegging, som skal gi meir nøyaktig kunnskap om behov (1, 5 og 10 års analyser). Begge desse metodane gir kommunen kunnskap om kva som bør prioriterast først for å oppretthalda verdibevaring.
- Klima og energi: Tilført eit nytt årsverk for arbeid med området etter omorganiseringa i Samfunnsutvikling. Forarbeid for å få utarbeida strategiplan for klima og energi er påbegynt. Det vert jobba kontinuerleg med å følgja opp miljøløftsatsingar.
- Arbeid med Skogsskiftet, Grønamyrsvegen mfl. har pågått i 2024. I tillegg blir kontakt mot Sotrasambandet ivareteke av eininga.
- I slutten av 2024 vart det gjennomført ein mindre organisasjonsjustering. I 2025 er planen å samla alle eigedomsforhold under same ansvarsområde.

Utbygging

- Har starta arbeidet med å utarbeida rutinar for nokre område, til framtidig kvalitetssystem. Dette skal sikra lik praksis og redusera risiko ved gjennomføring av prosjekt. Det er starta arbeid med implementering av prosjektoppfølgingsystem.
- Økonomistyring av investeringar er viktig. Ved innføring av statens gjennomføringsmodellar og styring, vil dette samla sett redusera risiko.
- I 2024 vart Porsvika reiskapslager og modulbygg på Fjell ungdomsskole slutført. Forarbeid med Fjell ungdomsskule, oppstart av Grønamyrsvegen mfl. er starta.

Eigedomsforvaltning

- Omorganisering: Vart gjennomført i 2023, har no sett seg og fungerer godt. Eininga har oppnådd budsjettkontroll, og arbeidet med å identifisera vedlikehaldsetterslep på kommunale bygg har kome langt. Dette har resultert i ei meir oversiktleg drift og betre økonomistyring. Effekten av omorganiseringa har òg ført til eit nedtrekk av nærare fem årsverk i 2025, frå 52,1 til 47,65 årsverk.
- Byggvedlikehald: Fleire bygg har vorte oppgraderte, med særleg merksemd på uteområde ved skulane, som har fått eit vesentleg løft. Gjennom kartlegging og budsjettarbeid for 2025 er det sett av betydeleg meir midlar til oppgradering av bygga. Samstundes er det etablert ein opptrappingsplan for byggvedlikehald i økonomiplanperioden.
- Vegforvaltninga: Det er etablert ein hovudplan for drift og vedlikehald av det kommunale vegnettet. I både sommar- og vinterdrift er det implementert forvaltningssystem som legg til rette for meir effektiv styring av drift og vedlikehald. Spesielt vinterdrifta har fått eit betydeleg løft ved at brøyterodene er lagt inn i eit forvaltningssystem, som forenkler både uttrykking og kostnadskontroll. I 2025 skal arbeidet med å optimalisera og fullføra implementeringa av desse systema for å sikra ei endå meir effektiv drift, halda fram.

- Bruk av kommunale bygg: Vore særleg fokus på optimaliseringstiltak knytt kontorarbeidsplassar. Dette har ført til auka bruk av rådhuset, frigjerung av kontorfasilitetar i Bildøybakken og utleige av store delar av kommunedelsenteret på Rong. For kommunedelsenteret i Skogsskiftet er potensialet for betre utnytting framleis stort.
- Arbeidet med ny trafikksikringsplan er godt i gang og vert ferdigstilt i 2025.

Reinhald

- Primæroppgåve: Levera tilfredsstillande reinhald til dei 110 reinhaldslokasjonane i kommunen. Dette krev m.a. god opplæring, gode reinhaldsmetodar, gode maskinar og riktig bruk av kjemi.
- Vert jobba kontinuerleg med å effektivisera reinhaldet, m.a. gjennom strammare reinhaldsplanar (dvs. lågare reinhaldsfrekvens og kortare tid per rom), samstundes som reinhaldet skal ligga på eit forsvarleg nivå.
- Er eit fysisk tungt yrke, og sjukefråværet har difor vore høgt også i 2024. Det vert jobba kontinuerleg med redusera sjukefråværet m.a. gjennom tett samarbeid med NAV, NAV Arbeidslivssenter og eiga HR-avdeling. Forhåpentlegvis vil ny robotteknologi som er under utprøving, bidra til å få sjukefråværet ned.

Dette skal vi arbeida med i 2025

- Arbeidet med arealeffektivisering vil halda fram med særleg fokus på leigde areal. I 2026 går fleire leigekontraktar ut, og det er viktig å planlegga alternative løysingar for desse tenestene, primært i eigde bygg for å få ned arealmassen.
- Evaluering - utvikling av transporttenesta.
- Vurdering av konkurranseutsetting av tenester innanfor eigedomsområdet.
- Fullføra tilstandskartlegging fase 1 for alle bygg (40 års analyse).
- Starta arbeidet med å laga grunnlaget for ein ny vegnorm for kommunen. Inkludert kartlegging av forpliktingar kommunen allereie har.
- Første fase med overføring av bilpark frå å leiga til å eiga blir gjennomført.
- Kartlegga alle eige/l eigeforhold til kommunen, i høve potensiale for arealeffektivisering, inkludert vurderingar av framtidig Rådhusfunksjonar.
- Levera sak om konkurranseutsetjing av område innafor eigedom
- Slutføra arbeidet med trafikksikringsplan (TS-plan)
- Vidareføra arbeid med implementering av vaskerobotar for å effektivisera reinhald, og fortsettja arbeidet med nye, meir effektive reinhaldsplanar for alle kommunale bygg.
- Slutføra og sikra Øygarden kommune sine forpliktingar om sambruk i ny vidaregåande skule på Stovevatnet
- Kultur: Forenkla og systematisera dialogen med frivilligheita. Kulturmiljøplan. Friluftslivets år 2025. Friluftslivets ferdselsårer. Nyskapande aktivitetssanlegg. Behovsanalyse for kultur, idrett og fysisk aktivitet. Utvida kulturskuletilbod. Evaluering av Veteranplan. TV-aksjonen, Havsportveke. Frivilligforum og frivilligdagar. Tilskot til lag og organisasjonar, spelemidlar, stipend.
- Framtidssamfunnet: Vidareføra og arbeida med å få inn/ starta opp innovative og nyskapande prosjekt som er med å løysa samfunnsutfordringar.
- Næring: Etablere faste møtepunkt for næringslivet, til dømes med "Nyttårsmøte" og med aktuelle aktørar. Vidareføra og utvikla samarbeidet internt gjennom næringsnettverket. Tett samarbeid med avtalepartnarar. Berekraftig reisemål prosjekt oppfølging, og i dette arbeida

med og for reiselivsnæringa og anna småskala næring. Arbeida vidare for og med hubb`ane, og sjå moglegheitene på tvers av fleire næringar i samråd med næringslivet. Arbeida for gode rammevilkår og føresetnader for grøn og berekraftig næringsutvikling. Delta og synleggjera Øygarden i ulike fora og på arrangement.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Ansvar	Rekneskap 2023	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr	Avvik i %	
5000-Kommunalsjef kultur og samfunn	4 395	5 582	5 084	498	8,9 %	✓
5010-Eigedomsutvikling	6 114	7 954	5 247	2 706	34,0 %	✓
5020-Utbygging	0	0	56	-56	0,0 %	!
5110-Kultur	43 081	44 285	40 781	3 504	7,9 %	✓
5210-Plan	18 014	17 088	16 849	240	1,4 %	✓
5310-Arealforvaltning	7 534	5 373	10 066	-4 693	-87,3 %	!
5410-Byggforvaltning	156 002	168 527	156 285	12 241	7,3 %	✓
5411-Vegforvaltning	36 674	20 781	27 550	-6 770	-32,6 %	!
5510-Reinhald	75 247	76 211	74 495	1 716	2,3 %	✓
Sum	347 061	345 800	336 414	9 386	2,7 %	✓

Kommentar til status økonomi

Samfunnsutvikling hadde eit mindreforbruk på 9,4 mill i 2024. Mindreforbruket skuldast i all hovudsak vakante stillingar og mindreforbruk på lønskostnader. Det har vore halde igjen på vedlikehald for å dempa meirforbruket i kommunen i 2024.

Økonomistatus per konto

Beløp i 1000

	Rekneskap 2023	Opph. bud. 2024	Rev. bud. 2024	Rekneskap 2024	Avvik i kr
Løn	206 787	211 242	222 123	208 965	13 158
Refusjon løn	-10 229	-4 213	-4 213	-10 684	6 471
Sum Løn	196 558	207 029	217 910	198 281	19 629
Kjøp av varer og tenester	204 902	186 519	200 012	211 496	-11 484
Overføringer	67 320	34 774	56 370	58 575	-2 205
Finansutgifter	4 634	0	3 749	3 762	-13
Sum Utgifter	276 856	221 293	260 130	273 832	-13 702
Salsinntekter	-63 192	-66 907	-67 496	-67 056	-439
Refusjonar	-57 865	-28 646	-58 532	-62 208	3 677
Overføringsinntekter	-1 127	-60	0	30	-30
Finansinntekter	-4 169	0	-6 213	-6 464	251
Sum Inntekter	-126 353	-95 613	-132 240	-135 699	3 459
Netto resultat	347 061	332 709	345 800	336 414	9 386

KOSTRA Nøkkeltal

	Øygarden 2023	Øygarden 2024	Alver	Askøy	Bjørnafjorden	Kostragruppe 10	Landet uten Oslo
Prioritet							
Brutto driftsutgifter til funksjon 121, Forvaltningsutgifter i eiendomsforvaltningen, i kr. pr. i (B)	402	452	562	602	238	399	482
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (265) Kommunalt disponerte boliger (B)	1 067	1 383	1 025	1 100	1 096	1 448	1 894
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (301) Plansaksbehandling (B)	500	545	456	476	413	357	409
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger (329) Landbruksforvaltning og landbruksbasert næringsutvikling (B)	52	81	182	62	298	107	147
Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbygger i kroner (B)	2 386	2 221	2 451	1 535	2 279	2 985	3 141
Netto driftsutgifter per innbygger (375) muséer (B)	118	73	37	61	0	57	94
Netto driftsutgifter per innbygger (380) idrett og tilskudd til andres idrettsanlegg (B)	124	30	152	-56	523	247	277
Netto driftsutgifter per innbygger (381) kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg (B)	973	944	524	353	259	881	833
Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per innbygger 6-15 år (B)	2 079	2 343	3 276	1 983	2 250	2 755	3 249
Produktivitet							
Behandlede byggesøknader i alt (antall)	518	520	235	267	289	5 241	62 833
Brutto driftsutgifter i kr pr. km kommunal vei og gate (B)	403 601	354 084	153 753	279 435	209 040	255 496	228 518
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskoler, per bruker	30 601	30 815	24 169	33 874	20 802	26 087	26 766
Kvalitet							
Antall utstedte parkeringstillatelser for forflytningshemmede pr. 10 000 innb	204	202	148	114	60	125	108
Kommunens gjennomsnittlige saksbehandlingstid for byggesøknader med 12 ukers frist (dager)	89	72	48	80		45	41
Økonomi							
Korrigerte brutto driftsutgifter per innbygger, Plan, kulturminner, natur og nærmiljø	1 524	1 545	1 614	1 474	1 617	1 531	1 736

Plansaksbehandling: Korrigerte brutto driftsutgifter til plansaksbehandling per innbyggjar er kr 545 for Øygarden kommune, noko som er meir enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Kultur: Netto driftsutgifter for kultursektoren per innbyggjar er kr 2 221 for Øygarden kommune. Dette er lågare enn både gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til muser per innbyggjar er kr 73 som er høgre enn gjennomsnittet i gruppe 10, men under landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg per innbyggjar er kr 944 som er høgre enn gruppe 10 og landsgjennomsnittet. Netto driftsutgifter til kommunale musikk- og kulturskular per innbyggjar 6-15 år er kr 2 343 som er lågare enn i gruppe 10 og landsgjennomsnittet.

Eigedom: Brutto driftsutgifter per km kommunal veg og gate er betydeleg høgre enn både landsgjennomsnittet og gruppe 10.

Aktivitetsnøkkeltal

Nøkkeltal/indikator	Jan	Feb	Mar	Apr	Mai	Jun	Jul	Aug	Sep	Okt	Nov	Des	Resultat 2024
Byggesaker: Byggesak med gebyrtap	3	3	2	5	0	0	1	0	1	1	1	2	2
Byggesaker: Byggesaker ut i perioden	85	84	37	86	40	77	38	43	46	48	77	35	35
Byggesaker: Restanse klagesaker	23	20	18	14	16	16	32	26	15	15	18	20	20
Byggesaker: Restanse lovbrotsaker	620	592	577	587	589	594	605	609	567	568	566	522	522
Byggesaker: Saker inn i perioden	40	45	43	63	40	40	32	44	44	54	36	37	37